

Kampen for naturen

Ein antropologisk studie av naturvernarar på Island og deira
motstand mot industri



Masteroppgåve ved sosialantropologisk institutt

UNIVERSITETET I OSLO

Marit Røneid

Mai 2008



Forord

Denne masteroppgåva hadde aldri blitt til utan god hjelp frå velvillige, snille og flotte menneske.

Først og fremst vil eg takke alle som gjorde mitt opphald på Island minneverdig, og som hjelpte meg å få den informasjonen eg trengte for å gjennomføre feltarbeidet.

Ein stor takk til min rettleiar Gro B. Ween som gav meg trua tilbake på meg sjølv i mange oppgitte stunder og ikkje minst, gjennom sin fagkompetanse, gav meg gode råd og strukturerte mine tidvis rotete tankar. Ein spesiell takk også til Maren Bråthen for god korrekturlesing.

Til slutt vil eg takke alle mine kjære som har haldt ut med meg i denne stressande tida. De har bidrege til at eg kjem til å hugse tilbake på tida med positive forteikn, og det er eg uendeleg takksam for. Ein spesiell takk til mor og far, Martha V. Røneid og Trygve J. Røneid, for at dei alltid har stilt opp og elles er dei flotte foreldra dei er.

Samandrag

Denne mastergradsoppgåva diskuterer motstanden utbygging av industri og kraftverk har fått på Island. Fokuset ligg på korleis naturvernarar gjennom ulike praksisar konstituerar Islands natur, og kommuniserar deira verdsoppfatningar.

På 1990- talet starta den islandske regjeringa og det statseige energiselskapet Landsvirkjun planane om å byggje ein aluminiumsfabrikk i Reyðarfjörður; ei lita bygd på Island. Aluminiumsfabrikken skulle bli drive av det amerikanske aluminiumsselskapet Alcoa og energien skulle ein hente frå isbreelevane i det store høglandsområdet Kárahnjúkar. Dette skapte ein stor kontrovers i landet, og engasjerte eit nettverk av aktørar som gjennom ulike praksisar freista mobilisere befolkninga. Kárahnjúkarvirkjun blei likevel bygd og starta opp i september 2007. Regjeringa hadde derimot fleire planar om utbygging av industri, og debatten rundt den spesifikke saka hadde også starta ein fokus på å stogge dei vidare planane.

Med bakgrunn i dette fokuserar denne oppgåva på korleis naturvernarane gjennom narrativar viste til korleis ulike aktørar blei med i debatten og korleis saka blei materialisert i ulike praksisar. Den fokuserer så på ulike mobiliseringspraksisar blant naturvernarane, og korleis desse praksisane verka konstituerande på naturvernarane sitt natursyn. Desse ulike praksisane, blir det argumentert for, viste til at miljøaktivistane skifta mellom å bruke ulike kunnskapssystem retorisk og hadde dels konkurrerande representasjonane av natur.

Innhald

| | |
|---|------------|
| KAMPEN FOR NATUREN | I |
| FORORD | III |
| SAMANDRAG | V |
| INNHALD | VII |
| 1. INNLEIING OG METODISKE INNFALLSVINKLAR..... | 1 |
| HISTORISK BAKGRUNN | 1 |
| <i>Kárahnjúkarvirkjun</i> | 4 |
| TEORETISKE INNFALLSVINKLAR | 5 |
| <i>Diskurs</i> | 6 |
| <i>Narrativar</i> | 7 |
| <i>Vitskapsnarrativar</i> | 8 |
| <i>Visuelle representasjonar</i> | 9 |
| <i>Demonstrasjonar</i> | 10 |
| <i>Kontekst; naturdiskursar</i> | 10 |
| METODE | 13 |
| <i>Informantar</i> | 14 |
| <i>Første møte med naturvernarane</i> | 15 |
| <i>Metodisk innfallsvinkel</i> | 17 |
| <i>Aktør-nettverk</i> | 20 |
| <i>Posisjonert kunnskap</i> | 21 |
| <i>Språk</i> | 23 |
| <i>Etiske implikasjonar</i> | 23 |

| | |
|---|-----------|
| 2. UTVIKLINGA AV MOTSTANDSFELTET | 24 |
| <i>Tidenes største politiske sak på Island</i> | 24 |
| NARRATIVAR OM UTVIKLINGA FRÅ 1950- TIL 90 TALET | 25 |
| NARRATIVAR OM UTVIKLINGA FRÅ 1995 | 29 |
| <i>Industri og kraftverk blir til</i> | 30 |
| <i>Kárahnjúkar</i> | 34 |
| <i>Saving Iceland</i> | 37 |
| <i>Draumalandið</i> | 40 |
| <i>Protestar i 2006</i> | 41 |
| <i>Framtíðarlandið</i> | 41 |
| <i>Andre grupper</i> | 42 |
| <i>Regjeringsstrategiar</i> | 42 |
| <i>Vidare industriplanar</i> | 43 |
| <i>Stortingsvalet 2007</i> | 44 |
| <i>Produksjonen av motstandsfeltet</i> | 45 |
| 3. "OG DET ER DET ME GJER; REDDAR ISLAND!" | 48 |
| <i>"Me kan gjere det saman!"</i> | 49 |
| <i>Konferanse</i> | 50 |
| <i>Opplysning</i> | 51 |
| <i>Media</i> | 54 |
| <i>Alternative kommunikative verkty</i> | 56 |
| <i>Demonstrasjon på Kringlan</i> | 57 |
| <i>Representasjonar av fienden</i> | 59 |
| <i>"Djevelen"</i> | 61 |

| | |
|---|------------|
| <i>Konstituering av eigen identitet</i> | 62 |
| 4. NATUREN; EIN GLOBAL ARV? | 66 |
| <i>Vitskapsnarrativar</i> | 66 |
| <i>Global arv</i> | 70 |
| <i>Kritikk til naturvernarane</i> | 71 |
| <i>Utbygging av bygda</i> | 72 |
| <i>Alternative motstandsgrupper</i> | 74 |
| <i>Sól á Suðurlandi</i> | 75 |
| <i>Bonden; den ekte islendaren</i> | 78 |
| 5. "BEAUTY IS THE ENEMY OF DEVELOPMENT" | 82 |
| <i>"Island er den siste skanse av sann villmark att i Vest-Europa"</i> | 82 |
| <i>"Gå ut, ta bilete og lær deg alle stadnamna, forstå plassane, og følg med på det som skjer!"</i> | 84 |
| <i>Fotografi og film som representasjonar og retorikk</i> | 85 |
| <i>Villmarka</i> | 86 |
| <i>Den vakre "naturlege" naturen</i> | 88 |
| <i>Å "ta inn" naturen</i> | 91 |
| <i>Naturen som meir "ekte"</i> | 93 |
| <i>Ambivalente oppfatningar</i> | 95 |
| 6. AVSLUTNING | 97 |
| LITTERATURLISTE | 101 |
| ANDRE KJELDER | 108 |

1. Innleiing og metodiske innfallsvinklar

I denne mastergradsoppgåva vil eg diskutere motstanden utbygging av industri og kraftverk har fått på Island. Fokuset ligg på Islands natur, slik den blir konstituert av naturvernarane gjennom ulike praksisar, og verkemiddel dei brukte for å kommunisere deira verdsoppfatningar. Her vil eg vise til retoriske grep og ulike strategiar dei nytta, og med dette sjå på:

1. naturvernarane sine narrativar rundt regjeringa si utbygging av industri; korleis ei bestemt sak, og enkelte aktørar sine handlingar i tilknytning til denne, mobiliserte og førte til eit aukande naturvernensengasjement og ei politisk rørsle mot tungindustri på Island.
2. korleis naturvernaranes gjennom ulike praksisar konseptualiserar dei som ynskjer byggje ut industri og korleis dette verka konstituerande for eigen identitet og natursyn
3. forbindelsen gjort til vitskap/globala miljøspørsmål, og korleis dette verka saman med tilknytningar til "dei lokale" bøndene, som ein type "ekte" og "edel" islendar.
4. representasjonar av naturen; korleis den vakre og naturlege naturen blei brukt for å mobilisere og natursynet dette konstituerte.

Historisk bakgrunn

Urbanisering og modernisering kom seint til Island i forhold til dei andre nordiske landa. Sjølv om det også føregjekk handel i landet før 1800 talet var det på denne tida i hovudsak basert på subsistensøkonomi (Pálsson, 2004; Kalland, 2005). Gardsbruk og jordbruk var sentralt med fiske som attåtning (Pálsson, 2004), og fordi øya lenge var svært isolert skjedde det difor lite endringar i dette. På slutten av 1800 talet byrja derimot økonomien å bli prega av moderne kapitalistiske entreprisar (Hastrup, 1998) og det vaks fram fiskelandsbyar. Tidleg på 1900 talet var difor fiskarar og båteigarar viktigast i produksjonen og økonomien (Pálsson, 2004), og kampen for

sjølvstende på denne tida hadde også fått islandske nasjonalistar til å oppfordre jordbrukarar om å nytte seg av ny teknologi og kunnskap for å auke produksjonen (Pálsson, 1991). På 1900 talet gjorde denne nye teknologien det lettare å utnytte ressursane landet hadde, og fiske blei med dette ikkje berre produsert for subsistens, men også for eksport (Pálsson, 1991). No starta utviklinga av økonomien i landet, men den nasjonale økonomien, basert på jordbruk og fiske, var likevel svært sårbar (Miljøverndepartementet, 2002; Hastrup, 1998). Fiske er ein spesielt sårbar ressurs grunna store svingingar i prisar og fangs, og landet hadde mangel på andre ressursar (Pálsson, 1991; Hastrup, 1998).

Tidleg på 1900 talet var difor Island framleis eitt av Europa sine fattigaste land og langt etter den industrielle utviklinga slik den hadde fått uttrykk i dei andre europeiske landa. Árnason (2005) hevdar at industrialiseringa av Island starta så seint som på byrjinga av 1900 talet og at det difor var vesentlege endringar i industri frå denne perioden og til 1. Verdskrig. På denne tida byrja dessutan tankar om å utnytte energien i dei mange isbreelvane å gjere seg gjeldande som ein løysing til landet sine problem (ibid.).

Denne seine industrialiseringa av landet har ført til at store delar av islandsk natur framleis står unytta av menneske. Island er faktisk det landet i Vest-Europa som har størst mengde ubrukne naturressursar og såleis eit stort potensiale for å drive industri. Landarealet er prega av lite vegetasjon der heile 75-80 prosent av det samla arealet på 103,000 kvadratkilometer er rekna vere uegna for å bu, og då særskilt det sentrale høglandet som dekkar rundt halvparten av landarealet (Miljøvernsdepartementet, 2006a, Árnason, 2005). Isbrear okkuperar vidare rundt 11 prosent av arealet og landet har difor god tilgang på vassenergi i form av isbreelvar og enorme fossefall (Miljøvernsdepartementet, 2006a). I tillegg ligg Island på grensa mellom den eurasiske og nordamerikanske jordplata og er difor unikt geologisk (Lacy, 1998). Det geologisk unge landet består i stor grad av vulkanske steinar og lava og den ustabile jordgrunnen der dei to platene møtes er prega av jordskjelv, vulkanutbrot og varme kjelder (Árnason, 2005). Jordvarmen har lenge blitt brukt effektivt til dømes som

oppvarming til husstandar og basseng, men det ligg likevel eit enormt unytta potensiale til energi her.

Grunna desse ressursane har det sidan 1950- talet vore satsa på å nytte energien effektivt og då særleg i samband med tungindustri. Regjeringa, og spesielt det nasjonale kraftselskapet Landsvirkjun, har med dette knytt seg til utanlandske selskap gjennom å til dømes tilby miljøvennlege energikjelder. I 1966 byrja så utnyttinga av energi for energiintensiv industri da det blei avtalt å byggje eit aluminiumsverk i landet (Miljøverndepartementet, 2006a).

Sidan 1995 har det vore spesielt stor industriell ekspansjon i landet med særleg satsing på aluminium og ferrosilisiumsverk. Av regjeringa har dette hevda vere eit forsøk på å sikre den vidare økonomiske progresjonen og dessutan motkjempe den stadig vaksande urbaniseringa ved å skape arbeidsplassar på bygda. Det blir også argumentert for at landet sin enorme tilgang på vassenergi og geotermisk energi kan tilføre industrien reinare energi enn det hadde vore mogleg i andre land. Island har det største elektrisitetsbruket pr capita, men fordi dei har så store geotermiske og hydroelektriske energikjelder, er Co₂ utsleppet lågast i Vesten. Faktisk var Island ein av dei få landa i verda som fekk løyve til å heve Co₂ utsleppet etter Kyoto avtalen i 1997. Denne avtalen har ført til at landet har lov å sleppe ut inntil 10 prosent meir drivhusgassar i perioden 2008-2012 enn i 1990, og slik har Island høve til å byggje ut industrien og framleis halde seg innanfor desse retningslinjene (Miljøverndepartementet, 2006a).

Fram til i dag, 2008, har utviklinga av økonomien på Island blitt gjennomført med stort hell og Island, med sine rundt 300 000 innbyggjarar, er no ein av dei rikaste nasjonane i verda (Árnason, 2005). Slik er Island også blitt ein del av verdsøkonomien som mellom anna reflekterar globale saker i forhold til inflasjon, sosiale endringar, og industriell forureining (Hastrup, 1998). Utbygging av industri er framleis ein sentral interesse for landet, men dette har også ført til at ei stadig vaksande folkemengde ynskjer ta vare på naturen i landet framfor å utvikle industrien (Árnason, 2005). Dette gjeld særleg dei siste 10 åra og spesielt på grunn av den store

kontroversen som fylgde planane om eit spesifikt kraftverk bygd i det austlege høglandet; Kárahnjúkarvirkjun.

Kárahnjúkarvirkjun

På slutten av 1990 talet byrja planlegginga av å utvinne aluminium i Reyðarfjörður, ei lita bygd aust på Island. Aluminiumsfabrikken, drive av det amerikanske selskapet Alcoa, skulle få straum frå eit kraftverk bygd i det store høglandsområdet Kárahnjúkar. Saken om Kárahnjúkarvirkjun prova bli kontroversiell på Island og den røska opp i kjensler og idear om korleis retning landet skulle ta. Motstanden til smelteverket vaks og fleire hevda at dei transnasjonale kompania, med aluminiumsselskapa i spissen, byrja eit program som ville endre landet frå ein stad med vakker natur til eit tung industrielt og forureina området.

Kárahnjúkarvirkjun blei, trass den vaksande opposisjonen, bygd, og aluminiumsfabrikken Fjarðal i Reyðarfjörður starta i april 2007. Saken hadde likevel starta ein fokus på naturvern og motstand til industri som også hadde rukke organisert seg. Kárahnjúkarvirkjun var ikkje dei einaste planane om industri regjeringa hadde, og kontroversen rundt den spesifikke saken hadde ført til at dei vidare planane om industri blei kraftig kritisert frå fleire hald. Organisasjonar hadde blitt oppretta i denne samanheng, organisasjonar som INCA (Iceland Nature Conservation Association), den internasjonale Saving Iceland, Framtíðarlandið, men også regionalt orienterte motstandsgrupper. Det var også blitt skriva fleire bøker om temaet der Andri Snær Magnasson sin *Draumalandið - sjálfshjálparbók handa hræddri þjóð (Draumelandet – ei sjølvhjelpsbok for ein redd nasjon)* frå 2006 blei rekna som den viktigaste. I tillegg hadde det blitt laga fleire dokumentarfilmur og dessutan gitt ut fotografibøker frå områda. Det hadde dessutan, i 1999, blitt oppretta eit nytt venstreradikalt politisk parti, Vinstrihreyfingin –grænt framboð (Venstrerørsla - Dei Grøne), som tok klare standpunkt mot industrialisering. Engasjementet gav seg såleis på ingen måtar etter at Kárahnjúkar saka blei tapt, men har hald fram og i ettertid

orientert seg mot planlegginga av industri- og elektrisitetsutbygging andre stadar i landet.

Teoretiske innfallsvinklar

Det har dei siste åra vore ein vaksande orientering rundt natur/landskap i sosial antropologi og argumentasjonane rundt dette er i stadig endring. Faget har sett på andre fagtradisjonar for å hente innsikt, der særleg geografi har bidrege med viktige innspel. Mellom anna har Tilley (1994) og Ingold (2000) sine teoriar rundt landskap/stad/rom hatt store følger for faget, der skiljet mellom natur og menneske har blitt problematisert gjennom eit fenomenologisk perspektiv der menneske handlar i naturen. På den andre sida har tilnærmingar der ein analyserar diskursar, blant anna brukt av Arne Kalland (2001), vore hyppig brukt innan miljøantropologi.

Denne oppgåva vil fokusere på diskursane rundt naturvern på Island og korleis dette viser tilbake på aktørane sine konseptualiseringar av natur. Her vil eg fokusere på ulike praksisar som konstituerer natur, ikkje berre fenomenologiske, men også andre måtar å ”gjere natur” (doing nature). Gjennom å knytte meg opp til aktør-nettverk vil eg også leggje ein materialitet til grunn ved å sjå på narrativar, demonstrasjonar, vitskaplege dokument, fotografi og korleis desse konstituerar natur/stad.

Med utgangspunkt i forståingane på dei ulike sidene av konflikten, vist gjennom naturvernennarrativane, og dei ulike måtane aktivistane ”gjorde natur”, vil eg drøfte korleis ei enkelt sak, omhandlande utbygginga av eit spesifikt aluminiumsverk, førte til ein gryande motstand og kontrovers som fekk følger også etter bestemmingane i den spesifikke saka var gjort (jf. Asdal, 2004). Dette inkluderar ei vaksande naturvernstrømsle i landet og også større merksemd av utanlandske naturvernaktivistar. Med dette vil eg vise korleis naturen blei brukt og gitt verdi av dei ulike aktørane i debatten (jf. Rønnow, 2001, Davidson, 2007), med spesielt fokus på korleis dei ulike naturvernaktivistane sine narrativar og mobiliseringspraksisar

presenterte synspunkta deira, og viste tilbake til deira oppfatningar og konstituerte natursyn.

Diskurs

Neumann (2001:18, omsetninga mi¹) definerar diskurs som ”... eit system for frambringinga av eit sett utsegn og praksisar som, ved å innskrive seg i institusjonar og framstå som meir eller mindre normale, konstituerar røynda for sine berarar og har ein viss grad av regularitet i et sett sosiale relasjonar”. Han stør seg her på Foucault der han ser på diskurs som eit sett praksisar som gjer det mogleg å bringe fram og vedlikehalde ei pakke med utsegn. Når ein avgrensar ein diskurs, seier Neumann (2001), tek ein utgangspunkt i korleis aktørane sjølv tenker om kva samanheng utsegna inngår i. Alt dette til saman er diskurs og kjenner me til desse aspekta kan me forstå politiske handlingar og analysere det sosiale og politiske (Neumann, 2001). Milton (1993) argumenterar for at diskurs er eit kommunikasjonsfelt definert av subjektet eller typen språkbruk der den både er substansen; kommunikasjonen, og prosessen der forståingane våre blir forma gjennom denne kommunikasjonen.

Med grunnlag i desse definisjonane av diskurs vil eg, gjennom å sjå på korleis dei ulike aktørane kommuniserar om natur og uttrykker ansvaret for miljøet i kommunikasjonen, finne ut noko om korleis informantane konstituerer naturen. Eg vil gjennom dette sjå på korleis natursyn kjem fram, korleis det blir oppretthaldt og korleis dei blei utfordra av andre syn.

Det grunnleggande analyseeinskapen når ein ser på diskurs er utsegn (Neumann, 2001). Ofte er eit utsegn ein del av ei større meiningspakke, der ein type posisjonering ligg under for ei pakke med meiningar. I diskursanalyse legg ein til grunn ein ide om at røynda er sosialt konstruert og relativ. Latour (1987) meiner derimot at diskursar er ein del av verda og at både menneske, teknologiar og natur

¹ Alle omsetninger er mine egne.

kan vere aktørar. Han er såleis skeptisk til å analysere diskurs isolert og sjå på diskurs som språkspel ein må dekonstruere for å få mening. Ved å nytte aktør nettverk legg han ein materialitet til grunn der det ikkje-menneskelege blir gitt agens som mogleg kan skape handling (Latour, 1987). Callon (2001) stør seg på dette og seier at det ikkje berre bør vere eit mål å forklare motstridande argument og synspunkt i kontrovers, men at ein også må snakke om naturen utifrå same register som menneskelege aktørar. Eg vil, med grunnlag i dette, ikkje berre sjå på diskursar som tekst og språkspel, men utvide omgrepet til å også sjå på det materielle; det tekstar, ting, menneske og det som kallast natur gjer. Eg vil difor sjå på kva som har agens som aktørar innanfor miljørørsla som narrativar, vitskaplege og offentlege dokument, fossar, dyr (som kortnebbgåsa, aktivisme, visuelle representasjonar (som film og fotografi) og bøker (jf. Latour, 1987). Her vil eg sjå på teknikkane brukt for at motstandsforståinga får plass i offentlegheita og gjennom dette sjå på samproduksjonen mellom retoriske, teknologiske og estetiske praksisar miljørørsla har basert seg på for å mobilisere. Med dette vil seie noko om korleis nokre naturvernarane sine motstandshandlingar blei synlege gjennom aktørane sin evna til å knytte det dei fann ut opp mot aktørar utanfor (jf. Asdal, 2004).

Gjennom å sjå på dei ulike måtane naturvernarane ”gjer natur” vil så kunne finne ut av korleis omgrep om natur blir produsert og reproduisert i praksisane og slik kunne lese noko om korleis naturvernarane konseptualiserte natur.

Narrativar

I mine utgreiingar om korleis motstandsfeltet oppsto på Island vil eg i hovudsak basere meg på naturvernsnarrativar og korleis desse blei brukt som performative handlingar. Narrativar, seier Cruikshank (2005), er ikkje statiske attgjevingar frå fortida og viser såleis ikkje naudsynt tilbake på slik ting ”eigentleg” skjedde. Hendingar blir sett utifrå ulike perspektiv, argumenterar ho, og narrativar blir slik farga gjennom personlege oppfatningar. Såleis er det ikkje som eksakte ”fakta” narrativar kan bli brukt, men det å sjå på narrativane til informantane kan likevel vere

fruktbart. Menneske viser sine oppfatningar nettopp gjennom historier eller småsnakk og narrativar blir slik brukt for å snakke om livsopplevingar. Kunnskap blir produsert i menneskelege møter og når ein narrativ blir fortalt vil dette så gjere at kunnskap held fram med sirkulere, bli tolka og delvis transformert (ibid.).

Etter som fortida sine hendingane i narrativane ofte blir omforma for å passe til dagens saker, får dei så ein ny meining, og dei blir slik ein måte å forstå og lage orden av tidlegare opplevingar (Okely, 2001; Cruikshank, 2005). Ved å nytte meg av naturvernsnarrativar når eg snakkar om det som har skjedd sidan Kárahnjúkarsaka eskalerte, vil eg difor fokusere på korleis desse er ein personleg kommentar til fortida (Cruikshank, 2005): Nokon narrativar blei valt ut og overlevert av naturvernarane ofte for å understreke eit poeng, og ved å sjå på dei vil eg lese kva aktørane tenkte om fortida. Eg vil difor gå utifrå kva enkelte sentrale aktørar la vekt på som viktig i utviklinga av naturfeltet og med dette sjå på korleis nye historier blei ein del av den vanlege oppfatninga og såleis bidrog til kulturell endring (Cruikshank, 2005).

Narrativane blei i hovudsak fortalt meg i intervjuet eg gjorde, men kom også fram under dei ulike arrangementa. Som Cruikshank (2005) argumenterar for er ikkje narrativer berre munnlege historier, men også eit omgrep som kan brukast om andre former for å ”gjere natur”, som til dømes skriftlege praksisar, fotografi og demonstrasjonar.

Narrativ, seier Cruikshank (2005), viser til korleis menneske forstår ting og i måten ein narrativane kan det difor ligge informasjon om naturforståingar til mine informantar. Eg vil her sjå på kva narrativane fortalte om aktørane sine oppfatningar og natursyn, og korleis desse praksisane verka konstituerande.

Vitskapsnarrativar

Aktørane på både sider av konflikten nytta seg av vitskapsnarrativar når dei snakka om industrialisering versus naturvern. Vitskap blei her sett på som noko autoritært og objektivt; det som kjem med fakta. Roll Hansen (1994) problematiserer verdien av

vitskap ved at han vedkjenner at den ofte er einsidig ”biased” og at framstillinga av miljøproblem difor blir mangelfull. Slik viser ikkje vitskap naudsynt tilbake på korleis ting eigentleg er. Aktørane på dei ulike sidene av konflikten knytt seg så opp til ulik vitskap, og valte ut den vitskapsnarrativen som passa for det dei ynskja vise til. Slik kan det å sjå på vitskapsnarrativane som blei plukka ut og brukt vise tilbake på dei oppfatningane aktørane hadde på natur og også korleis dette var med på å forme natursynet deira.

Visuelle representasjonar

Eg vil også nytte fotografi og andre visuelle representasjonar som ein del av kommunikasjonen i diskursane. Tidlegare var fotografi sett på som direkte nedteikningar av hendingar, menneske og miljø, men dei fleste er no einige i at bilete derimot blir nytta for å kommunisere noko og er berarar av mening. Fotografiet viser ikkje til røynda slik den verkeleg er, men til ein liten del og ein individuell representasjon av den (Okely, 2001, Burnett, 2004). Fotografiet blir såleis, på linje med narrativar, alltid farga av dei subjektive oppfatningane og er eit u/bevisst ynskje om å vise noko (Burnett, 2004).

Perioden i livet til fotografen, landskapsforståinga og dei kjenslene ein har, vil alltid verke saman med korleis ein dokumenterar ting og såleis korleis ein fotograferar. Fotografiet blir slik ein forteljing om korleis røynda blir oppfatta og fortalt om frå eit subjekt til eit anna (Burnett, 2004). Slik sett vil eg argumentere for at eg kan sjå på fotografiet som ein forlenging av naturvernsnarrativane og også behandle det utifrå dette. Slik vil eg sjå på representasjonane av naturen i fotografa, korleis natursyn desse representasjonane viser tilbake på og korleis dei verka konstituerande. Eg vil også sjå på korleis natur blir representert i film, og analysere dette på same måte som fotografiet.

Demonstrasjonar

I denne samanheng vil eg også vise til demonstrasjonar, sosial ulydnad og retorikken gjort i denne typen performance. Eg vil vise til korleis politikken blei representert konkret i desse demonstrasjonane gjennom drama, banners, politiske handlingar, postarar og klede; og måten dette appellerte til kjenslene og styrka den politiske ideologien (jf. Linstroth, 2002; Kertzel, 1988).

Det som særleg kom fram i desse demonstrasjonane var representasjonar av den andre sida i konflikten. Med dette vil eg, gjennom Said (1978) sine refleksjonar rundt "otherness", vise til korleis naturvernarane gjennom å snakke om "dei andre" også definerer seg sjølve og konstituerer eigen identitet (Said, 1978).

I samband med performative praksisar vil eg også sjå på korleis turar i naturen blei brukt som mobiliseringspraksis, kva natursyn turane viser tilbake på og korleis dette verkar på deltakarane.

Kontekst; naturdiskursar

For å analysere hendingar i ein situasjon må ein sjølv avgrense situasjonen, seier Garbett (1970), og stille spørjeteikn til kva som må bli med i analysen. Eg vil her vise til korleis naturvernsoppblomstringa har utvikla seg historisk og korleis det har blitt ein vaksande orienteringa rundt miljøspørsmål i internasjonale media.

På 1960 talet starta det å utvikle seg idear om at menneskeleg praksisar i naturen forstyrra den økologiske balansen. Det var her to retningar; ein økologisk og ein filosofisk økologi, og desse var ofte kombinert med ei tru på at økologisk kunnskap kunne regulere menneskeleg praksis (Ween, Abram, Lien og Norbye, 2007). Ein av de tidlege innflytelsesrike artiklane var White (1967) i Science. Her blei det argumentert for at moderne vestleg vitenskap var laga i blandinga av kristen teologi og teknologi som begge tok utgangspunkt i at menneske bestemmer over naturen. Dette hadde skapt, i følge White, ein tanke om dualisme mellom menneske og natur som gav menneske ein makt som var utav kontroll.

Sidan 1960 talet har det så blitt fleire og fleire organisasjonar som jobbar med miljøproblem (Macnaghten og Urry, 1998). På 60-talet skjedde regionale hendingar som blant anna oljesøl i Frankrike, Storbritannia og Alaska. Store områder var giftlagt av DDT og andre kjemikaliar og kjernefysisk testing var eit trugsmål mot regionale økosystem. Endringa i fokus for opinionen har difor lenge blitt sagt å vere ein naudsyn respons på at industriverda hadde byrja påverke menneska (Kalland og Sejersen med Beyer Broch, 2005).

Omgrepet om biodiversitet; korleis økologisk system må bli tatt vare på i sin heilskap, kom så til i 1972 under U.N Conferance on Environment and Development (Kalland og Sejersen, 2005). Det skjedde ein stigande diskurs om biodiversitet der biodiverse økosystem blei karakterisert som ein interaksjon og samevolusjon av artar ein måtte ta vare på i sin heilskap (Escobar, 1997). Bernkonvensjonen i 1979 la vekt på biologisk mangfald der dei estetiske, vitskaplege, kulturelle, rekreasjonsmessige og økonomiske aspekta ved naturen blei vektlagt samtidig som naturen blei tillagt eigenverdi (Sørli, 2001).

I 1987 blei så omgrepet om berekraftig utvikling lansert i rapporten "Vår Felles Fremtid" av Verdenskommisjonen for miljø og utvikling leda av Gro Harlem Brundtland. Berekraftig utvikling skulle sikre at dagens forbruk ikkje gjekk på kostnad av framtidige generasjonar sine muligheiter til å tilfredstille deira behov. Ein måtte ha retningslinjer og ein skulle ikkje tillate at artar blei utrydda (Sørli, 2001). Dette var også fokuset til Agenda 21 som blei lagt fram under Biodiversitetskonvensjonen i Rio de Janeiro i 1992. Her blei økologiske saker satt øvst på den globale dagsorden (Kalland og Sejersen, 2005). På denne tida hadde også mange miljøorganisasjonar fått eit mindre radikalt uttrykk og blitt ein del av den globale diskursen (Macnaghten og Urry, 1998).

I 1997 blei Kyotoprotokollen til den internasjonale Framework Convention on Climate Change, som fulgte United Nations Framework Convention on Climate Change frå 1992, arrangert, og dei ulike partane blei einige om målet om å redusere

drivhusgassar for å unngå klimaendringar. Denne trådde i kraft i 2005 (Escobar, 1997).

Utviklinga av desse ulike konvensjonane om miljøet har bidrege til gryande internasjonale diskursar rundt miljø, der det er blitt fokus på problem som forureining, klimaendringar, drivhuseffekt, ozonlaget, giftige avfall, og artsdegenerering (Grove-White, 1993, Warren, 1993). At det er menneskeskapte miljøproblem er blitt ein del av den felles bevisstheita og nærast ein "black box"; ein etablert sanning som forskarar stort sett er einige om og ikkje stiller spørjeteikn til (Latour, 1987), der usemja ligg i korleis ein skal løyse dette problemet. I dag er miljøvern ein av dei mest sentrale sakene på den internasjonale politiske agendaen og global degenerering blir ofte sett på som det største trugsmålet mot menneske (Warren, 1993, N. Einarsson, 1993).

Bak debatten på Island ligg desse ulike diskursane og praksisane som tek utgangspunkt i miljøproblem. Retorikken knytt seg i dag særleg opp mot dei globale klimaendringane, der det er semje om at dette ikkje kan utkjempast i kvart enkelt land. Global media har ein viktig verknad i å spreie tankane om miljøvern (Macnaghten og Urry, 1998) og i islandsk samanheng er dette spesielt interessant å sjå på fordi både miljørørsla og industrien har internasjonal opphav. Med grunnlag i min fokus på ikkje-menneskelege aktørar vil eg derimot vise korleis desse diskursane har fått sitt uttrykk på Island, ikkje berre som ei stemningsbølgje, men også materielt. Her vil eg følge Asdal (2004) i at "den grønne bølja" på 1970 talet ikkje berre var eit mentalt og kulturelt skifte, men også ein konkret og materiell endringsprosess frambrakt av ein samproduksjon mellom vitskap, teknologi og politikk.

Ved å sjå på desse prosessane ynskjer eg å vise korleis denne bølja av materielt og kulturell endring har blitt gjort i praksis på Island og korleis natur blei til som omgrep for aktørane i debatten.

Metode

Valet av naturvern på Island som fokus for masteroppgåva mi var ein blanding mellom interesse for landet og ein god porsjon tilfeldigheit. Eg hadde lenge leika med tanken om å reise til Island og då eg ved rein slump kom over ei internettside om naturvern i landet fann eg at dette kunne vere eit godt utgangspunkt for mitt antropologiske feltarbeid. Dei siste åra har eg blitt stadig meir glad i å gå turar i naturen, og den pågåande utviklinga av naturvernsfeltet i antropologisk analyse hadde vekt interesse.

Eg fann at dei fleste naturvernsorganisasjonane på Island hadde base i Reykjavík og bestemte meg difor for å starte her. Då eg kom til byen 15. januar 2007, hadde eg gjennom kontaktar fått meg hybel sentralt i byen hjå ein liten familie bestående av mor og to søner, og eg budde heile mitt opphald i Reykjavík her. Eg blei tatt godt i mot av dei tre, og etter kvart blei eg god venninne med den rundt 40 år gamle kvinna som villig fortalte meg det ho visste om aktuelle tema. Kvinna var svært negativ til Island sin utvikling og såg nostalgisk tilbake på fortida i landet. Før hadde dei meir pengar, hevda ho, og det var mindre forskjell mellom fattig og rik. Menneska var dessutan meir ekte på denne tida; no var dei berre opptatt av pengar. Ho viste vidare til korleis det var mykje misnøye med regjeringa på Island, og at miljøspørsmål berre var ein liten del av denne misnøya. Den vesle leilegheita, eit stramt budsjett for familien og ingen bil, gjorde familien noko utypisk for Island.

Etter nokre dagar på Island satt eg att med ei kjensle av at industriutbygginga var ei merkbart større sak enn eg hadde trudd før avreise. Mine første kontaktar, bestående av familien eg budde med og deira vener, såg alle ut til å ha god kjennskap til det kontroversielle temaet. Dei var også negative til vidare industriutvikling og eg sat att med inntrykket av at *alle er i mot det*. No kan rett nok ikkje desse tidlege kontaktane naudsynt seiast å vere representative for islendarar flest, og dessutan var det ikkje slik at verbalt uttrykt motstand alltid betydde at dei gjorde noko spesielt for miljøet. Ei kvinne i 30 åra, som eg kjente gjennom felles venner, var til dømes klart negativ til industriutbygginga og argumenterte for å ta vare på den islandske naturen. Trass i

dette var alt ho gjorde for miljøet å, etter eige utsegn, sortere litt søppel for å betre samvitet.

Informantar

Eg hadde ikkje hatt særleg kontakt med islandske naturvernarar før eg kom til Island og hadde berre ein referanse på kvar eg kunne møte dei ”riktige” menneska. Av ei nederlandsk jente som hadde protestert med den internasjonale organisasjonen Saving Iceland sumaren før, hadde eg fått vite at mange av dei engasjerte haldt til i ein ”organisk” kafé, Kaffi Hljómalind, i hovudgata i Reykjavík. Kafeen hadde blitt starta i 2005 etter at Saving Iceland hadde hatt sin første motstandscamp i landet og nokon av dei engasjerte hadde gått saman for å skape ein kafé for venstreradikale ungdommar i Reykjavík.

Mine hovudinformantar kom til å bestå i hovudsak av menneske som på ein eller annan måte hadde tilknytning til denne kafeen eller blei anvist til av dei som arbeidde her. I løpet av min første feltarbeidsperiode hadde eg fleire uformelle intervju med relativt anerkjente aktivistar; ein journalist engasjert i motstandskampen sør på Island, ein eldre aktivist, medlem av INCA (Icelandic Nature Conservation Association), og forfattar av fleire bøker om islandsk natur, ein kvinneleg politiskar i det venstrevridde grøne partiet Vinstrihreyfingin - grænt framboð, og ein representant frå organisasjonen Framtíðarlandið. I tillegg intervjuja eg to kvinner engasjert i arbeidet til Saving Iceland; ei kvinne medieansvarleg for Saving Iceland arbeidande i Vinstrihreyfingin - grænt framboð, og ein dokumentarskapar som var med på familiecampen til organisasjonen og det islandske utspringet av den; Íslandsvinir, i 2006. Fleire av dei eg intervjuja møtte eg att seinare på ulike arrangement i regi av Saving Iceland. Eg var med på tre av deira arrangement; ein konferanse, ein konsert og ein demonstrasjon. I høve til dei andre organisasjonane deltok eg på nokre møter og ein konsert med organisasjonen Framtíðarlandið og observerte eitt møte med ei lokal motstandsgruppe, Sól á Suðurlandi, sør på Island. I tillegg hadde eg meir eller mindre tilfeldige personlege møter med engasjerte på dei ulike arrangementa til

motstandsgruppene og var stadig innom Kaffi Hljómalind. Blant desse var ein av oppstartarane til Saving Iceland i tillegg til ein dansk gut som eg fleire gonger støtte på, på kafeen. I tillegg gjorde eg eit intervju med ein lokalpolitikar i den vesle bygda Husavík, og hadde ein lengre samtale med ei engasjert ung jente arbeidande på det lokale kvalmuseet der. Til dagleg budde eg også, som nemnd, saman med ein islandsk familie som gav meg eit posisjonert innblikk i det islandske dagleglivet. I juli, den siste perioden av feltarbeidet, deltok eg på ein fire dagars tur i høglandsområdet rundt Kárahnjúkarvirkjun saman med 16 islendarar i regi av ein reise/naturvernsorganisasjon starta for å mobilisere islendarar til naturvern gjennom å vise dei høglandet. Denne organisasjonen var drive av ei kvinne som fleire gonger hadde vore med å demonstrert og hadde tilknytning til aktørar i både Saving Iceland og INCA. Det er også andre organisasjonar på Island som er engasjert i naturvern, som Natturvaktin og Landverdn, men sidan eg ikkje blei vist til aktørar i desse gruppene har eg utelate desse frå avhandlinga mi.

Første møte med naturvernarane

Tidleg i feltarbeidet oppsøkte eg Kaffi Hljómalind i Reykjavík.

Reykjavík er ein liten by, men likevel bur nesten 2/3 av Island sin befolkning i området (Miljøvernsdepartementet, 2006a). Byen eksisterte knapt på 1800 talet og i 1860 hadde den framleis berre 1 400 innbyggjarar (Hastrup, 1998). I løpet av 1900 talet har byen stadig blitt større og har haldt fram med å vakse godt inn i den nye tusenåret. Dei store delane av byen dominert av byggestillas og dei stadig nye bygningane som kom opp; særleg i form av hotell og andre turistfasilitetar, representerte difor ein by i vekst. Sjølv sentrum av Reykjavík er derimot framleis lite og består i hovudsak av eit par gater; hovudgata Laugavegur og gata Skólavörðustígur som går opp mot bakketoppen i midten av sentrum der den berømte Hallgrímskirkja er plassert. Sjølv om byen i stor grad har vakse saman med dei omkringliggjande byane Kópavogur og Hafnarfjörður, skal det ikkje lang køyring til før ein er ute på landsbygda. Går ein ned til havet ser ein utover mot høge fjell i det

fjerne, noko som forsterkar inntrykket av byen som ein oase i eit større ubudd område.

Då eg først kom til Reykjavík blei eg slått over kor dominert gatene var av bilar. Einvegsgata Laugavegur var nesten alltid fylt med bilar som køyrte nærast i kø, og det var påfallande lite menneske i gatene. Fleire uttalte også at *alle* køyrer bil på Island. Veret kan ta litt av skylda for dette. Det subarktiske og relativt kalde klimaet (Hastrup, 1998), skifta stadig mellom sol, regn og sterk vind. Gjerne opptredde dei alle tre samtidig. Seinare skulle eg også oppleve at det å delta på møter til naturvernarane ikkje alltid var like enkelt utan bil, og eg var difor under fleire høve tvunge haike grunna ingen bussforbindelse.

På grunnlag av dette var det første inntrykket av Reykjavík ein folketom og forblåst by. Noko skjedde derimot utover våren og sumaren og med eitt var gatene fulle av menneske. Ved eit lite glimt av godt ver var islendarane ute i gatene, ofte særdeles tynnkledd i høve til temperaturen, og difor lett å skilje frå den enorme turiststraumen byen opplevde ved denne årstida.

Den første gongen eg besøkte den vesle kafeen Kaffi Hljómalind var derimot ein regnfull dag i januar. Kafeen var situert i øvste etasje i eit gammalt kvitt trehus med inngang frå Laugavegur og over døra utanfor sto namnet på kafeen med fargerike bokstavar. Då eg gjekk inn såg eg at kafélokalet var relativt lite og tilsynelatande tilfeldig innreidd. Møblar var alle forskjellige og hadde nok vore godt brukt allereie før dei hadde fått sin plass i kafeen. Til saman gav dei ulike møblane eit litt uryddig, men fargerikt inntrykk. I høgre krok var det eit lite bibliotek, og i det andre hjørnet eit utval leiker til born. I tillegg observerte eg sal av heimestrikka huer/vottar, sko laga av hamp, t-skjorter og eit lite utval cd-ar. På veggane observerer eg at det hang plakatar med ymse radikalt politisk budskap som *"I pledge alliance to the earth and the life which it supports. One planet, in our care, irreplaceable, with sustenance and respect for all"*. Den vegetariske maten ein kunne kjøpe var organisk og for det meste fair trade, og hevda følge yoga-retningslinjer for å vere sunnast mogleg. Alt der inne vitna om engasjement; om enn for litt ulike saker. På veggen var det også satt opp eit

skriv som hevda kafeen ikkje var drive for å tene pengar, men for å ha ein positiv innflytelse på samfunnet.

Under dette første besøket i kafeen gjekk eg bort til dei som arbeidde og spurte etter kontaktar. Det viste seg at dei to, ei jente og ein gut rundt 20 år, var danske, og dei gav meg villig nokre namn og eit telefonnummer til ei kvinne dei kjente. Eg helte kaffi i ein godt brukt kopp og sette meg ned for å sjå gjennom nokre aviser og anarkistiske magasin som var til låns. På veggen over stolen min observerte eg eit handteikna portrett på ein liten papirlapp som berre var synleg for dei nærast sittande. Eg registrerte at det stadig kom innom ungdommar som snakka med dei arbeidande, og tenkte dei nok var ein fast gjeng som haldt til på kafeen.

Etter nokre minutt kom den danske guten interessert bort for å slå av ein prat. Han fortalte at han sumaren før hadde vore med å demonstrert med Saving Iceland og at han etter dette hadde blitt igjen og fått seg jobb i kafeen. Saving Iceland var eigentleg ingen skikkeleg organisasjon, hevda han, og heller ikkje ekstreme i sitt slag, men berre to islendarar som hadde gått saman grunna sitt store engasjement. Vidare viste han til at aktivisme på Island vart slått hardt ned på av både media og politi. Ein av oppstartarane til Saving Iceland hadde visstnok blitt så upopulær etter dårleg medieomtale at han var blitt tvunge forlate heimlandet sitt til fordel for Storbritannia. I følge dansken hadde denne mannen også brukt opp alle pengane sine på utstyr til dei ulike demonstrasjonane og det hadde slett ikkje vore enkelt for han. Både i Danmark og Noreg var det lettare å vere aktivist, fortalte han vidare, før han måtte forlate meg for ein kunde.

Metodisk innfallsvinkel

Allereie her, etter mitt første møte med menneske engasjert i naturvern på Island, var mykje av retninga for feltarbeidet mitt satt. Ein god del av empirien min er nettopp basert på slike samtalar og i størst grad er dette difor ei utgreiing om naturvernarane sine presentasjonar av røynda.

Danskane på Kaffi Hljómalind hadde vist meg til ei kvinne som haldt på å lage dokumentarfilm om motstanden, var med i Íslandsvinir, og elles hadde vore engasjert i fleire av demonstrasjonane til Saving Iceland. Etter ein telefonsamtale møtte eg kvinna i 30 ára og ho gav meg fleire e-post adresser til menneske eg kunne kontakte. Mine spørsmål om å få delta på møter blei derimot mottatt som noko merkelege, og det hadde heller ikkje vore møte med Íslandsvinir på lenge. Ho lova likevel å ta kontakt dersom det skulle dukke opp noko av interesse.

Kvinna viste til korleis ho hadde kontaktar i forskjellige organisasjonar, men at ho gjorde det meste som enkeltaktør. Dansken hadde også hevda Saving Iceland ikkje var ein ”skikkeleg” organisasjon og at det eigentleg berre var ein samling uavhengige aktivistar. Dei gav meg dessutan begge kontaktar med menneske i ulike organisasjonar; frå INCA, Saving Iceland og dessutan den regionalt baserte Sol í Straumi.

Utover feltarbeidet fekk eg stadig dei same kontaktane gjennom ulike menneske og namna dukka også opp i artiklar eg las. Dei ulike aktørane gav meg dessutan kontaktar på tvers av organisasjonane og snakka varmt om kvarandre uavhengig av korleis organisasjon dei var knytt seg til. Eg fekk difor inntrykk av at det var nære forhold mellom aktørane i dei ulike gruppene og at nettverka inkluderte linkar mellom ulike aktørar på tvers av gruppene. Dette nettverka mellom aktørane, haldt saman gjennom overlappende medlemskap og inngått mellom dei ulike aktørane, gjorde at eg ynskja komme ut over organisasjonane og sjå eit nettverk av ulike aktørar (jf. Alvarez, 1997).

Eg knytte meg såleis ikkje opp mot ei spesifikt gruppe, men hadde kontakt med eit nettverk av sosiale og politiske aktørar, og freista sjå korleis diskursane sirkulerte utanfor dei ulike organisasjonane (jf. Alvarez, 1997). Aktørane snakka derimot sjølv om dei ulike organisasjonane sine praksisar. Difor vil eg også, i mine skildringar av dei ulike mobiliseringspraksisane til aktørane, snakke om organisasjonane som omgrep.

Planen om å nytte meg av snøballmetoden/nettverkmetoden der ein relasjon ville føre til den neste, såg foreløpig ut til å fungere bra, men det var ikkje alltid mykje å delta på utanom intervju. For folk gjekk kvardagen og sjølv om dei var i mot industrialiseringa tok motstandspraksisar, blei det fleire gonger påpeika, for masse energi til at ein kunne drive med det heile tida. I tillegg skjedde det ofte at eg ikkje fekk svar på e-postane eg skreiv. Tidleg i feltarbeidet opplevde eg også å få særskilte mistenksame tilbakemeldingar, der eg over e-post blant anna fekk svar frå ein av personane i Saving Iceland om at organisasjonen var ”...*besieged by company spies. Usually they come in the disguise of "students" or "journalists". Yes, and often they happen to be studying anthropology*”. Etter kvart fekk eg rett nok overbevist om mine heiderlege hensikter, men likevel fekk slike tilbakemeldinga meg til å trå yttarst forsiktig for ikkje å få eit dårleg rykte i miljøet. Min omgang med naturvernarane kan difor på denne tida seiast å vere sporadisk. Eg deltok på det eg fekk tilbod om, men det var ikkje like lett å få tilgang på den private sfæren.

Frå byrjinga hadde eg vore klar over faren for å berre få kontakt med informantane mine på offentlege arena og at empirien difor ville dominerast av det talte ord. Likevel ynskja eg å fokusere på kvalitativ datainnsamling og såleis freiste delta på mest mogleg av det mine informantar gjorde. Den første tida av feltarbeidet var likevel i størst grad basert på opne intervju med naturvernarar, i tillegg til tolking av skriftlege kjelder. Howell (2001) viser mellom anna til korleis feltarbeid i eige samfunn nettopp kan føre til at ein ikkje får delta i dagleglivet til informantane sine. Dette, seier ho, vil gjere at ein ikkje blir innvigd i alt som skjer, men heller blir fortalt om det i ettertid (ibid.). Sidan det ofte er eit misforhold mellom det informantane seier dei gjer, og det dei faktisk gjer kan dette vere problematisk. Frøystad (2003) argumenterar også for at ein bør ha andre enn verbale data, og at, der deltaking ikkje er mogleg, bør ein difor styrke naiv observasjon. Eg har slik fylgt Frøystad (2003) i dette og freista få til fyldige situasjonsskildringar for å gi samhandlingsaspekt til alt eg var med på; også intervju. Etter kvar fekk eg derimot også delta på ulike arrangement. Under dei ulike demonstrasjonane til naturvernarane, og under turen i høglandet fekk eg høve til å delta i større grad enn eg hadde fått tidlegare i

feltarbeidet. Eg såg her på mellom anna korleis aktørane bevega seg, snakka saman, relaterte seg til landskapet og menneske rundt. Eg tok dessutan også i bruk andre metodar.

Aktør-nettverk

For å sjå på dei ulike argumenta i konflikten har eg såleis nytta meg av fleire typar skriftlege kjelder, til dømes i media, internett, bøker og forskingsrapportar, i tillegg til praksisar som narrativar, demonstrasjonar, fotografi og film. Med dette ynskja eg å sjå på mange ulike aktørar, også ikkje-menneskelege aktørar, utan å privilegere ein av dei og slik freiste få ei breiare forståing (Archetti, 1994).

Hovudsakleg er drøftingane mine basert på naturvernarane opplevingar og tankar, og narrativane deira vil difor ha ein sentral plass i teksten. Som eg har sett på kan narrativar gi viktige innsikter gjennom å vere performative handlingar og slik kaste lys over korleis informantane mine tok inn og forsto verda. Eg vil slik nytte narrativar som ein måte å få innsikt i kva naturvernarane la vekt på og slik konstituerte sitt natursyn (Cruikshank, 2005). Desse blei i hovudsak fortalt meg i eitt av intervjuet eg gjorde, men også i dei andre praksisane blei eg fortalt historier om kva som tidlegare hadde skjedd i konflikten. Eg vil her vise til kva som blei kommunisert og kva type retorikk som blei brukt i ulike mobiliseringspraksisar, som i demonstrasjonar og også turar i naturen, og kva dette viser tilbake på.

Her har eg også sett på narrativar og retorikken brukt i ulike typar tekstar. Archetti (1994) argumenterar for at tekstar kan vere viktige alternative og komplementære kjelder til kunnskap og forståing av sosiale diskursar. Diskursane blir nemleg også uttrykt gjennom skriftlege tekstar og dei dreg difor på subjekta sine persepsjonar av røynda. I skriftlege kjelder ligg det også generelle oppfatningar av det sosiale livet og slik blir dei eit element i konstitueringa av verden. Gjennom ein analyse av skriftlege kjelder som sosial praksis vil eg slik sjå på retorikken, og korleis synspunkt dette viser tilbake på (Archetti, 1994).

I forhold til tekstar har eg også sett på korleis dei ulike informantane mine brukte dei som ein type narrativ. Dei valte her ut og knytt seg til ulike tekstar, som vitenskaplege dokument (jf. Roll-Hansen, 1994). Eg vil her vise til omgrepa brukt i tekstane, som berekraftig utvikling og klimaendringar, og korleis natursyn desse viser tilbake på.

Eg har også nytta meg av visuelle representasjonar av naturen framsett av naturvernarane. Dette vil eg, som eg såg på i teoridelen, tolke som ein narrativ. Slik vil eg ikkje sjå på dette som ein statisk attgjeving av røynda, men forsøke lese noko om natursynet bak dei ulike visuelle representasjonane.

Posisjonert kunnskap

I mitt forsøk på å gi ein sober drøfting av debatten er eg også tvunge problematisere korleis all kunnskap, alle møter og mine egne framstillingar og tolkingar er situerte. Såleis er kunnskapen eg presenterer farga av idear, oppfatningar og personlege synspunkt (Haraway, 1986)

Der ein utfører feltarbeid er aldri verken semantisk eller emosjonelt nøytralt, seier Hastrup (1998), og fordi antropologen er eit menneske er ein alltid ein del av det ein studerar. Eg kom heller ikkje til feltet uskyldig for kulturell representasjon (Okely, 2001), men var også påverka av det sosiale og naturlege miljøet frå barndommen min. Slik kom mine forståingar frå minne og opplevingar eg har hatt tidlegare (Kalland og Sejersen med Beyer Broch, 2005).

I tillegg, som Garbett (1970) argumenterar for, vil ein sosial situasjon analyserast frå ulike teoretiske perspektiv og desse vil vere bestemmande på kva delar av situasjonen som blir studert og analysert. Indikasjonar i teoretiske perspektiv legg føringar for forklaringane våre, seier Garbett (1979) og såleis vil alle forklaringar berre vere partielle. Empirien og data eg tileigna meg var difor alltid influert av teoretiske idear og difor er mi masteroppgåve ingen presentasjon av fakta, men satt saman av subjektiv opplevingar og intellektuelle og teoretiske preferansar (Archetti, 1994). Kunnskapen eg tileigna meg er såleis basert på personlege opplevingar og påverka av

både refleksjon, skriving og opplevingar (Hastrup, 1998). Det finnast difor ikkje ei sanning i forståinga av menneske sitt liv, seier Hastrup (1998), og me kan ikkje sjå objektivt på informantar eller frå deira side. Det er derimot i kommunikasjon med subjekta og i denne relasjonen mellom menneska at meining vil komme fram (Hastrup, 1998). Sidan eg under heile opphaldet budde hjå ein familie og også brukte mesteparten av dei første månadane saman med dei, vil eg hevde at posisjonen eg fekk i familien var sentral for at eg tileigna meg akkurat den kunnskapen eg gjorde. Dette gjorde at eg stadig blei prega av deira oppfatningar av verda. Til dømes var deira marginale økonomiske situasjon og kvinna sin nostalgiske oppfatning av fortida i landet, noko eg relaterte til narrativar om landet sin økonomiske progresjon. Slik fekk eg ein posisjonert forståing av regjeringa si satsing på økonomi og dette gjorde at eg også betre forsto naturvernarane sin stadige misnøye med regjeringa. Det faktumet at eg i hovudsak snakka og samhandlar med menneske som ynskja stogge industrialiseringa førte også til at eg blei prega av deira synspunkt. Ofte var det vanskeleg å komme med kritiske spørsmål til naturvernarane fordi eg visste at dette ville bli dårleg tatt i mot og eg kjente i desse situasjonane at eg blei ”prakka på” meiningar. Såleis kom eg til å sympatiserte i større grad med naturvernarane enn dei som ynskja fortsette utviklinga. Grunna dette vil eg vere klar over at mine etnografiske nedskrivningar/tolkingar ikkje kom i frå ein nøytral posisjon eller frå ein trygg distanse. Mine nedskrivningar kom frå min plass på Island, frå min posisjon blant naturvernarane og mitt utgangspunkt som ein del av ein familie i ein liten leilegheit i hovudstaden (Hastrup, 1998). Haraway (1986) erkjenner at strukturar og oppfatningar alltid er sosialt og kulturelt konstruert, og at alle perspektiv såleis er avgrensa, posisjonert og delvise, og kunnskapen blir difor også berre delvis, posisjonert, kritisk og partisk, og ikkje universell.

Howell (2001) påpeikar at eit avgrensa felt kan også føre til at ein studerar informantar som har berre akkurat dette spesifikke feltet felles og dette vil gjere kontekstualisering og holistisk tolking vanskeleg. Gupta og Ferguson (1997) kritiserar ideen om at ”feltet” i det antropologiske feltarbeid er ein separat plass ein kan reise til. Dette fører til ein ukritisk lojalitet til feltet, seier dei, og gjer at me,

gjennom ein spesifikk posisjonering, distanserar oss og eksotifiserar dei andre. Dei set difor spørjeteikn til om feltet treng å ha ein spesifikk lokalitet ein kan gå ut og inn av og argumenterar for å tenke nytt i forhold til feltet. Med grunnlag i Gupta og Ferguson (1997) har eg slik, i staden for å freiste oppnå ein holistisk forståing, basert meg på ein fleksibel og kompleks forståing ved å sjå på ulike typar kunnskap frå forskjellige sosiale og politiske lokaliseringar. Ved å nytte aktør nettverk vil slik interessene til dei ulike aktørane i diskursen bli med og natur og samfunn blir forbinde (Asdal, 2004; Callon, 2001). Haraway (1986) seier også at me, ved å akseptere vår egen og vår kropps deltaking i forskingsprosessen, kan gjere kunnskap så objektiv som mogleg. Ho argumenterar for at gjennom ein engasjert og ansvarlege posisjonering og eit korporativ nettverk av forbindelsar mellom ulike syn, vil ein kunne ha eit mål om ein betre skildring/vitskap om verden. Slik blir vitskap ein blanding av ulike stemmer og syn (Haraway, 1986). Min fortolking er nettopp ei slik stemme som ikkje kan presentere eit heilt bilete, men berre fragmenter av kva som til saman utgjer islandsk miljøvern.

Språk

Eg gjekk på språkkurs i byrjinga og lærte meg islandsk til ein viss grad. Dette førte til at eg kunne føre enkle samtalar på islandsk og delvis forstå skriftlege kjelder. Likevel nytta eg i hovudsak engelsk av di mine informantar generelt snakka engelsk på eit høgt nivå.

Etiske implikasjonar

Eg såg det ikkje mogleg å anonymisere organisasjonane, men freista likevel anonymisere menneska eg snakka med så best eg kunne. Motstandsørsla på Island er derimot relativt lita og veldig gjennomsiktig. Som Hastrup (1998) påpeikar er det også mangel på anonymitet i landet, noko som har ført til at eg måtte skrive om nokre detaljar for at ein ikkje skulle finne ut kven informantane mine er.

2. Utviklinga av motstandsfeltet

Med dette kapittelet skal eg med grunnlag i naturvernsnarrativar diskutere

1. oppfatningar av utviklinga av industri på Island og regjeringa sin utbyggingstrong
2. oppfatningar av korleis natur og miljø blei satt på dagsorden og korleis motstandsfeltet på Island dei siste 10 åra har utvikla seg

Tidenes største politiske sak på Island

Som eg har sett har fokuset på utbygging av industri vore ein av dei viktigaste korta til den islandske regjeringa etter 2. Verdenskrig. Utbygginga har blitt vist til som viktig for å halde fram den økonomiske utviklinga i landet og ha noko alternativt til den ustabile fisken.

I mai 2007, ein periode av mitt feltarbeid, var det stortingsval på Island der ein av dei viktigaste sakene partia orienterte seg rundt var spørsmålet om industriutbygging. Faktisk, påpeika ein av mine informantar, var dette den største politiske saken på Island nokon sinne og den handla, i tillegg til miljøvern, også om ytringsfridom, eigendomsrett og staten versus kommunen sin rolle.

Før valet var det difor stor spenning hjå naturvernarane. Ein mann i organisasjonen Framtíðarlandið, som eg intervjuar nokre veker før valet, hevda at regjeringa, sidan dei hadde sete med makta i 16 år, gjorde som dei ville fordi dei uansett hadde stønad i folket. Det ville difor vere heilt naudsynt med regjeringsskifte, fortalte han, for at det skulle bli endring i industriplanane. Denne oppfatninga var det, blant mine informantar, sterkt konsensus i. Men kva hadde gjort at saken hadde så stor prioritet før valet i 2007? Og kvifor såg naturvernarane den som tidenes største politiske sak på Island?

Asdal (2004) hevdar at for å seie noko om plassen natur har fått i politikken, må ein også sjå på produksjonen av natur; korleis naturen har komme inn som relevant

kategori. Korleis naturvern hadde oppstått og utvikla seg på Island var noko fleire av mine informantar hadde sterke meiningar om og påfallande mange var einige i at motstanden mot industri hadde vakse dei siste åra. I dette kapitlet vil eg difor, med grunnlag i naturvernsnarrativar, greie ut om gangen i utviklinga av industri på Island og korleis dette har ført med seg ein naturvernsrørsle som har vakse og fått sitt uttrykk gjennom ulike aktørar og organisasjonar sine handlingar. Gjennom å analysere historier til naturvernarar, kombinert med skriftlege kjelder, ynskjer eg å vise korleis dei ulike hendingane har vore med i prosessen om å skape spørsmålet om industri og naturvern politisk interessant.

Narrativar har sitt eige sosiale liv, seier Cruikshank (2005), og sidan det meste eg vart fortalt blei sett gjennom naturvernsbrillene var det også farga gjennom oppfatningane dei hadde. Ved å sjå på narrativane som performative handlingar, vil eg vise til kva naturvernarane la vekt på i forhold til Island sin utvikling og korleis nokre hendingar, narrativar og diskursar blei valt ut, fekk overtaket og meir merksemd enn andre. Slik vil eg freiste seie noko om motivasjonane bak å fortelje dei, kva dei ynskja å oppnå med dei og korleis denne praksisen viste til måten dei forsto røynda (jf. Cruikshank, 2005). Eg vil her leggje vekt på korleis narrativane visar til ulike aktørar sine handlingar, der aktørane blei tillagt forskjellig grad av makt og innflytelse på utviklinga av motstandsfeltet (jf. Alvarez, 1997). Med dette vil eg kaste lys over kva naturvernsforkjemparane ser på som dei viktigaste hendingane og dei sentrale figurane som førte til at ein enkelt sak, saken om Kárahjúkarvirkjun, blei ein såpass kontroversiell sak og skapte eit vaksande engasjement (jf. Asdal, 2004).

Narrativar om utviklinga frå 1950- til 90 talet

Eg møtte ein av dei mest anerkjente naturvernarane på Island, Sigmundur, i ein bokkafé i Reykjavík. Mannen, som var i 40 åra og med i organisasjonen INCA, hadde skrive fleire bøker om islandsk natur, og namnet hans kom stadig opp i samtale med andre naturvernarar. Mange rosa hans bidrag til å setje naturvern på den politiske agendaen og fleire hadde på forhand anbefalt meg å møte mannen, nettopp

fordi han hadde så god oversikt over kva som tidlegare hadde skjedd i konflikten. Då eg møtte han var han kledd i beige kordfløyelsbukse og allversjakke og han spanderte vennleg ein kaffi før me sette oss ned. Han helsa så på fleire av dei andre på kafeen, blant anna ein bluesmusikar han skildra som på ”si side” i ”kampen”. Mannen snakka engasjert men roleg, og under møtet viste han meg stadig bilete frå ein av bøkene hans for å understreke kor vakker naturen på Island var. Fleire gonger nemnte han at han ofte gjekk i fjellet og han var også særdeles interessert i mine opplevingar av det landskapet eg var oppvaksen i, og då spesielt min erfaring med Jotunheimen.

Sigmundur sette byrja av industrialiseringa på Island til 1950-talet. Allereie på dette tidspunktet, fortalte han, hadde regjeringa, Landsvirkjun og aluminiumsselskapa starta utrede planane om å utvikle Island. Landet var nyleg blitt sjølvstendig i 1944 og ynskja styrke økonomien. Alternative inntektskjelder til fiske og jordbruk vart vurdert, og valet fall då på industri og spesielt aluminiumsindustrien. I 1951, fortalte han vidare, byrja den britiske naturvernaren Peter Scott å forske på kor kortnebbgåsaa haldt til når den ikkje opphaldt seg i England. Dette hadde lenge vore eit stort mysterium, og då han fann ut at hovudområdet var sør på Island, i Þjórsárver, blei området straks satt på lista til Ramsar.² På 1960 talet, haldt han fram, ville likevel regjeringa byggje industri i området. Mannen rista på hovudet og lo oppgitt når han fortalte meg korleis regjeringa hadde foreslått å flytte reira til gjesa over til eit anna området for å kunne byggje ut industrien som planlagt; kor absurd og naivt var det vel ikkje å tru at det var mogleg å flytte eit økosystem på denne måten!

Etter det nasjonale kraftselskapet Landsvirkjun blei oppretta i 1965, blei rettnok Búrfell kraftverk i Tjorsdalur, som består av ein demning i elva Þjórsá, påbyrja og sto ferdig i 1972 (Landsvirkjun, 2008a). Sigmundur peika også på at nettopp i 1972 utvikla energisektoren i regjeringa og Landsvirkjun det som i dag stadig blir referert

² The Convention on Wetlands; ein internasjonal konvensjon som legg rammeverk for nasjonal og internasjonal konservering og bruk av våtmark og deira ressursar, underteikna i Ramsar, Iran i 1971 (Ramsar, 2008).

til som "Master Plan" for å utvikle industrien. No, hevda han, byrja islendarane i området rundt Þjórsárver å få auga opp for kva som kom til å skje i landet. Menneska kravde at våtmarka i området ikkje skulle bli øydelagt, og dette var første gong bøndene sto opp for naturen. På bakgrunn av denne motstanden og presset om å bevare området, avslutta Sigmundur, blei utbyggingsprosjektet forlate i 1981 og det skjedde ikkje noko meir i området etterpå.

Også Árnason (2005) viser til at det blei ingenting av dei planlagde prosjekta i korkje Þjórsárver eller Laxár dalen på grunnlag av motstand frå befolkninga på slutten av 1960 talet og i byrjinga av 70-. Etter dette haldt derimot Island fram med å byggje ut industri noko som mellom anna kom til uttrykk gjennom Sigalda og Hrauneyjafoss kraftverk påbyrja i 1981. På denne tida gjekk meir og meir av elektrisiteten med til Straumsvík aluminiumsverk utanfor Hafnarfjörður, men i ára 1982-1996 var det lite stigning i etterspørselen til elektrisitet og difor vanskeleg å få tak i utanlandske investorar. På denne tida bygde Landsvirkjun Blanda elektrisitetsverk, som blei kritisert på grunnlag av den manglande etterspørselen (Landsvirkjun, 2008a).

Nettopp i perioden frå slutten av 1980-talet til byrjinga av 90-talet starta ein politikk på Island som la vekt på marknadsliberalisme, avgift/skatt konsolidering, privatisering, opning av økonomien, skattelette og dessutan medlemskap i EØS; den interne marknaden av EU. Dette skapte eit entreprenørisk klima på Island. Økonomisk vekst starta på midten av 90- talet som følge av global økonomisk betring, nye lovar om fiske, meir eksportar av varer og ei bølje av investeringar i aluminium (Miljødepartementet, 2006a).

Sigmundur snakka derimot om korleis denne perioden var spesielt mørk for islandsk politikk. Det var i då, frå 1991 til 2004, Davíð Óddsson, som statsminister for det høgrevridde Sjálfstæðisflokkurinn (Sjølvtendepartiet), saman med Halldór Aásgrímsson, leiaren i det islandske senterpartiet Framsóknarflokkurinn (Framstegspartiet), styrte høgrevingskoalisjonen i landet. I følge Sigmundur misbrukte Óddsson, saman med fleire av sine partifellar, tittelen sin for å øydeleggje islandsk natur. Dette hadde også haldt fram til i dag, fortalte han vidare, og på

tidspunktet då eg gjorde intervjuet med Sigmundur, våren 2007, hadde Þjórsárveromrádet, i følge han, fått det første fylkesstyre som jobba på lag med Landsvirkjun. Saman utreda dei planane for eit lite reservoar også i dette området, avslutta Sigmundur; berre eit lite eit gjentok han med eit oppgitt smil medan han peika på eit kart over området.

I desse narrativane Sigmundur plukka ut for å vise til dei viktigaste hendingane i utviklinga av industri la han særleg vekt på korleis regjeringa hadde nesten absurde planar i forhold til utbygging av industri. Han framstilte regjeringa veldig negativt; dei gjorde kva dei ville utan tanke for naturen og hadde dessutan naive tilnærmingar til den. I tillegg hadde Sigmundur fokusert på korleis bøndene hadde gjort motstand på 1960- og 70-talet og slik innrulla bøndene i debatten. Bøndene sine protestar hadde, på same måte som Scott sine forskingar på kortnebbgåsa, suksessfylt starta ein debatt. Fordi Sigmundur nettopp la vekt på aktørane og snakka om kva dei hadde gjort, vil eg hevde at aktørane på denne tida hadde hatt suksess med å tiltrekkje seg andre aktørar (jf. Asdal, 2004).

På slutten av 1980 talet var det også, som eg har sett på, ein stor fokus på miljøet globalt. Árnason (2005) peikar på korleis jorderosjon, bekytting av det marine livet og bygge opp att skog tradisjonelt hadde vore hovudfokuset til naturvernarar på Island. Også preserving av naturen, særleg i forhold til å ta vare på dei store villmarksområda i høglandet, som blir rekna som det nest største attverande i Europa³, hadde vore ein del av naturvernarane sine interesseområde. På 1980 talet hadde derimot dei utanlandske naturvernarar særleg konsentrert seg om kvalfangsten noko fleire har hevda har satt naturvernsdiskusjonen i landet mange år tilbake (Árnason, 2005). Sidan diskursane rundt kvalfangst hadde fått overtaket, hadde konserveringdebatten fått lite merksemd i denne perioden (Finnson, 2005). Så seint som i 1990 blei miljøverndepartementet oppretta på Island (Árnason, 2005) og dei blei ansvarleg for gjennomføringa av UNFCCC og politikk som knytt seg opp mot å

³ Berre Svalbard er større.

kjempe mot klimaendring i samarbeid med dei andre departementa (Miljødepartementet, 2006a).

Narrativer om utviklinga frå 1995

Også under ein samtale med ei kvinne i det venstrevridde grøne partiet Vinstrihreyfingin – grænt framboð (Venstrerørsla: Dei Grøne), blei det påpeika at perioden med Davíð Óddsson som statsminister var ille for islandsk politikk. Etter å ha venta på kvinna i 20 minutt kom ho nærast springande inn døra på kontoret. Det var uventa endringar i bussrutene, forklare kvinna i 40 ára, og snakka engasjert vidare utan at eg spurte spørsmål. Dagens regjering, fortalte ho, hadde alltid prioriterte økonomi, satsa alle korta på utanlandske investorar og trudd alt ville bli bra med dette. Dette ville hennar parti endre, haldt ho fram, ved å gjere miljø like viktig som finans, og dessutan portrettert visjonen om berekraftig utvikling.

For å illustrere planane til regjeringa viste kvinna spesielt til brosjyren regjeringa og det nasjonale kraftselskapet Landsvirkjun sin "Icelandic Marketing Unit"(MIL) hadde utgitt i 1995 "Lowest Energy Prices: in Europe for new contracts". Brosjyren fokuserte på at Island var det einaste vesteuropeiske landet som framleis hadde ubrukt og billig vassenergi og geotermisk energi, og landet hadde difor enormt potensiale til utvikling og økonomisk vekst. For å tiltrekke seg investorar blei det vist til fleire aspekt. Island tilbydde rein energi frå fornybare, ikkje-forureinande energikjelder i form av vassenergi og geotermisk energi. Desse typene industri, blei det påpeika, var miljøvennlege og med på å beskytte den globale atmosfæren. Island sin natur var rein og vakker, og lufta og vatnet var det reinaste i heile verda. Berre 10 prosent av energipotensiale til Island var utvinna og naturen ville bli tatt vare på nettopp gjennom å nytte seg av miljøvennlege og fornybare energikjelder. Det blei også påpeika fordelene selskapa vil dra av at Island var eit moderne og vestleg land med høg livstandar, der moderne infrastruktur, gode hamnar og høg livsstandard blei dratt fram.

Det blei også hevda, og dette blei spesielt lagt vekt på av kvinna, at industriselskapa kunne vere sikker på at prisen for elektrisiteten ville vere veldig konkurransedyktig og sannsynlegvis lågare enn andre plassar i Europa og Nord Amerika. Dette inkluderte mellom anna fleksibel politikk på prisar, låg skatt for selskapa og skattefri import av utanlandsk materiale og utstyr (Icelandic Marketing Unit, 1995).

Kvinna fortalte korleis den islandske befolkninga ikkje visste om denne brosjyren, og at den først blei publisert i 2006 då Andri Snær Magnason dediserte mange sider til den i boka *Draumalandið - sjálfshjálparbók handa hræddri þjóð (Draumelandet – ei sjølvhjelpsbok for ein redd nasjon)*. Det var ho som hadde tipsa sin gode venn Magnason om denne, og reaksjonane blant befolkninga hadde ikkje latt vente på seg. Mange, fortalte ho, hadde blitt sjokkert over måten regjeringa ordla seg i brosjyren, medan regjeringa på si side bagatelliserte den, innrømma den var dumt, og sa at dei dessutan ikkje hadde sendt den til så mange land.

Industri og kraftverk blir til

Forsøka på å tiltrekke seg utanlandsk investering førte til at det i 1995-96 blei lettare enn tidlegare å få utanlandske investorar i tungindustri og ulike selskap viste sin interesse for investering i landet. På denne tida ville Landsvirkjun blant anna auke elektrisitet ved Rio Tinto/Alcan verket i Straumsvík ved Hafnarfjörður, og dessutan starte ein ny aluminiumverk Nordurál lokalisert i Grundartangi i Akranes med Century Aluminium i spissen (Landsvirkjun, 2008a). Verket blei påbyrja tidleg i april 1997 og allereie 14 månadar seinare, i juni 1998, blei første produksjonen starta opp (Nordural, 2008). For å dekke det auka energibehovet blei mellom anna energiverka på Blanda, Búrfell og Krafla forstørra og nye energiverk på Sultartangi og Vatnsfell blei konstruert. Alle desse kontraktane kom til på under eitt år og det var her stor utvikling hjå Landsvirkjun der dei auka produksjonen med 60 prosent på fem år (Landsvirkjun, 2008a).

Det var altså veldig mykje som skjedde på kort tid og det blei påpeika av mange av mine informantar korleis regjeringa hadde bygd ut industrien veldig kjapt, utan å gi

beskjed til befolkninga om det. Dei ulike industriplanane førte slik til at aktivisme byrja for fullt seint på 1990 talet (Árnason, 2005; Miljøvernsdepartementet på Island, 2006a). Det som spesielt skapte motstand var, som eg såg på i innleiinga, planane om å byggje det enorme aluminiumsverket Fjardaal i bygda Reyðarfjörður aust i Island og dra energi til dette frå isbreelvene i det indre høglandet. Aluminiumsverket skulle i utgangspunktet få straum frå Fljótsdalur energiverk med eit reservoar i Eyjabakkar og eit i Kárahnjúkar. Områda låg nordaust for Vatnajökull og bygginga av demninga ville legge regionens våtmark under vatn. I 1998 viste Norsk Hydro interesse i å bygge aluminiumsverket, og i juni 1999 blei det underteikna ein avtale mellom Norsk Hydro, Landsvirkjun og regjeringa (Kárahnjúkar, 2008).

Ei av dei gruppene som protesterte høgast mot å demme opp elvene på denne tida var Icelandic Natur Conservation Association, som var oppretta i 1997 (INCA, 2008). Ein av dei grunnleggjande medlemmane i organisasjonen, den islandske forfattaren, fotografen og naturvernsaktivisten Guðmundur Páll Ólafsson gjorde sumaren 1998 ein personleg protest mot energiselskapa sin utnytting av nasjonen sine naturressursar. Dette var ein historie eg blei fortalt fleire gonger av ulike naturvernarar og det var tydleg at mannen hadde ei høg stjerne i miljøet. Historia om den personlege protesten kom mellom anna opp i samtalen med politikaren i Vinstrihreyfingin – grænt framboð og mykje av det som fylgde hendinga baserar eg på denne kvinna sine narrativer. Ólafsson, fortalte ho, hadde gått langt inn i området Landsvirkjun var i ferd med å legge under vatn for å skaffe energi, og blitt forbløffa over kor vakkert det var der. Området var geotermisk, med varme kjelder og unikt planteliv. Reservoalet var i ferd med å bli fylt når Ólafsson kom til området den 18. juli 1998:

”Ólafsson vadar gjennom ei iskald vatn og sett, på eit framleis tørt område, opp det islandske flagget på halv stang. Islandske media som tilfeldigvis er der og filmar oversymjinga gjer eit intervju med Ólafsson som kjem på nyheitene same kveld. Nokre dagar etter hendinga er han og nokre vener i området igjen før nok ei oversymjing og dei sett no ned 293 flagg; eit flagg for kvar tusande islendar. Og flagga står der den dag i dag.”

I kvinna sin skildring av episoden la ho spesielt vekt på korleis hendinga hadde ført til at masse kjensle kom for ein dag. Etter hendinga hadde det komme mange bussar med menneske til området og planane til regjeringa, fortalte ho, hadde endeleg blitt *avslørt*. Ho samanlikna med det som skjedde i Noreg på sytti og åtti talet. Ólafsson sin protest, fortalte ho, var som protesten i Alta; menneska var plutselig leie av utbygginga. Island er alltid 20-30 år etter Skandinavia, og klarte dessverre ikkje å lære av andre sine feil. Denne symbolske handlinga førte dessutan til at media for første gang tok noko interesse i industriprogrammet til Landsvirkjun, avslutta ho, og den drog særleg fokus mot dei planlagde kraftverka i Eyjabakkar/Kárahnjúkar.

I ein artikkel av Swan (2004) frå internettsida til organisasjonen Saving Iceland blir det også hevda at det i kjølvatnet av dette blei utgitt fleire artiklar rundt regjeringa sitt industriprogram i nasjonale aviser. I september gav også den nasjonale avisa Morgonbladið ut to ekstensive artiklar; ein om Eyjabakkar og ein om Kárahnjúkar og i tillegg blei det vist ein dokumentarfilm på det statseige tv der det blant anna blei gjort intervju med Ólafsson og satt spørjeteikn til regjeringa sin politikk (Swan, 2004). I Eyjabakkar, blei eg seinare fortalt, gjekk også nokre av dei engasjerte saman og rissa nasjonalsongen til Island inn på ulike steinar i området; eit ord for ein stein.

Politikarkvinna, på linje med fleire av aktivistane eg snakka med, såg på Ólafsson sin enkelthandlinga som eit vendepunkt i naturvernstrøsla og det som sparka i gang motstandskampen på Island. I denne narrativen la kvinna vekt på korleis den dramatiske handlinga hadde hatt suksess som mobiliseringspraksis gjennom å knytte seg opp mot aktørar utanfor. Handlinga førte til at mykje skjedde og slik hadde protesten gjort at naturen blei skriven om, og dessutan konkretisert i avisartiklane og i dokumentarfilmen. Narrativen vil eg hevde var også med på å konseptualisere aktivisme som ein suksessfull måte å mobilisere på og ho gav dessutan Ólafsson ein spesiell rolle og status i konflikten.

Kvinna snakka vidare om korleis det var rundt 1998 ho sjølv starta engasjere seg som aktivist og naturvernar. Før dette hadde kvinna vore skodespelar og arbeid i teateret. Hausten 1998 var ho med å arrangere det ho skildra som ein ”to timars handling mot

vandalisme” i universitetskinoen i Reykjavík; ”med hálendinu, gegn náttúrspjöllum”(med høglandet, mot naturøydelegging), med diktopplesingar, musikk og fleire talar. Kvinna viste meg plakatar frå arrangementet ho hadde hengt opp på veggen i kontoret. Plakatane hadde bilete frå områda i nord der dei sette opp dei islandske flagga, eit før og eit etter oversymjinga.

Kvinna skildra vidare korleis det denne vinteren kvar torsdag klokka eitt samla seg aktivistar utanfor parlamentsbygningen i Reykjavík. Her blei det i 30 minutt lest opp dikt med det ho omtala som nasjonalromantisk innhald. Det var også rundt 1998, fortalte ho vidare, at enkelte fekk tak i brosjyren frå 1995 der regjeringa reklamerte for billig og miljøvennleg energi. I denne perioden skjedde det dessutan store endringar i islandsk politikk. I 1998 fortalte kvinna, gjekk fleire små parti i 1998 saman og danna det større sosialdemokratiske partiet Samfylkingin (Sosialdemokratiske Alliansen), for å vere ei motvekt til Sjálfstæðisflokkurinn (Sjølvtendepartiet) sin dominans i islandsk politikk. I følge kvinna var det fleire politikarar frå dei mindre partia som derimot ikkje ynskja å vere ein del av dette partiet, deriblant biologen og forfattaren bak mange bøker om islandske natur Hjörleifur Guttormson. Han ville heller, med bakgrunn i alt som hadde skjedd den siste tida, skape sitt eige parti, og gjekk i diskusjon med blant anna Kristín Halldórsdóttir for å skape det venstrevridde grøne partiet, Vinstrihreyfingin – grænt framboð (Venstrerørsla - Dei Grøne). Partiet ynskja ei meir sjølvstendig utanrikspolitisk linje, som motstand mot NATO og EU, samt ein kraftigare miljøprofil (Vinstrihreyfingin - grænt framboð, 2008). Kvinna fortalte så at ho i mars 1999 fekk telefon frå Guttormson der han spurte om ho ville vere del av partiet og ho bestemte seg då for å gå heile vegen. Partiet blei starta i 1999, og same år fekk partiet 9.1% av stemmene og difor seks plassar i Alþingi (Alltinget, den islandske nasjonalforsamlinga). Sidan oppstarten har partiet så vore ein aktiv del av miljødebatten og i følge fleire av mine informantar det einaste partiet ein med sikkerheit kan stole på når det gjeld å ta vare på naturen.

I hennar auge var altså 1998 eit vendepunkt i naturvernsdebatten på Island, og ho fortalte lite om kva som skjedde etter dette. Kvinna viste til ein personleg narrativ som fortalte om korleis ho blei engasjert og innrulla i sakene. Ho la vekt på aspekt der særleg aktørane var viktig; enkeltaktørane hadde gått i mot og gjort endringar. At kvinna viste tilbake på akkurat denne hendinga, vil eg hevde nettopp konstituerte Ólafsson sin protest som suksessfull. Ho viste i tillegg korleis ”avsløringa” av brosjyren i boka til Magnason hadde hatt agens i å sjokkere befolkninga. Narrativane var også med på å konseptualisere regjeringa som ein-sidedig opptatt av økonomisk vinning; dei ville gjere kva som helst for pengar; også skjule sanninga og holde ting hemmeleg for befolkninga.

Kárahnjúkar

I juni 1999 blei prosjektet om aluminiumsfabrikken i Reyðarfjörður formalisert og det blei gjort ein erklæring mellom regjeringa, Landsvirkjun og Hydro aluminium (Kárahnjúkar, 2008). Men den vaksande gruppa naturvernarar hadde gjort motstand mot planane og fått opinionen meir over på si side. I desember 1999 var det lite støtte til aluminiumsverket blant folket og meningsmålingar viste at støtta låg på 49.8 prosent. Menneske utanfor Reykjavik var derimot meir for prosjektet, og aust i Island var berre 20 prosent mot prosjektet (Kárahnjúkar, 2008c).

Som del av den minkande stønaden signerte, i overgangen mellom 1999 og 2000, 45 000 islendarar på ein underskriftskampanje til regjeringa om at det føreslåtte Fljotsdalsvirkjun vassenergiverk i nordaust Island og det tilhøyrande Eyjabakkar reservoaret skulle gjennomgå ein miljøkonsekvensutgreiing (Árnason, 2005).

Det blei grunna dette, i juni 2000, bestemt at det blei ingenting av planane i Eyjabakkar området på grunnlag av verdien det hadde som våtmarksområde, men like etterpå annonserte Landsvirkjun at eit mykje større kraftverk enn det opphavleg planlagde skulle bli bygd i naboområdet Kárahnjúkar. Det blei så avgjort at prosjektselskapet Reyðarál, som Norsk Hydro og islandske investorar eigde ilag, skulle utvikle planane om smelteverket medan Landsvirkjun skulle gi det energi med

kraftverket i Kárahnjúkar. Det som i utgangspunktet skulle vere to separate reservoar blei no lagt om til eitt der dei to elvane Jökulsá á Dal og Jökulsá í Fljótsdal skulle koplust saman og begge renne ut i Hálslón og ikkje på Eyjabakkar. Kárahnjúkar kraftverket skulle bestå av 5 store demningar, og vere fullstendig ferdig i 2009 (Kárahnjúkar, 2008b).

Planane om det enorme Kárahnjúkar kraftverket, som inkluderte ein 190 m høg og 700 m lang demning, sparka så i gang ein enda større kontrovers i landet. Den påføljande perioden var prega av eit enormt fokus i avisene, hundrevis av artiklar med ulike synspunkt blei skriva og det skjedde fleire demonstrasjonar (Árnason, 2005). Også utanlandske media byrja skriva om saken og det dukka opp artiklar både i New York Times, the Guardian, the Ecologist og i Orion Magazine (Stelzer, 2007). I september 2000 viste likevel meningsmålingar at støtta til prosjektet var komme opp på 60 prosent (Kárahnjúkar, 2008c).

I juni 2001 gjorde så Skipulagsstofnunn (Islandske planleggingsembete ansvarleg for at lovar blir administrert og gjennomført) ei miljøkonsekvensutgreiing. Det blei no stemt mot demninga og Kárahnjúkarverket blei avvist på grunnlag av vurderingar om utviklinga sin innflytelse på miljøet kombinert med lite informasjon om dei individuelle faktorane og miljøeffektane. På denne tida var Framsóknarflokkurinn og Sjálfstæðisflokkinn i koalisjon i regjeringa med Samfylkingin og Vinstrihreyfingin – grænt framboð i opposisjon. Vassenergi var ein del av ansvaret til handel- og industriministeren Valgerður Sverrisdóttir, og Siv Friðleifsdóttir, miljøvernsministeren. Siv Friðleifsdóttir reverserte så bestemminga og godkjente Kárahnjúkarverket i hennar omfattande bestemming rundt miljøkonsekvensutgreiinga annonsert i 2001 (Kárahnjúkar, 2008b).

I august 2001, etter Skipulagsstofnunn annonserte bestemminga, blei det gjort ein meningsmåling om opinionen sine synspunkt på Kárahnjúkarvirkjun som viste at stønaden for prosjektet ikkje hadde gått mykje ned samanlikna med i juni og i den påføljande perioden til 2002 vaks den faktisk (Kárahnjúkar, 2008c). Fleire av mine informantar påpeika derimot for at Landsvirkjun og Sverrisdóttir hadde haldt viktig

informasjon, i form av økonomiske og geologiske rapportar, skjult for parlamentet på tidspunktet då dei skulle stemme over Kárahnjúkar prosjektet. Befolkninga var dessutan ikkje informert om sakene, og bestemminga hadde såleis ikkje vore demokratisk.

Det var i utgangspunktet Norsk Hydro som sto bak utbygginga, men då dei i 2002 trekte seg ut av avtalen fordi dei ville ha meir tid til å revaluere dei langsiktige bestemmingsplanane, blei det bestemt at det var ynskjeleg å få inn ein ny samarbeidspartnar. Det amerikanske selskapet Alcoa kom så inn og teikna kontrakt med Landsvikjun og den 19. april 2002 vart det underteikna ein "Joint Action Plan" mellom Alcoa, regjeringa og Landsvirkjun. I 2002 byrja forhandlingane for elektrisitetssal til Alcoa Fjardaál i Reyðarfjörður og konstruksjon av verket byrja i 2003 (Kárahnjúkar, 2008).

Planane til regjeringa på denne tida kom fram gjennom strategien "Welfare for the future- Iceland's National Strategy for Sustainable Development 2002-2020" utgitt av Miljøvernsdepartementet i 2002. Strategien hadde rot i Riokonferansen frå 1992 og det blei vist til korleis det dei 10 siste åra, mykje grunna opprettinga av miljødepartementet i 1990, hadde blitt mange nye lovarsetjingar om miljø på Island. Desse, blei det hevda, baserte dei seg på vitskap og den største av endringa blei sagt å vere Island sitt medlemskap i EØS der landet blei underlagt europeiske lovar for å unngå forureining og leggje vekt på berekraftig utvikling. Her blei det vidare vektlagt korleis berekraftig utvikling inkluderte både økonomisk vekst, sosial velstand og beskytting av miljøet der økonomisk vekst og vern av miljø skulle gå saman. Island nytta seg av sytti prosent fornybare energikjelder, blei det vidare påpeika, og dette kunne såleis gi reinare energi til aluminiumsindustrien enn det som hadde vore mogleg andre plassar. Det blei i tillegg hevda at arbeidet på "Master Plan" for å utvikle vassenergi og geotermiske ressursar måtte fortsette, at regjeringa planla fleire aluminiumsverk og at 100 moglege vassenergi og geotermisk energiprojekt skulle under evaluering (Miljøvernsdepartementet, 2002).

Berekraftig utvikling blei så brukt som eit retorisk grep for å vise til korleis utbygging av industri på Island var å ta ansvar for ein global utvikling og ein god måte å redde naturen på. Naturvernarane haldt derimot fram med protestane og i 2002 starta aktivistar reiseorganisasjonen Augnablik meint for å vise fram naturen til islendarar og såleis engasjere dei mot utbygging. Swan (2004) hevdar også at det denne sumaren vart vist ein fleire sidars biletmontasje i avisa Morgonbladid og at i september gjorde Erla Þórarinsdóttir, presidentens stedotter, ein protest ved å pakke inn ein statue i aluminiumsfolie. 1. oktober samla fleire hundre menneske seg framom Alþingishúsið (parlamentsbygningen) og protesterte, og den 7. oktober hadde mora til den islandske verdskjente artisten Björk ein tre vekers sveltestreik. Protestane haldt så fram i november og desember, viser Swan (2004) til, med demonstrasjonar og ynskje om nasjonalpark i området.

Trass i desse protestane godkjente Landsvirkjun den 10. januar 2003 planane om å byggje smelteverket. Fire dagar seinare skulle regjeringa stemme om støtte og i samband med dette legg Swan (2004) vekt på korleis det samla det seg mange aktivistar utanfor parlamentsbygninga og skreik "ikkje gjer det!". I mars 2003 blei det likevel teikna under 40 års kontrakt med Alcoa om å gi energi til aluminiumssmelteverk i Reyðarfjörður (Kárahnjúkar, 2008b; Swan, 2004).

Det hadde her skjedd ein tilknytning av mange ulike aktørar der særleg Ómar Ragnarson, men også mora til Björk og presidenten si stedotter hadde blitt med i debatten. Sumaren 2005 gav i tillegg Guðmundur Páll Ólafsson ut ei bok om høglandet sin flora og fauna.

Likevel låg alt til rette for at Kárahnjúkar skulle bli ein realitet, og det blei aktivisert fleire aktørar i debatten.

Saving Iceland

I 2005 starta nokre islandske aktivistar organisasjonen Saving Iceland og orienterte seg i hovudsak mot eit internasjonalt aktivistnettverk, men også mot islendarar. Ei

kvinneleg medieansvarleg i gruppa fortalte meg at Saving Iceland var ingen formell organisasjon, men ei anarkistisk gruppe utan leiing. Det var ingen fast base i organisasjonen, hevda ho, og menneska arbeidde frivillig og uavhengig av kvarandre. Rekruttering av nye medlemmer til organisasjonen, blei eg fortalt, skjedde i hovudsak over internettsida deira.

På internettsida til organisasjonen blir organisasjonen definert som ein internasjonal kampanje for å forsvare den islandske naturen frå tungindustri. Sida inneheld mykje informasjon i tillegg til bilete frå området og har ført til at aktivistar frå heile verda har engasjert seg i aluminiumsutbygginga på Island. Det blir også vist linkar til andre naturvernsorganisasjonar slik som islandske Náttúruvaktin, INCA, Augnablik og andre internasjonale kampanjar mot Alcoa og demningar, og EarthFirst! (Saving Iceland, 2008).

Demonstrasjonane i 2007, under mitt opphald på Island, fekk mykje merksemd i media, noko eg blei fortalt også hadde skjedd åra før då Saving Iceland hadde protestert. Det har i hovudsak vore gjennom tre campar på Island sumarane 2005, 2006 og 2007 at Saving Iceland har uttrykt seg. Enkeltaktørar frå organisasjonen har derimot også hatt demonstrasjonar ved å til dømes blokkere islandske ambassadar og Alcoa sine kontor ulike plassar i Europa.

Ei islandsk kvinne som var med i organisasjonen, fortalte meg ei historie om den første gruppa sin protest på Island. Deltakarane i Saving Iceland hadde, under ein ”workshop” i 2005, tilfeldigvis fått høyre om ein konferanse om aluminium på Nordic Hotel i Reykjavík der representantar frå Alcoa kom for å diskutere energiavtalar. Deltakarane hadde så bestemt seg for å oppsøke konferansen for å protestere og kvinna, som hadde vore med å filma hendinga, fortalte meg lattermildt korleis aktivistane hadde kasta grøn *skyr*, eit islandsk, jogurtliknande mjølkeprodukt, på konferansedeltakarane, og korleis dette hadde verka inn på konferansen. Islandske autoritetar, fortalte ho vidare, hadde sett på dette som vold, og spesielt ville dei at aktivistane skulle betale teppet som hadde blitt øydelagt av produktet.

Ho fortalte vidare korleis den første campen til gruppa starta den 21. juni same året og at talet på deltakarar på denn hadde variert gjennom sumaren og vore alt frå 1-50. I tillegg var det denne sumaren den organiske kafeen i Laugavegur, Kaffi Hljómalind, blei opna.

Demonstrasjonane til Saving Iceland, konkluderte ho med, hadde gjort ein stor forskjell i at menneske som var motstandarar til aluminiumsindustrien ikkje lengre blei gjort narr av, og at dei no kunne demonstrere i landet utan å vere redde.

Hendinga på Nordic Hotell hadde vist at islendarar ikkje var passive og at Alcoa ikkje kunne gjere som dei ville i landet. I 2005 skjedde ein endring i engasjementet, fortalte ho vidare, og særleg i forhold til protestane hjå islendarane. Det hadde gitt folk mot til å heve stemmene, og fått opp dialog og fokus på sakene.

I 2005 fekk også politiet eit dårleg rykte blant demonstrantane etter dei, med kvinna sine ord, ”freaka ut” og oppførte seg dårleg i forhold til demonstrantane. For å illustrere dette fortalte ho om korleis politiet hadde oppførte seg dårleg mot demonstrantane ved å blant anna illegalt arrestere dei. Engasjert hevda ho korleis politiet hadde forfølgd demonstrantane i Reykjavík og at dei dessutan, under campen til Saving Iceland i 2005, hadde stoppa mattilførselen til den gjennom å gjennomsøke bilane som kom til området. Ho hinta også til at politiet kunne vere korrupte og at dei mogleg fekk pengar frå Alcoa til å trene seg opp i utlandet

I 2006 vart det på ny arrangert camp av Saving Iceland og i samband med denne blei det starta ei islandsk undergruppe av organisasjonen, Íslandsvinir, for å, i følge kvinna, tiltrekke seg fleire islendarar. Denne blei skapt fordi ein ynskja ha eit alternativ for islendarar som følte det var litt unaturleg å vere med i ein organisasjon med så mange utlendarar, og kvinna påpeika at dette hadde vore ganske suksessfullt. I 2006 var difor Íslandsvinir sin familiecamp ein del av campen og det hadde i følge kvinna vore fleire islendarar med enn i 2005. Aktivistane hadde her lenka seg til køyrety, spraymala maskineri, køyrety og skilt og dessutan øydelagt publisitetsbrosjyrar om prosjektet på besøkssenteret til Kárahnjúkar. Kvinna viste her til at politiet i 2006 hadde vore enda verre enn i 2005, og politisjefen hadde mista

fullstendig kontrollen. Ho meinte dessutan at demonstrantane hadde blitt spionert på, det hadde vore nytta personlege trugsmål mot dei og telefonane deira hadde blitt avlytta av regjeringa og aluminiumsselskapa. Fordi kvinna hadde vore mykje i media i samband med naturvern, avslutta ho, var ho redd når ho bevega seg i områder i aust der folk var for industrialiseringa.

Gjennom narrativen gav ho slik protesten ein signifikans i at denne hadde vore med på å gjere protest om til ein vanleg praksis på Island. Saving Iceland hadde så produsert ny kulturell og politisk meining der sivil ulydnad og meir ekstreme protestformer var mogleg (jf. Alvarez, 1997). I tillegg la ho vekt på korleis regjeringa, aluminiumsselskapa og politiet var ”ute etter” aktivistane, og slo hardt ned på deira praksisar.

Draumalandið

I 2006 kom, som nemnt, Andri Snær Magnason si bok *Draumalandið - sjálfshjálparbók handa hræddri þjóð* (*Draumelandet – ei sjølvhjelpsbok for ein redd nasjon*) ut. Denne boka kom stadig opp samtalaneg hadde tidleg i felten. Boka hadde nemleg blitt ein bestseljar i landet og dei aller fleste eg snakka med, uavhengig synspunkt på industri, hadde difor kjennskap til den.

Magnason var tidlegare barnebokforfattar, men etter han starta engasjere seg i naturvern skreiv han denne boka. I byrjinga av boka fortel Magnason om ein samtale han ein gong hadde med ein taxisjåfør. Mannen har høyrte Magnason uttale seg, skyldar han for å vere urealistisk, og ber han sjå røynda slik den eigentleg er; Island treng industri. Magnason tek utgangspunkt i desse oppfatningane, som han kallar mindreverdileikskjensla til isendarane, og viser til at Island ikkje treng tungindustri. Dette gjer han gjennom å fokusere på tal, argumentere for at økonomien er bra i landet og at det er mykje å tene på til dømes kultur og turisme (Magnason, 2006).

I følgje fleire av mine informantar endra utgivinga av denne boka heile motstandsbilete og vore særst viktig for at folk har byrja engasjere seg. Det var noko

som gjorde om på representasjonen av engasjerte menneske, blei eg fortalt, og synte at det ikkje berre var hippiar som var i mot industri. Også utanlandske media plukka opp saken og i avisa "In these times" står det til dømes at boka teikna

"... a scenario in which Iceland has the opportunity to use its energy to become a sustainable nation, Dreamland details the economic benefits that such a decision would offer, before delving into what actually took place on the Kárahnjúkar project. The book woke up the small nation to a nightmarish reality far removed from its own self-image" (Stelzer, 2007).

Boka vart altså ein aktør som hadde hatt suksess i å knytt seg opp mot mange islendarar. Magnason hadde knytt seg til regjeringa sine planar, vist korleis dei var korttenkte og unødvendige, og slik gjennom boka suksessfylt tiltrekt seg fleire aktørar i kontroversen. Boka blei slik tillagt meining som politisk objekt og gitt agens i skapinga av motstandsfeltet (jf. Linstroth, 2002).

Protestar i 2006

Protestane haldt også fram i 2006. Den 26. september marsjerte 12 000 menneske i eit siste forsøk på å stoppe Kárahnjúkarprosjektet. Ein av mine informantar fortalte korleis det stadig hadde blitt innrulla fleire og fleire i motstandsmarsjane. Den første hadde talt 1500, den andre 3000 og den tredje altså heile 12 000. Den 28. september blei derimot vassreservoaret Hálsalón fylt opp og motstandarane forsto at dei hadde tapt kampen for Kárahnjúkar (Steltzer, 2007).

Framtíðarlandið

I kjølvatnet av *Draumalandið*, hausten 2006, blei også ei ny gruppe motstandarar, Framtíðarlandið, oppretta. I følge ein representant frå gruppa blei dette gjort fordi han, i motsetning til kvinna frå Saving Iceland, meinte aktivisme såg ut til å fungere dårleg på Island. Han argumenterte for at campane til Saving Iceland mogleg hadde skapt negative kjensler hjå opinionen og difor ikkje bidrege å endre meiningane deira. Fordi Kárahnjúkarvirkjun blei gjennomført med god stønad blant befolkninga hadde

ikkje miljøvernsmobiliseringa vore effektiv nok. Med denne gruppa ville dei difor, påpeika han, henge seg på Magnason sin fokus på business og fakta, og ikkje vere redde for å nytte seg av økonomiske argumentasjonar. Framtíðarlandið ynskja spesielt å fokusere på boom-økonomien utbygginga har skapt, fortalte han, og korleis dei store selskapa øydelegg for mindre selskap noko som på sikt vil øydeleggje islandsk økonomi. Ved å vere krysspolitiske og bruke lik retorikk som regjeringa ville dei vere meir positive og konstruktive enn dei andre gruppene. Gjennom slike strategiar, avslutta han, hadde gruppa klart å få i gang ein dialog med regjeringa.

Andre grupper

Som eg tidlegare har peika på har også INCA engasjert seg i samband med miljøvern på Island, i tillegg til blant anna Natturvaktin og Landverdn. Det har også oppstått meir regionale motstandsgrupper, særleg sør i landet. Desse orienterar motstanden på lokalt nivå samtidig som det er eit visst samarbeid mellom dei ulike gruppene. Alle gruppene i sør kallar seg Sol á/í ...(stadnamnet), der Sol í Straumi har arbeidd mot forstørringa av smelteverket i Straumsvík i Hafnarfjörður, noko som kan ha bidrege til at det faktisk blei avslått. Sól á Suðurlandi jobbar mot bygginga av kraftverk i Þjórsárver sør på Island og i tillegg er det også fleire rørsler i nord. Ei kvinne eg snakka med som hadde tilknytning til Saving Iceland påpeika viktigskapen av desse gruppene. At naturvernarane fekk knytt til seg bønder og menneske direkte affektert av utbygginga av kraftverket, hevda ho, kunne gje dei meir legitimitet blant befolkninga. Dette skal eg sjå nærare på i kapittel fire.

Regjeringsstrategiar

I 2006 gav Miljøverndepartementet ut ein oppdatering på ”Welfare for the future” brosjyren frå 2002. Her blei også berekraftig utvikling lagt vekt på, men det blei brukt litt meir forsiktige retorikk då dei portretterte dei framtidige industriplanane. Dette gjorde dei mellom anna ved å seie ”dei skal unngå større øydelegginga av våtmarker”, og ”prøve unngå øydeleggje villmarka”. Dei ville derimot framleis

fortsette å bruke dei fornybare ressursane i landet. Frå Kyotoprotokollen fekk Island løyve til å heve drivhusgassutsleppet med ti prosent frå 1990 nivået. Drivhusutsleppet steig med åtte prosent frå 1990 til 2003, men det var likevel er det venta at Island vil nå måla til Kyotoprotokollen (Miljøvernsdepartementet, 2006b). I 2006 blei det også gitt ut ein “Iceland’s Fourth National Communication on Climate Change under the United Nations Framework Convention on Climate Change” og “Iceland’s Report on Demonstrable Progress under the Kyoto Protocol”. Innhaldet i desse skal eg komme tilbake til seinare.

I 2007 gav regjeringa vidare ut ”Iceland’s Climate Change Strategy”, den tredje klimaendingsstrategien til den islandske regjeringa. Denne var gitt ut som ein langtidsvisjon for å takle klimaproblem i tida mellom 2007-2050. Her blir det mellom anna vist til nasjonen sitt ynskje om å gå i fronten for global motverking av klimaendringar. Klimaproblema er globale, blei det hevda, og kan difor berre motarbeidast dersom nasjonane i verda handlar saman. Island arbeider under United Nations Framework Convention on Climate Change, som var ratifisert i 1992 og Kyoto protokollen som var ratifisert i 1997 og satt i effekt i 2005. Målet til regjeringa var derimot høgare, dei vil redusere drivhusgassutslepp med 50-75 prosent frå 1990 til 2050. Ved å redusere utslipp av drivhusgassar og bytte ut fossilt brensel med fornybare energikjelder, blei det argumentert for, vil ein kunne oppfylle krava gitt av dei overnemnte internasjonale konvensjonane (Miljøverndepartementet, 2007).

Vidare industriplanar

Det nasjonale kraftselskapet Landsvirkjun har i dag elleve energiverk på Island. Dei fleste er vassenergi og dampenergi, men nokre er også drive av olje. Det er derimot framleis ekstensive planar om å bringe industrien enda vidare, noko som inkluderar konstruksjonen av nye smelteverk og forstørring av eksisterande. Alcoa vil byggje eit nytt aluminiumsverk i nord, i Bakki, nær den vesle bygda Húsavík. Alcan og Century Aluminium har allereie blitt gitt grønt lys for å bygge ut dei eksisterande smelteverka i sørvest Island, medan Century Aluminium vil også byggje eit anna

aluminiumsmelteverk i Helguvík, nær Keflavík. I tillegg er planar om kraftverk i Kringilárrani og Tjorsarver og Thorlákshöfn sør på Island og Keilisnesi nær Vogar (Saving Iceland, 2008d).

Stortingsvalet 2007

På grunnlag av dei vidare industriplanane til regjeringa og kontroversen som var skapt gjennom Kárahjúkarsaka, var altså spørsmålet om utbygging av industri ein av dei viktigaste sakene under stortingsvalet i 2007.

Opinionen sine synspunkt rundt bygging av Kárahjúkarverket hadde vore knytt opp mot politisk samhør der tilhengarar av Framsóknarflokkurinn og Sjálfstæðisflokkurinn stötta prosjektet, medan Vinstrihreyfingin –grønt framboð sine tilhengarar var mot prosjektet (Kárahjúkar, 2008c). Dette var også tendensen under valet i 2007. Før valet la til dømes Ármann Kr. Ólafsson frá Sjálfstæðisflokkurinn, i avisa Grapevine (2007), vekt på korleis tungindustri hadde vore viktig for utviklinga av islandsk økonomi og at han ville halde fram å nytte energien. I tillegg viste Sægunn Stefánsdóttir, frá det andre regjeringspartiet Framsóknarflokkurinn, til korleis det lenge hadde vore ein politikk å promotere islandsk reine og fornybare energi, og at dette var bra for berekraftig utvikling. Gudmundur Steingrímsson frá Samfylkingin, (sosial demokratiske alliansen) uttalte derimot at han ynskja utsette framtidsplanane om industri og energi gjennom å fokusere på vitskaplege undersøkingar av naturen og betre bestemmingsprosessane og slik berre utvikle tungindustri under rette kondisjonar (Grapevine, 2007).

Under eitt av mine intervju på Kaffi Hljómalind i februar, nokre månadar før valet på Island, blei eg fortalt korleis alle partia, etter kontroversen rundt Kárahjúkarvirkjun, hadde byrja vise meir interesse i å verne områder. Den rundt 30 år gamle kvinna, som hadde vore med og arrangere familiecampen til Saving Iceland og Íslandsvinir året før, viste til korleis alle partia hevda å ville ta vare på naturen. Dette var derimot noko dei berre gjorde på papiret. Det var ingen andre enn Vinstrihreyfingin –grønt framboð, haldt ho fram, som med sikkerheit ville endre politikken til det positiv. Som

eg har sett på var dette også noko representanten i partiet som eg snakka med la vekt på. Ho ynskja stogge dagens politikk, ta vare på naturen gjennom å blant anna forme ein naturbeskyttelsesplan og dessutan freiste finne meir kompliserte løysningar tilpassa dei ulike bygdene i staden for ein enkel satsing på aluminiumsindustri.

Rett før valet, og etter møtet med kvinna, blei det derimot oppretta eit nytt parti, Íslandshreyfingin (Íslandsrørsla). Partiet vart starta av den tidlegare journalisten og aktivisten Ómar Ragnarson og var meint som eit alternativ til dei som var i mot industriutbygging, men ikkje såg på det venstreradikale og feministiske Vinstrihreyfingin –grænt framboð som noko reelt alternativ. I følge Ragnarson i Grapevine (2007) var fokuset til partiet å halde fram med å setje miljøsakene på den politiske dagsorden og kjempe mot tungindustri samtidig som å fokusere på innovasjon, generell velstand, likskap og auka demokrati.

Både Framtíðarlandið, gjennom ein kampanje og konsert, og Íslandsvinir, gjennom å sende ut flyers, freista før valet å mobilisere islendrar til å stemme på partia som ynskja stogge utviklinga. Det blei likevel ikkje som naturvernarane hadde håpa; Vinstrihreyfingin –grænt framboð fekk ingen plass i regjeringa og Íslandshreyfingin fekk heller ikkje nok stemmer til å bli representert på Alþingi. Likevel skapte byttet av samarbeidspartnar til det største partiet Sjálfstæisflokkurinn, frá Framsóknarflokkurinn til Samfylkingin, eit visst håp for naturvernarane. Samfylkingin var etter partiplanen noko meir negative til industriutbygginga og den nye miljøvernsministeren frá dette partiet, Þórunn Sveinbjarnardóttir, hadde blant naturvernarane status som meir informert om naturvern enn den tidlegare miljøvernsministeren.

Produksjonen av motstandsfeltet

Eg har her sett på korleis hendingar som blei framheva i naturvernennarrativane når dei fortalte om debatten sin utvikling i landet.

Narrativane la vekt på nettopp dei områda der noko hadde vore suksessfylt, der aktørar hadde knytt til seg andre aktørar slik at nye praksisar hadde, i deira auge, komme til. Fundamentalt i historiene var menneske som individuelt ansvarleg for å protestere og måten dette kan føre til endringar i menneske sin bevisstleik.

Aktørnettverket inneholdt menneske som Guðmundur Páll Ólafsson og Andri Snær Magnason, der Ólafsson sin personlege protest blei gitt særleg signifikans på same linje som *Draumalandið* (2006) og måten den tilknytte seg økonomi, tal og peika på regjeringa sine planar. Med *Draumalandið* (2006) blei saken oversatt til størrelsar som menneska lettare kunne gripe, som tal og økonomi og slik bidrog den suksessfullt til å mobilisere (jf. Asdal, 2004). Kortnebbgåsa blei tidleg bunde opp i konflikten, gjennom Peter Scott sine undersøkingar, og har haldt fram, som eg skal sjå på i kapittel fire, med å vere ein viktig aktør i debatten. Ulike organisasjonar hadde også komme til, som INCA, Saving Iceland, Framtíðarlandið og dei regionalt fokuserte gruppene. Dessutan har det også blitt oppretta eit politisk parti som vellykka er blitt ein del av nettverket. Partiet som var oppretta i samband med valet 2007, Íslandshreyfingin, har derimot, som eg har sett på, ikkje lukkast bli ein del av debatten. Narrativane rundt dette var såleis med på å skape røynda til naturvernarane der protestar var ein spesielt viktig for å mobilisere.

I narrativane kom det også fram sær negative tankar om regjeringa, Landsvirkjun, og dei multinasjonale selskapa. Spesielt blei regjeringa og Landsvirkjun sin brosjyre frå 1995 dratt fram for å vise til korleis dei var opptatt av å byggje ut økonomien gjennom å lokke til seg utanlandske selskap ved å selje elektrisitet latterleg billig. I tillegg vart det vist til korleis regjeringa hadde spionert på demonstrantane, politiet hadde ulovleg arrestert dei med regjeringa sin velsigning, og generelt oppført seg dårleg mot demonstrantane.

Kárahjúkar saken hadde gjennom ein prosess av samproduksjon av ulike aktørar bidrege til overordna politikk. Det blei vist til ein prosess der aktørar, både menneskelege og ikkje-menneskelege, blei kopla til kvarandre og korleis dei, gjennom å opptre i lag, sette i gang ein mobilisering som blei materialisert, og bidrog

til ein produksjon av ny kunnskap (Asdal, 2004). Desse aktørane var til dømes protestane, dokumentarfilmar, og avisartiklane og dessutan også narrativane som gjennom å bli tilknytt kunne spreie budskapen (jf. Asdal, 2004, Callon, 2001, Latour, 1987). Med naturvernarane sine narrativar kom det slik fram korleis natur har blitt ein del av den islandske samfunnsdebatten ved at diskursar om naturen hadde blitt transportert til ulike aktørar (Callon, 2001). Røynda hadde, gjennom opprullinga av desse diskursane, blitt eit resultat av forhandlingar rundt ulike aktørar sitt forhold til naturen. Kunnskapen om naturvern blei slik produsert og legitimert, og skapte ein ny måte å forstå og relatere seg til naturvern på (Escobar, 1997).

3. "Og det er det me gjer; reddar Island!"

"Never doubt that a small group of thoughtful, committed citizen can change the world. Indeed, it is the only thing that ever has."

Den amerikanske antropologen Margareth Mead; sitat frå poster hengt opp på toalettet under ein konsert i regi av Saving Iceland.

Eg vil her sjå på

1. korleis naturvernarar, med fokus på aktørar i tilknytning til Saving Iceland, har organisert sin motstand; korleis verkemiddel og retorikk dei nytta seg av for å opplyse og korleis verdiar dette viste tilbake på
2. korleis naturvernarane konseptualiserar og representerer fienden, og korleis dette verka på konstitueringa av eigen identitet og forhold til natur

I kapittel to såg eg på korleis regjeringa, Landsvirkjun og aluminiumsselskapa blei portrettert av naturvernarane gjennom ulike narrativar. Her kom det fram eit syn på at det var enkeltaktørar hadde starta motstandstradisjonen i landet. Dette kapittelet vil fokusere på korleis opplysning vart sett på som ein favorisert måte å engasjere befolkninga på. Eg vil så vise til protestar gjort av Saving Iceland sumaren 2007, kva dei kommunisert og korleis dette verka tilbake på konstituering av naturvernarane sin identitet.

Som eg har sett starta motstanden mot industrioppbyggnad før Saving Iceland gjorde sin frammarsj i den islandske offentlegheita. Saving Iceland vart rett nok av mange sett på som meir ekstreme enn tidlegare demonstrantar og mange av mine informantar hadde eit syn på at med gruppa blei protestane meir radikale enn typisk islandske demonstrasjonar. Trass i at dei tidlegare demonstrasjonane, som eg såg på i kapittel to, ofte blei dratt fram for å vise korleis det hadde skjedd endringar i politikken blei dei også av mange, og då særleg av menneske knytt til Saving Iceland, sett på som

stille og ”pysete”. Desse hadde alltid politiet sin velsigning, hadde ikkje tiltrekt seg nok merksemd og difor vore lite effektive.

Sjølv om Saving Iceland ofte blei sett på som meir ”ekstreme” enn dei andre motstandsgruppene, tilknytte likevel aktørar utanfor gruppa seg til den ved å delta på nokre av deira arrangement. Eg vil difor også setje protestane til Saving Iceland i samanheng med narrativar fortalt av aktørar som ikkje hadde tilknytning til denne spesifikke gruppa. Som eg såg på i førre kapittel vil ein analyse av narrativane kaste lys over korleis naturvernarane konseptualiserer røynda (Cruikshank, 2005).

Gjennom å sjå på korleis naturvernarane sette seg sjølv og sine idear i motsetning til ein ”annan” vil eg gjennom ”otherness” også lese noko om korleis dei forsto seg sjølv (Said, 1978).

”Me kan gjere det saman!”

”Så kva gjer me? Me utdannar oss sjølve, me er ulydige, direkte, slik me har vore i fleire år... Me er sterkare enn nokon sinne... fordi me kan vere sterkare enn nokon sinne! Dei har makta og me har berre... oss sjølve. Me kan gjere det i saman!”

Slik starta ein konsert arrangert av Saving Iceland i Reykjavík tidleg juli 2007. Då eg kom til konsertplassen litt over åtte sto ei gruppe rundt 18 år gamle ungdommar utanfor. Fleire hadde dreadlocks og var kledd i naturfarga og slitte klede. I gongen låg ulike flygeblad, og då det første bandet byrja spele kom det på veggen bakanfor opp lysbilete frå ulike områder på Island. Dette haldt fram under heile konserten. Ei av syngedamene hadde laga ein song inspirert av saken om Kárahnjúkarvirkjun, og det blei haldt fleire appellar.

Her hadde eg også avtalt eit møte med ein av personane bak Saving Iceland. Konserten, fortalte den rundt 30 år gamle mannen, hadde eliten av islandske band på plakaten, og eit halvfullt lokale var ikkje bra nok. Det viktigaste med konserten var nemleg å opplyse, avslutta han, og rekruttere menneske med på campen dei

arrangerte denne sumaren; ”Summer of International Dissent against Heavy Industry”.

Konferanse

”Summer of International Dissent against Heavy Industry” byrja med ein konferanse påføljande helg kalla “Global Consequences of Heavy Industry and Large Dams”.

Hotellet der konferansen blei haldt låg idyllisk til i eit elles forlate landskap på vegen mellom Hveragerði og Þorlákshöfn, og det var her aktivistane i Saving Iceland hadde, i samband med campen, slått opp telta sine. Vegen frå Hveragerði til hotellet gjekk mellom eit lite fjell på eine sida og langstrakte grønne sletter med spreidde gardar på den andre. Då eg, etter å ha haika det siste stykkje, kom fram til det avsidesliggjande hotellet, såg eg ei klynge telt, kanskje 10-15 til saman. Nokre av telta var større; som mattelt, yogatelt og informasjonstelt, medan resten var privattelt. Mannen eg hadde snakka med på konserten kom smilande mot meg, ynskja meg velkommen og påpeika korleis det fine veret var perfekt for ein slik dag.

Eg gjekk inn å sette meg i restauranten på hotellet og menneske frå campen, kanskje rundt femti til saman, gjekk stadig ut og inn av hotellet før konferansen starta. Dei fleste var rundt 18-20 år, snakka engelsk med kvarandre og såg ut til å kjenne kvarandre frå før. Eg kjente igjen fleire av deltakarane frå konserten nokre dagar før og stilen med klede i naturfargar, og dreadlocks var den same. Det var rett nok også fleire eldre på konferansen og blant dei nokre av dei islandske aktivistane eg hadde snakka med tidlegare. Eg helsa på og snakka med fleire av dei, blant anna ei kvinne i partiet Vinstrihreyfingin –grænt framboð, ein ung dokumentarfilmskapar, og ein representant av Framtíðarlandið. Ute hadde eg også sett nokre ungar som sprang rundt, og eg rekna med at dette var ungane til nokre av dei litt eldre, islandske aktivistane.

Det var eit vell av ulike talarar på konferansen; fleire forskarar, ei kvinne frå Trinidad og ei frå Sør-Afrika samt ein brasiliansk mann. To av dei mest sentrale personane i

den islandske motstandsørsla; naturvernsaktivisten og forfattaren av *Draumalandið* Andri Snær Magnason og journalisten og dokumentarskaparen Ómar Ragnarson var der, i tillegg til ein bonde frå Kárahnjúkarområdet. Som ein del av publikum blei eg sittande å høyre på kva som blei sagt. I pausane freista eg snakke med dei ulike deltakarane, og stille oppfølgingsspørsmål til dei ulike talarane.

Opplysning

”Me er her for å finne ut og avsløre meir om makroprosessane til dei store selskapa. Finne ut meir om ”djevelen” og såleis finne ut meir om oss sjølv. Me vil risikere livet. Me må vite meir om oss sjølv slik at me veit når og korleis me skal handle. Amen, change-a-lujah!”

Det var ”Reverend Billy”, konferansieren, som snakka. Mannen var i 30-40 åra, hadde bleika halvlangt hår, beige dress og prestekrage. Han var frå New York og ein representant frå det han kalla ”The Church of Stop Shopping”. Mannen var leigd inn frå Saving Iceland til å leie konferansen og med karakteren ”Reverend Billy” ynskja han, med eigne ord, å mime den siste audmjuke, milde og underdanig av amerikanske ikoniske karakter. I tillegg freista han tydelegvis vere mest mogleg lik religiøse sektleiarar både i utsjånad og i retorikk samtidig som kledda han brukte fekk han til å likne Elvis. Stadig vekk skreik han *”amen, change-a-lujah everybody!”* klart retta mot dei yngre aktivistane. Utropa hans blei entusiastisk tatt i mot med latter og jubel frå dei fleste på konferansen og rolla han hadde såg ut til å vere både komikar og seriøs aktivist. Denne litt paradoksale rolla blei godt mottatt av dei unge aktivistane, og det var tydeleg at alle visste godt kven han var frå før.

Eit av hovudpoenga på konferansen var å diskutere kva som måtte bli gjort for å engasjere befolkninga. Ei kvinne på rundt 40 år som hadde vore aktivist i mange år uttalte blant anna *”.. me må gjere noko, viss ikkje vil den vakre verden gå under... me må spreie budskapet som eit virus”*. Ho viste så til fleire høve der aktivisme hadde hjelpt og dette blei særdeles godt mottatt av resten av forsamlinga. Under ein av diskusjonane var det også nettopp dette som blei tatt opp. Diskusjonen blei kalla ”grasrot-møte” og 12 islendarar var med. Islendarane representerte ulike menneske

engasjert i naturvern; mellom anna ein lokal politikar frå Vinstrihreyfingin –grænt framboð, ein bonde affektert av Káraahjúkardemninga, og nokre yngre aktivistar. Etter mykje diskusjonar, kom dei fram til at hovudproblemet var å få islendarar til å bli aktive; ein måtte klare å mobilisere dei.

Ei av kvinnene i denne diskusjonen hadde eg også snakka med tidlegare under eit møte på ein kafé i Reykjavík. Kvinna, som var i 30 ára, hadde for augeblikket ein stilling i partiet Vinstrihreyfingin – grænt framboð, men var også engasjert i arbeidet til Saving Iceland og Íslandsvinir. I tillegg var kvinna kunstnar, og hadde ei fortid som poet.

Då eg møtte kvinna på kafeen hadde ho langt, ramnsvalt hår der panneluggen var klypt av midt i panna. Sidan kafeen mangla det ho karakteriserte som spanande vegetarisk mat, kjøpte ho seg ein kaffi og kjederøykte gjennom heile intervjuet. Det var tydeleg at kvinna var særleg engasjert i det ho snakka om og enkelte gonger i løpet av samtalen observerte eg at røyken låg urørt i handa hennar medan ho sjølv snakka ustøppeleg.

Islendarar flest, til hennar store frustrasjon, brydde seg ikkje. Dei var i stor grad *ignorants*, og ho påpeika kor mykje meir behageleg det hadde vore å levde i lykkeleg uvitskap sjølv. Opinionsen skifta dessutan fort meining og var særleg lett påverkelege. For å illustrere poenget fortalte ho ein historie. På tidspunktet i 2005 der politiet hadde vore ekstra offensive mot demonstrantane, hadde faktisk media vore med på å trekke negativ merksemd til politiet. Demonstrantane hadde her fått noko meir sympati hjå folket, viste ho til, men på dette tidspunktet hadde to av demonstrantane spraya ein statue i Reykjavík. Dette hadde ført til at opinionsen skifta totalt meining igjen, og dette, konkluderte ho, viste til kor ustabil opinionsen eigentleg var og kor lite dei visste.

Kvinna fortalte vidare at islendarar ikkje brydde seg fordi dei på grunnlag av samfunnsoppbyggnaden og media var generelt uopplyste; dei hadde feil og ufullstendig kunnskap. Demokratiet fungerte heller ikkje fordi ein trengte nokon til å

leie menneska. Menneske er berre ein av fleire artar, sa ho, og viste til korleis dyreflokkar ofte har leiarar. Dessutan, konkluderte ho, var Island uansett ikkje demokratisk på grunn av korrupsjon.

Kvinna meinte også at islendarar var spesielt passive på grunn av historia til landet. Fordi Island var så fattige etter 2. verdskrig og før den amerikanske basen, viste ho til, tenkjer islendarar framleis på primærbehova, som det å ha tilgang på mat i morgon. No når den amerikanske basen var borte, hadde dei store amerikanske selskapa tatt over denne rollen. Islendarar er passive og manglar karakter, konkluderte ho, fordi dei aldri har måtte forsvare seg sjølv før. I ein liknande vending hadde også ein representant frå Framtíðarlandið proklamert at Island sin nasjonale psyke leid av eit mindreverdigskapskompleks. Tanken bak dette, fortalte den 27 år gamle mannen, var at utviklinga på Island har gått så fort at den nasjonale psyken ikkje hadde klart å henge med. All aktivitet frå utlandet som kunne gi pengar og såleis dekke primærbehova blei difor applaudert. Dette var hovudproblemet for den islandske befolkninga og grunnen til at dei handla som dei gjorde.

Kvinna haldt fram med å snakke om at ho, fordi ho hadde denne kunnskapen, kjende seg tvungen til å handle. Ein endring av samfunnet var heilt naudsynt, men dette kunne berre skje sakte, ved hjelp av kunnskap. Ho påpeika rett nok at det å vere aktivist tok enormt mykje energi, og at ein såleis frå tid til annan var tvunge trekke seg ut. Likevel ynskja ho også i kvardagen å gjere små ting. Kvinna hadde tre små born, men hevda likevel at hennar familie produserte berre ein pose søppel kvar veke etter å ha sortert ut alt ein kunne resirkulere. Dette var eit ansvar ho tok som individ, argumenterte ho, og det var opp til personlege val om ein ville gjere ting for å ta vare på miljøet.

For å vise til korleis individ sine handlingar kunne ha store verknader drog kvinna også fram Mahatma Ghandi sine handlingar; hans handlingar som enkeltindivid hadde hatt enorm agens i å endre samfunnet. Så lenge ein gjer noko, konkluderte ho, var det ikkje så nøye korleis, og ho viste her også til Magnason sin *Draumalandið*. Dette var hans bidrag og hans eigen måte å opplyse og gjere motstand på.

Også ved fleire høve blei Ghandi, og også Martin Luther King, dratt fram som døme på eit individ sine moglegheiter til å endre røynda. Dei globale suksesshistoriene viste til at det nytta; ein handling hjå eitt individ kunne gjere ein forskjell.

Det regjerte her ein sterk tru på at riktig kunnskap førte til riktige verdiar som igjen førte til riktige handlingar. Fleire har derimot hevda at menneske sine normer om naturen ikkje alltid viser til deira faktiske oppførsel. Macnaghten og Urry (1998) skriver til dømes at dei gjennom spørjeundersøkingar fann at menneske ikkje naudsynt endrar oppførsel i forhold til kunnskapen dei tileignar seg. Menneska må sjølv kjenne at det dei gjorde nytta; at dei hadde agens (ibid.). Gjennom den sterke trua på at kunnskap ville endre menneske sin oppførsel vil eg hevde at aktivistane nettopp hadde denne kjensla av at dei kunne gjere nytte som individ. Dette førte også til ein stor fokus blant mine informantar på korleis ein skulle få ut kunnskapen.

Media

Media blei av mange av mine informantar sett på som ein viktig kanal der ein kunne komme med "sanninga" og opplyse befolkninga. Dei hadde difor eit veldig bevisst forhold til media. Kvinna frå intervjuet over fortalte blant anna om korleis ho hadde freista nå ut til utanlandsk presse for å få fokus på sakene. Representantar frå den regionalt baserte motstandsgruppa Sól á Suðurlandi fortalte meg også at dei mange gonger hadde prøvd å nå fram i dei nasjonale avisene. Kalland (2001) viser til korleis miljøorganisasjonar ofte søker merksemd i media og at dei har ein ide om at dei gjennom media har mulighet til å skape haldningar i befolkninga. Media blir her brukt som ein marknadsføringskanal for å påverke og mobilisere offentleg opinion (ibid.).

Det som derimot var påfallande var at fleirtalet av mine informantar hevda det var særst vanskeleg for naturvernarane å få fram si stemme i media. Ein av mine informantar, ein anerkjent journalist i ein av statsradiostasjonane, fortalte meg om media sin rolle. Det var veldig vanskeleg å få uttrykke meiningar som var politisk til venstre, viste ho til, og då ho blei spurt av representantar i Sól á Suðurlandi om hjelp

kjende ho seg difor tvungen til å slutte jobben som journalist. Det hadde vore umogleg for ho å demonstrere opent, avslutta ho, og samtidig halde fram med å jobbe i media.

Fleire eg snakka med meinte media var så snevre fordi avisene og tv/radio kanalane var eigd av eit par store selskap som regulerte kva som kunne bli ytra. Det har vore mistenkeleg vanskeleg å få mediemerksemd, hevda dei, og det var dessutan vanskeleg for venstreorienterte å få jobb i media. Der politikarane i regjeringa hadde fast spalteplass i avisene, hadde opposisjonen måtte streve med å få uttale seg i media. Også antropologen Anne Brydon (1996) har rettnok hevda at fordi islandsk media er dominert av statseige radio- og tv stasjonar, er det dårleg med sjølvstendig journalistikk og saker blir slik ofte konstruert i forhold til regjeringa sin retorikk. Generelt var synet at media var høgrevridd og særleg regjeringsvennleg, eller som andre uttrykte det *"utan ei stemme"*. Ei kvinneleg medieansvarleg i Saving Iceland fortalte meg blant anna korleis dette ein-sidede fokuset til media var propaganda som til dømes portretterte alle i aust som positive til aluminiumsverket. Slik var det ikkje i røynda, meinte ho, og ho såg difor på media som eit stort problem; opinionen ville ikkje få med seg heile bilete.

Nils Roll-Hansen (1994) rettar eit kritisk blikk til korleis media ofte har blitt sett på som den fjerde foten til regjeringa og difor ein viktig kanal i det å komme med "sanninga" til befolkninga. Han argumenterar, på linje med naturvernarane, at media ofte vel seg ut eit skråsnitt av røynda og såleis er tilbøyeleg til å berre vise ei side av ein sak. Sidan media er kommersielt handlar det også om økonomisk konkurranse, viser han til, og dette fører til tidspress. Dette gjer det vanskeleg for journalistar å komme med djupnesaker der forskning og teknisk kunnskap er ekstensiv (ibid.). Hundeide (2001) viser også til at media ofte bles opp sensasjonsprega stoff i form av dei mest ekstreme kommunikative utspela. Dette kan dessutan verke sjølvforsterkande, seier Said (1978); lesarane sine erfaringar blir bestemt av det dei les og dette påverkar igjen forfattarane til å sjå på emne som er bestemt av lesarane sine erfaringar. Roll-Hansen (1994) viser i tillegg til korleis journalistar nyttar seg av

vitskap som ”fakta” utan at dei har den naudsynte kompetansen til å evaluere eller kritisere den. Denne selektiv informasjon over tid, argumenterar han, gjer at ein får eit feil bilete av røynda og kan difor produsere ein ”biased” opinion (ibid.). Dette kan derimot også slå begge vegar; også naturvernarane plukka ut og framstilte noko som fakta i sine alternative media.

Alternative kommunikative verkty

Fordi det var så vanskeleg å få uttale seg i media såg aktivistane det som naudsynt å knytte seg til andre praksisar, i form av alternative media og andre kommunikative verkemiddel, for å få ut kunnskapen. Konferansen var altså ein måte å skape sin eigen media.

Som eg såg på i kapittel to var episoden der aktivistar frå Saving Iceland kasta *skyr* på møtedeltakarar på Nordic Hotell, ein narrativ brakt opp av ei kvinne med tilknytning til gruppa. Denne narrativen blei valt ut for å vise til ein av dei handlingane som hadde ført med seg ei endring i motstandsørsla sin suksess. Handlinga, blei eg fortalt, hadde ført til at dei som dreiv med industri hadde sett at dei ikkje lenger kunne gjere som dei ville i landet. Kvinna hadde slik konseptualisert sosial ulydnad som ein nyttig praksis å tilknytte seg for å opplyse, og også som eit alternativ til dei tidlegare ”stille” demonstrasjonane i landet som ikkje hadde fungert som dei skulle sidan Kárahnjúkarvirkjun faktisk hadde blitt ein realitet.

Dei meir ekstreme uttrykksmåtane førte med seg mediemerksemd og nettopp derfor såg mange på Saving Iceland sine meir radikale uttrykksmåtar som det store styrken ved organisasjonen. Fleire påpeika at med sivil ulydnad hadde gruppa fått fokus på eit tema som elles var forbigått av media og at det dessutan hadde stimulert til meir aktivisme blant andre grupper. Hundeide (2001) viser til korleis meir ekstreme kommunikative kodar ofte blir tatt i bruk når språket sluttar å virke i ein konflikt. Macnaghten og Urry (1998) peikar også på korleis det utover på 1980-talet, ettersom det blei meir allmenn akseptert med miljøorganisasjonar, blei meir vanleg med radikale uttrykksmåtar hos organisasjonane. Saving Iceland støtta seg på dette med

ein ide om at den beste mobiliseringspraksisen var gjennom meir ekstreme uttrykksmåtar, som sivil ulydnad, der det å få merksemd var det viktigaste (jf. Linstroth, 2002).

I samband med campen 2007 arrangerte Saving Iceland fleire demonstrasjonar på Island. Det blei arrangert ein "Rage Against the Machine" marsj langs hovudvegen og ned til sentrum av Reykjavík der det blei gjort fleire små demonstrasjonar. I tillegg blokkerte ca. 20 demonstrantar Rio Tinto/Alcan sitt aluminiumsverk i Straumsvík for å protestere mot planane om eit nytt smelteverk i dei nærliggjande områda Keilisnes eller Thorlakshöfn, forstørring av det eksisterande og dessutan eit nytt verk i Sør-Afrika. Desse demonstrasjonane var eg ikkje med på, men eg vil her fortelje om ein av deira andre demonstrasjonar.

Protest skjer på ulike måtar i miljørørsla, seier Guha (1997), og identifiserer fire. Den første går ut på å vise styrke og blir oftast kroppsleggjort i demonstrasjonane der ein til dømes syng, går i byen og roper slagord, og gjennom dette viser at ein er ein del av byen. Dette er både symbolsk og det blir proklamert ein bodskap (Guha, 1997).⁴ Eg vil her sjå på ein av desse demonstrasjonane gjort av Saving Iceland sumaren 2007.

Demonstrasjon på Kringlan

Kringlan er eit kjøpesenter som ligg i Reykjavík ca. 20 min gangavstand frå hovudgata Laugavegur. Kjøpesenteret har rundt 150 butikkar fordelt på tre etasjar, er relativt nytt og stilfullt og alltid fullt med menneske. Då eg den 10. juli 2007 møtte opp på kjøpesenteret var det lett å sjå kven som var del av demonstrasjonen; dei slitte buksene og jordfarga genserane skilte seg kraftig ut i det stilreine kjøpesenteret. Demonstrasjonen byrja med eit opptrinn av Reverend Billy som enda med at han blei dratt inn i bakrommet av sikkerheitsvaktene. Eg gjekk dessverre glipp av denne

⁴ Dei andre typene protestvokabular Guha (1997) skil mellom har også blitt gjort tidlegare i motstandskampen. Som i 2. meir militante protestar som å gi økonomiske kostnader til styrarane gjennom å til dømes blokkere vegar. 3. individuelle mål som å stoppe arbeid på ein spesifikk demning 4. putte moralsk press på staten gjennom til dømes individuell sveltestreik for å få merksemd i det offisielle rom og søstertaktikken der demonstrantar bryter loven for å komme i fengsel i eit håp om at regjeringa skal miste ansikt.

delen, men blei entusiastisk fortalt om vaktene sin valdelege oppførsel ovanfor Billy: ”Du skulle ha sett det; dei berre kvelte han!”. Då eg kom nokre få minutt etter Billy blei tatt, såg eg dei 10-15 menneska som sto i midten av Kringlan, og ropte og song. Dei var alle glade og smilande, og dansa rundt med veldig engasjement. Ei engelsk jente med lange dreadlocks spelte trommer, medan ein av dei islandske medlemmane, som hadde lånt Reverend Billy sin dress og kalde seg disippelen hans, hoppa rundt tydeleg inspirert av ein slags ”stammedans”. Han ropte ut noko dei andre gjentok.

Demonstrantane hadde også ulike bannarar med slagord. Den største av dei hadde påskrifta ”*Saving Iceland*”, med eit teikna fjell i bakgrunnen. I tillegg delte dei ut flygebrev, mellom anna eitt med slagordet ”*Alcoa drep Island*”. Etter ei stund jaga sikkerheitsvaktene på kjøpesenteret demonstrantane ut på parkeringsplassen.

Reverend Billy var no tilbake og snakka inn i kamera til tv-stasjonen som hadde møtt opp for å dokumentere demonstrasjonen: ”*Menneske kjem her for å ikkje tenkje; dei kjem her for å vere forbrukarar og dette må stoppe!*”. Han brukte store ord og skreik ”*change-a-lujah*” og ”*amen*” og dei andre demonstrantane stemte i.

Demonstrasjonen braut opp etter dette, og demonstrantane forsvann frå kjøpesenteret.

Ved denne demonstrasjonen gjorde aktivistane om det offentlege rommet, kjøpesenteret, til det Schechner (1993) ville kalla ”teater”. Dei brukte performative og retoriske grep som song og dans for å lage show, men også for å handle ut kritikk og få fram eit seriøst politisk poeng. Element av drama, seier Kertzel (1988), er ofte sentralt i å gjere ritual effektive gjennom at klarleiken i symbola som kjem fram i ritualet, gjennom til dømes song, dans og slagord, appellerte til kjenslene. Det som påverkar sansane blei slik brukt for affektare emosjonelt og var viktig for å kommunisere direkte til opinionen og politikarane (ibid.).

Under protesten blei det også nytta bannarar og flygebrev der det visuelle var viktig. Linstroth (2002) argumenterar for at måten aktivistar brukar materielle bilete og objekt er instrumentell. Ved å vise til det visuelle og til symbol gjennom bannarar og slagord vil dei krevje og manipulere offentleg rom til å bli politisk gjennom å presentere budskapet dei ville få fram (ibid.). Gjennom å gjere ting synlege og ta

over kjøpesenteret fekk demonstrantane så fram budskapet fordi opinionen blei påtvinga og ikkje kunne unngå å konsumere den politiske budskapet. Denne typen ekspressiv media kunne så gjere at samfunnet fekk budskapet dei elles ikkje ville fått, og som Kertzel (1988:30) argumenterar for er ”overføring av budskapar gjennom rituell drama er mykje mektigare enn kommunisering gjennom verbal framstilling”. Demonstrasjonane blei slik brukt som ein performativ måte å sende ein budskap til opinionen, og uttrykke den politiske kommunikasjonen instrumentelt for å endre politikk, mobilisere og slik tilknytte seg andre aktørar (jf. Callon, 2001; Linstroth, 2002; Kertzel, 1988).

Det er både moralske og instrumentalistiske aspekt ved protestar, seier Prato (1993), og dei moralske aspekta er ikkje alltid berre ein normativ måte å skjule dei instrumentalistiske. Guha (1997) kritiserer også det einsretta instrumentalistiske synet på protest og hevdar det har også har nyttiggjerande og ekspressive dimensjonar. Ved å protestere ynskjer ein både å ta vare på sine interesser og dømme det sosiale systemet (Guha, 1997). Aktørane i Saving Iceland hadde protestert på nye arenaer der dei ynskja vise til alternative politiske praksisar og re/konstruerte saker som dei meinte var ignorert frå debatt i den offentlege sfære. Slik var protestane ikkje berre eit utsegn med ei intendert hensikt, men det viste også tilbake på ei tru. Kva dei ynskje kommunisere med dei ulike arrangementa deira vil eg sjå nærare på no.

Representasjonar av fienden

”Regjeringa svik menneska fordi dei ynskjer alle nye ting velkomen, og ikkje veit korleis dei skal protestere.... Terrorismen rundt Kárahjúkarvirkjun tek Island 100 år tilbake til industrialiseringa. På eitt vis er Island sin regjering verre enn Kina sin fordi menneska på Island har elektrisitet og difor ikkje har denne unnskyldninga til å øydeleggje naturen... Dette er den lange og mørke skuggen av forureining, forureinande sjeler og den islandske regjeringa. Den endelause skuggen av maktmisbruk og løgnar.”

Gudmundur Beck, ein bonde drive frå garden sin etter Kárahjúkarsaka

Som eg såg på i kapittel to blei regjeringa si utbygging karakteriserte som noko dei hadde gjort i skjul for befolkninga, og gjorde utan tanke for naturen. Dette var også noko som i aller høgaste grad var eit poeng under Saving Iceland sine arrangement. Bodskapen, slik den kom fram under konferansen og demonstrasjonen, såg særleg ut til å dreie seg om å portrettere regjeringa og selskapa som dreiv utbygginga av industri. Både regjeringa og Landsvirkjun blei snakka om i sær negative ordlag, men spesielt selskapet som sto i spissen for aluminiumsverket i Reyðarfjörður, Alcoa, blei det retta skepsis mot.

Under konferansen presenterte Reverend Billy ein av talarane til å snakke om Alcoa. Den nederlandske talaren, opphavleg frå organisasjonen EarthFirst!, var ein sentral person i Saving Iceland og byrja med å unnskyldte seg; han hadde ikkje hatt særleg tid til å forberede seg. Han skulle snakke om "djevelen", fortalte han, og tok utgangspunkt i Alcoa sin miljøprofil for å presentere selskapet og deira fokus på miljø. Han gjekk så gjennom punkta på miljøprofilen og avskreiv alle som løgn der nokre av punkta blei ledd bort utan vidare forklaring. Alcoa berre latar som dei er miljøvennlege, hevda han, dei moderne forureiningskontrollane deira er berre klisjear og det dei eigentleg driv med er "greenwash". Dette uttrykket hausta mykje latter og ros, og viste tilbake til uttrykket "whitewash" brukt for å illustrere korleis Alcoa misleiar forbrukarar gjennom miljøpraksisane til selskapet.

Også andre aktørar på konferansen snakka om Alcoa og andre aluminiumsselskap i sær negative ordval. Mistrua rundt Alcoa kom mellom anna fram gjennom at det blei vist til selskapet sine tvilsame praksisar i utlandet; i Trinidad, Sør Afrika og India. Andri Snær Magnason sin tale på konferansen kretsa også mykje rundt dei ulike selskapa sitt dårlege ryktet internasjonalt. Alcoa, fortalte han, tener pengar på å stengje aluminiumsfabrikkar i andre land og opne eitt på Island fordi landet sel energien latterleg billeg. I tillegg poengterte han at aluminiumen som blei utvinna i stor grad kom til å bli nytta til forureinande ting; som fly og generell forbrukarkultur, og særleg til å bygge tanksar og våpen. Han karakteriserte også Rio Tinto, eitt av selskapa bak aluminiumsverket i Straumsvík, som det mest hjartelause og grufulle

selskapet i verda. Grunnen til at regjeringa og Alcoa handlar som dei gjorde blei av naturvernarane i hovudsak grunna med økonomisk griskleik og, som ein av mine informantar emosjonelt peikte på, hadde dei ingen respekt; verken for menneska, naturen eller dyr.

"Djevelen"

Då Reverend Billy starta konferansen med at dei skulle *"finne ut meir om djevelen"* sette han standaren for sine, og også fleire av dei andre deltakarane sine, seinare uttalingar både i samband med konferansen og demonstrasjonen. Reverend Billy brukte gjentatte metaforar for å snakke om den andre sida i konflikten. Han viste til *"gifta"* som hadde eksistert i USA etter Ronald Reagan, og korleis me må endre heile økonomiske systemet fordi *"djevelen"* er systemet. Han snakka også om den *"vonde"* makta og dei *"blodige klora"* til Alcoa. Gudmundur Beck uttrykte seg også i same type vendingar då han snakka om *"terrorismen"* rundt Kárahnjúkarvirkjun, og det å leve i *"skuggen av løgnar, svik og forureinande sjelar"*. Dei multinasjonale selskapa blei definert som *"vandalar"* med ein lang historie av kriminelle handlingar mot naturen, miljøskade og korrupsjon. Metaforar, slik N. Einarsson (1993) brukar dei, er særleg viktig som retoriske verkty, fordi dei har makt til å emosjonelt engasjere menneske. Dette emosjonelle aspektet kan slik engasjere og setje fokus på ein sak som kanskje elles ikkje hadde fått fokus. Val av metaforar, viser han vidare til, reflekterar dessutan strukturane av ideane og interessene til aktørane, og kan slik fortelje noko om deira antakelsar (ibid.).

Dei stadig negativt lada metaforane vil eg på grunnlag av dette hevde var med på å konseptualisere dei multinasjonale selskapa, regjeringa og Landsvirkjun sær negativt. Av fleire av mine informantar hadde eg tidlegare blitt fortalt at medlemmane i Saving Iceland var anarkistar og at dei såleis hadde eit negativt syn på dagens styresett. Saving Iceland vil eg difor hevde kontekstualiserte miljøprotest i ein vidare politisk strategi for å endre styreforma frå kapitalismen til eit meir egalitært samfunn (jf. Prato, 1993). Også andre (jf. Davidson, 2007; Peace, 1993) har skrive

om korleis mykje av retorikken til naturvernarar byggjer seg rundt å vise til selskapa som grufulle og at det er menneskeleg dominans over naturen som har gjort at me har miljøproblem. Kalland og Sejersen (2005) hevdar til dømes at desse tankane er bygd på ein kritikk av industrialisering, modernisering og kapitalisme og eit ynskje om sosial endring med grøn ideologi. Eg vil derimot hevde denne skepsisen blant deltakarane i Saving Iceland også gjekk ut til forbrukarar generelt. Problema eg hadde hatt med å få innpass reflekterte til dømes også ein sterk mistenksam haldning mot menneske og på konferansen kom dette fram då ei dansk jente uttalte at ho syns det var skummelt at menneske var så dumme at dei slo ned på aktivisme. Ein ung gut, som arbeidde på Kaffi Hljómalind, argumenterte på linje med dette at ein måtte kjempe mot forbrukskulturen generelt. *"Samfunnet er feil"*, sa han, *"islendarar jobbar i 12 timar for å kunne kjøpe seg ting og tenkjer ikkje særleg langt"*. Også Kalland og Sejersen (2005) viser til at naturvernarar ofte har ein ide om at det er egoistiske mentalitetar som fører med seg at naturen blir øydelagt. Naturen er sårbar og står over for øydelegging av menneskeleg bruk.

Konstituering av eigen identitet

Som eg har sett på blei det teikna eit sterkt fiendebilete av "den andre sida" i konflikten. Denne andre sida besto i hovudsak av dei ulike aluminiumselskapa, Landsvirkjun og den islandske regjeringa og gjennom negasjon av denne "fienden" viste naturvernarane kva dei var i mot. Fienden var menneske som var opptatt av pengar og konsum. Regjeringa og industriselskapa hevda derimot også at dei kjempa mot klimaendringar og på grunnlag av dette måtte motstandsgruppene bruke meir ekstreme uttrykksmåtar for å illustrere sine poeng. Utsegn, seier Hundeide (2001), kjem alltid i dialog med tidlegare utspel i debatten. Slik tok naturvernarane utgangspunkt i kva regjeringa og industriselskapa sa og var spesielt opptatt av å vise korleis "dei andre" hadde feil gjennom å gi negative og karikerte framstillingar av dei.

Eg vil hevde at det implisitt i korleis naturvernarane representerte fienden også låg ein ide om dei sjølve. Said (1978) argumenterer for at ein alltid snakkar om andre utifrå ibuande oppfatningar, bakgrunn og synspunkt. Når ein klassifiserar ”dei andre” vil ein altså gjere dette utifrå si eiga forståing av røynda og slik, seier Said (1978), vil ein også forstå seg sjølv nettopp gjennom å setje seg i kontrast til framande.

Gjennom å portrettere regjeringa, Landsvirkjun, og aluminiumsselskapa som ”den andre”, vil eg difor hevde naturvernarane også ubevisst snakka om seg sjølv. Eg vil her freiste sjå på korleis dette kom fram under demonstrasjonen på Kringlan. Lokaliseringa til demonstrasjonen, vil eg hevde, var strategisk valt. Kjøpesenteret representerte alt det ”mainstream” stod for og som Reverend Billy uttalte var det eit symbol på alt det vonde; kapitalismen, aluminiumen og forbrukarkulturen. Dette la ein ekstra dimensjon til demonstrasjonen og kontrasten mellom aktivistane og kjøpesenteret vil eg hevde også gjorde dei meir synlege. Demonstrantane oppførte seg ”usivilisert” på kjøpesenteret gjennom å handle ut noko som sto i kontrast til den vanlege oppførselen der. I tillegg, vil eg argumentere for, symboliserte kleda til menneska i gruppa, sidan dei skilte seg ut frå andre på kjøpesenteret, ei spesiell meining ved at det viste kven dei var med. Gjennom å definere denne relasjon og opposisjonen til dei andre som var representert i demonstrasjonen, vil eg argumentere for at dei sette seg sjølv i motsetning og opposisjon til dei som kjøpte luksusvarer og ”shoppa” (jf. Kertzel, 1988; Kalland og Sejersen, 2005). Diskursen deira sentraliserte seg på det å konseptualisere fienden i motsetning til menneske som var opplyst, og hadde dei ”riktige” verdiane. Dei framstilte ”dei andre” som eit vrangbilete av seg sjølv; som noko farleg og slemt (jf. Said, 1978). Denne relasjonen vil eg hevde hjelpte naturvernarane også å definere seg sjølve som spesielt individuelle og moralske. Dei var dei *opplyste* i høve til dei som berre tenkte på pengar og dei har forstått noko som dei andre ikkje har forstått. Det å vere aktivist var noko dei sjølv har valt og dei satt seg sjølv i forhold til ”dei andre” som har valt å ikkje engasjere seg. Denne oppfatninga av røynda fremma så forskjellen mellom aktivistane og ”dei andre” og var med på å oppretthalde bilete aktivistane skapte av verda (Said, 1978). Dessutan, vil eg hevde at dette også viste tilbake på oppfatningane dei hadde av sitt

eige forhold til naturen. Fordi fienden; ”den andre”, var dei som øydelagde naturen, skulle dei, som det motsette av fienden, redde den og var slik på naturen si side.

Said (1978) hevdar at gjennom å bruke klassifisere og bruke kategoriar om den andre og seg sjølv polariserar ein ulikskapar, noko som fører til ein avgrensing av menneskeleg møte på tvers mellom desse grensene. Dette polariserte inntrykket skapar også meiningspakker om ”den andre”. Oppfatningane naturvernarane hadde om denne sterke fienden kan slik ha ført til at kampen har blitt veldig polarisert, der det har vore lite kommunikasjon på tvers av grensene.

Det som også var påfallande med Saving Iceland sine arrangement var at dei såg ut til å alltid vende seg til kvarandre i staden for til den islandske befolkninga generelt. Under demonstrasjonen på kjøpesenteret spurte eg nokre av dei som gjekk forbi kva dei syns om demonstrasjonen. Ei ung jente på rundt 25 år kommenterte til meg at ho syns det heile var ganske sprøtt og var veldig negativ til demonstrantane sjølv om ho i utgangspunktet ikkje hadde noko spesifikt synspunkt på industri. Eg blei også seinare spurt om rolla til Reverend Billy frå nokre islendarar som ikkje var engasjert i naturvern. Ein hadde sett intervju med han på tv frå demonstrasjonen og hadde hatt problem med å forstå om han var seriøs.

Fleire gonger fekk eg difor inntrykk av at like viktig som å kommunisere utover til andre, var også det å kommunisere til andre innan gruppa. Det som til dømes tilsynelatande var ein konferanse for alle, var eigentleg ein samling menneske som allereie før konferansen var negative til industriutbygging. Mangelen på forklaring då den nederlandske aktivisten snakka om Alcoa var heller ikkje noko deltakarane såg ut til å bry seg med, av di det var det eg oppfatta som ein sterkt konsensus i oppfatningane rundt denne andre. Miljøprofilen til Alcoa var tydeleg noko som også tidlegare var diskutert blant deltakarane av campen og kvar gong noko negativt blei sagt om Alcoa blei det mottatt med jubel og begeistring, og ingen sette spørjeteikn ved det som blei sagt. Eg fekk ein kjensle av at dette var noko alle i publikum eigentleg *visste* frå før og at ein kunne omtrent seie kva det måtte vere så lenge det er

negative ting om Alcoa. Det var difor heller ingen særleg store diskusjonar under konferansen.

Kertzel (1988) skriver om korleis ein ikkje berre kommuniserar gjennom ritual, men at ein også forsterkar sin eigen identifisering med gruppa. Det blir bygd solidaritet og felleskjensle når menneske handlar saman, seier han, og dette knytt folk saman. Med dette vil eg hevde at deltakarane på konferansen og demonstrasjonen, ved at dei identifiserte seg med ei større gruppe, også sa noko om eige identitet. Eg vil slik argumentere for at dei ulike arrangementa til Saving Iceland, og spesielt måten dei snakka om ”dei andre” på, var med på å tilskrive deltakarane solidaritet med andre innanfor gruppa. I bruken av det offentlege rom og gjennom kollektivt uttrykk konstituerte så deltakarane ei identitetskjensle gjennom å handle ut interessene og synspunkt sine (jf. Alvarez, 1997; Kertzel, 1988).

Nettopp at handlingane deira som enkeltindivid kunna ha innverknad vart, som eg såg på først i kapitlet, stadig poengtert. Det å kjenne at ein skilte seg ut frå ”dei andre”, vil eg hevde var med på å definere deira eigen viktigskap som moralske personar. Eg vil difor argumentere for at desse diskursane verka inn på å skape ei røynd for naturvernarane der dei, som individ, hadde moglegheit til å endre verda. Slik vil eg hevde at praksisane deira også kan seiast å vere sjølvforsterkande. Det var ein runddans mellom det å kjenne at ein kunne gjere noko som individ, handle ut dette i form av ulike arrangement, og igjen få kjensle av sjølv- viktigskap.

I dette kapitlet har eg slik sett på korleis Saving Iceland har kommunisert sin motstand gjennom ulike praksisar og argumentert for at dette viste tilbake på oppfatningane dei hadde. Dette har eg hevda var dessutan med på å skape identitet og konstituerte ei røynd for naturvernarane der dei, som moralske individ, kunne gjere noko for å redde naturen.

4. Naturen; ein global arv?

I førre kapittel såg eg på korleis Saving Iceland har freista mobilisere gjennom ulike arrangement på Island og korleis dette har verka tilbake på korleis dei konstituerer eigen identitet og natursyn. Eg vil her skildre

1. korleis naturvernarar brukte vitskap som mobiliseringspraksis og korleis konseptualiseringar av natur dette viser tilbake på.
2. måten dei ulike gruppene knytt seg til andre grupper; særleg til dei regionalt baserte gruppene, og korleis natursyn dette viser til og konstituerar.

Vitskapsnarrativar

Som eg såg på i kapittel to støtta den islandske regjeringa seg spesielt på diskursane rundt klimaendringane når dei freista legitimere utbygginga av industri på Island. Her viste dei til globale miljønarrativar om å redusere utsleppet av drivhusgassar for å hindre klimaendringa, og underretta seg internasjonale komitear, og spesielt Kyotoprotokollen. Som eg har sett på fekk Island løyve til å heve drivhusgassutsleppet i forhold til denne protokollen (Miljøverndepartementet, 2006b).

I strategien frå 2002 blei det påpeika korleis det, frå ei miljøvernside, var betre å drive aluminiumsfabrikkar på Island enn i andre land; her kunne dei nytte fornybar energi i staden for kjernekraft eller kull. Slik konkluderte strategien med at det er positivt frå klimaendingsstandpunktet å leggje aluminiumsfabrikkane på Island. Her blei det også vist til korleis regjeringa ynskja auke karboninnhaldet i atmosfæren gjennom til dømes plante skog, oppfordre til forskning og innovasjon, og eksportere islandsk ekspertise i forbindelse med fornybar energi og klimaendringar. To ekspert grupper hadde blitt utpeikt for å legge fundamentet for korleis dei skulle motkjempe klimaendringar økonomisk effektivt (Miljøverndepartementet, 2002).

I strategien ” Iceland’s fourth National Communication on Climate Change: Under the United Nation Framework Convention on Climate Change” frå 2006 blei det dessutan hevda at det også var mogleg å kontrollere fluorkarbon utsleppa til aluminiumsmelteverk til ein stor grad. Dette hadde allereie blitt gjort i to smelteverk på Island og slik ville aluminiumsverk lokalisert på Island produsere mindre drivhusgassar pr. tonn aluminium enn industri andre stadar i verda (Miljøvernsdepartementet, 2006a).

I 2007 blei det same lagt vekt på; fordi Island nyttar seg av 70 prosent av fornybare energikjelder, der dei fleste land brukar fossilt brensel eller kjernekraftverk, har landet ein unik posisjon for å motarbeide klimaendringar. Her blei det i tillegg hevda at all miljøpolitikk dei utfører var satt i lys av vitskaplege undersøkingar der dei fokuserte på forskning for å skaffe reinare brennstoff og meir effektive energikjelder.

I strategien frå 2007 var retorikken likevel meir forsiktig enn i dei tidlegare strategiane. Det blei vist til at det er fleire usikre ting som kunne gjere at det var vanskeleg for Island å nå måla. Til dømes blei det poengtert kor vanskeleg det er å på forhand vite korleis teknologi kom til å utvikle seg. Det blei vedkjent at strategien kunne gå i mot konservering av natur i visse tilfeller, men at regjeringa likevel ynskja å beskytte biodiversitet og konservering av natur gjennom den (Miljøverndepartementet på Island, 2007).

Eg vil på grunnlag av desse strategiane hevde at regjeringa på Island spesielt legitimerte utbygginga av industri med tankar om at det å leggje industri på Island var meir miljøvennleg enn tilfelle hadde vore i andre land. Å legge industrien på Island ville difor føre til mindre Co₂ utslepp enn situasjonen hadde vore i andre land. Dette blei også vist til av ein lokalpolitikar eg snakka med i Husavík; fordi menneske uansett ville forbruke aluminium, påpeika han, var det betre å leggje aluminiumsindustrien til Island. Dessutan baserte dei seg på ei optimistisk tru på teknologisk og vitskapleg framsteg; når berre teknologien blei god nok ville aluminiumsindustrien i landet vere tilnærma problemfritt.

Regjeringa sine oppfatningar av vitskap blei derimot av fleire av mine informantar sett på som feilaktige. For å prove dette nytta dei seg også av vitskap; vitskap som sa noko anna enn den regjeringa og aluminiumsselskapa baserte seg på.

Dette kom blant anna fram under konferansen til Saving Iceland der dei refererte til ulike forskarar. Ein av desse hadde forska på Co2 utslepp frå demningane og funne ut korleis hydroelektriske demningar produserar signifikante mengder med Co2 og metan, og dette faktisk skapte meir drivhusgassar enn fossil brensel energiverk. Det blei også hevda at aluminiumsindustri var enormt energiintensiv og skapte drivhusgassane mellom anna gjennom oljen dei nytta i smelteprosessen og dessutan gjennom å få importert bauksitten nytta i produksjonen. Det blei i tillegg vist til at det konstant varierende vassnivået i reservoara ville føre til støvstormar og jorderosjon som vil øydeleggje vegetasjonen i området som så vil ha ein effekt på reinsdyr, fuglar og selar.

På internettsida deira blir det dessutan referert til forskingsprosjekt gjort av Ragnhildur Sigurdardóttir og Guðmundur Páll Ólafsson, som viser at området Bakki ved Husavík i nord, der det er planlagt kraftverk, har stor jordskjelvrisko (Saving Iceland, 2008a). Ei kvinneleg politikarar i Vinstrihreyfingin –grænt framboð viste dessutan til forskning som sa at berre 10 prosent av energien som blir tatt opp i jordvarmeanlegg kan bli brukt effektivt som energi og at difor er heller ikkje geotermisk energi berekraftig.

Det blei dessutan også poengtert at isbreelvar sine slamutslepp til havet fører med seg er viktig for å gi plankton næring og at desse avleiringane bind til seg Co2. Om isbreelvane blir borte vil det difor bli utslept større mengde Co2 (Saving Iceland, 2008b). Det å fjerne isbreelvane var også noko ein av mine andre informantar, Sigmundur frå INCA, snakka om. Dette kunne ha store verknader for fiskebestanden på Island, påpeika han, og der isbreelvar hadde blitt stoppa hadde fiskebestanden i området der elva før gjekk ut i havet, gått merkbart ned.

Dessutan, peika fleire av mine informantar på, ville aluminiumsindustrien heller ikkje føre til økonomisk vinning på lang sikt. Dette var eit av dei sentrale poenga i Magnason sin *Draumalandið* (2006) og var brukt både på Saving Iceland sin konferanse, og eit særleg viktig poeng hjå Framtíðarlandið. I samtale med ein medlem i denne organisasjonen blei det vist til korleis mange islandske eksportkompani går no enten konkurs eller er blitt tvinga til å relokere til utlandet fordi islandske valuta er for sterk, og at desse investeringane ikkje var naudsynte.

Milton (2002) argumenterar for at det ofte blir tatt for gitt å vise til vitenskap og denne blir sett på som sanninga av både miljøvernarar og politikarar. Slik baserar ein bestemmingar om naturen på vitenskaplege undersøkingar der ein har ein ide om at vitenskap er rasjonalitet og handlingsorienterte kunnskap (Milton, 2002). Roll Hansen (1994) problematiserer derimot denne pålitelege kunnskapen. Forsking ein viser til, seier han, er berre ei spesifikk tolking og vitenskap er difor alltid litt usikker. Menneske i dag, hevdar han vidare, har eit ambivalent syn vitenskap. På den eine sida trur ein at vitenskap har svar på alt, men på den andre meiner ein ofte at tek ekspertar feil. Slik endar det med at me vel vår ekspert og brukar den me er einig i, og det er såleis ikkje den om vitenskapen er ”sann” som gjer at den blir brukt (Roll Hansen, 1994).

Vitenskapleg kunnskap, vil eg hevde, blei slik brukt instrumentelt og praktisk av aktørar på begge sidene av debatten for å oppnå noko. Både sider av konflikten valte ut den vitenskapen som samanfall med deira synspunkt og kommuniserte ut denne kunnskapen. Som eg har sett nytta naturvernarane seg av alternativ vitenskap, dei var ikkje ekspertar sjølve, men fekk innrullert og knyta seg til ekspertaktørar til å snakke for dei. Escobar (1997) argumenterer for at fordi opinionen har tru på vitenskap, ser naturvernarar på dette som ein god måte å engasjere og ekspertar som viktige allierte. Desse vitenskapsnarrativane var slik også konstituerande for måten menneska såg naturen. Ved å nytte seg av vitenskapleg kvantifisering av natur, seier Asdal (2004), kan ein produsere, re/oppfinne natur. Desse praksisane vil eg så hevde viste til ei røynd der menneske har makt over naturen ved å kunne kontrollere den gjennom vitenskap.

Global arv

På konferansen til Saving Iceland blei det altså vist til forskning som snakka om korleis industrien på Island var forureinande, vassenergi ikkje var berekraftig, og at dette ville, i motsetning til det regjeringa sa, føre til aukande utslepp av drivhusgassar og påføljande globale klimaendringar.

Sjølv om dei fokuserte spesielt på den islandske saka, blei det også stadig samanlikna og dratt parallellar til andre land. Dette kom særleg fram når dei snakka om dei multinasjonale selskapa og deira tvilsame praksisar i til dømes India, Brasil, Trinidad og Sør-Afrika. Mange gonger blei eg fortalt at *"naturen er for alle"*, og at det *"på grunn av globaliseringa er ingen grunn til å berre gråte for berre våre egne ting"*. Difor var det legitimt for dei internasjonale aktivistane å engasjere seg i den islandske saka. Også Sigmundur uttalte korleis utanlandske aktivistar hadde sin fulle rett til å protestere på Island; *"det angår alle menneska i verda at økosystem blir øydelagt og islandsk natur er difor også utlendarar sin natur"*.

Konseptet om global arv, seier Kalland (2007), brukast i dag for å legitimere naturvernarane sine aktivitetar og meiningar. Med den industrielle revolusjonen ville verden bestemme over fleire og fleire av verda sine naturressursar og dette gjaldt også gjennom naturvern. Uttrykket "den globale arven", argumenterer han for, var først brukt til å vise korleis ein bestemmer over ressursar som ikkje er under nokon spesielt styre. Det blei så plukka opp av UNESCO i arbeidet om å verne plassar som hadde verdi, ikkje berre i forhold til ein nasjon, men også i forhold til menneskeheita som heilskap. Slik har det skjedd ein omforming i kven som har lov til å bestemme over ressursane, argumenterer Kalland (2007), og "den globale arv" har blitt eit viktig retorisk konsept for å vise at ein setter pris på ressursar globalt. Denne oppfatninga var såleis brukt for å legitimere dei utanlandske aktivistane i Saving Iceland sin innblanding på Island. Fordi naturen var sett på som "vår felles globale arv", var det noko alle hadde eit legitimt ynskje om å ville beskytte.

Kritikk til naturvernarane

Saving Iceland som organisasjon hadde også eit ekstra behov for å legitimere sine protestar nettopp fordi dei blei mykje kritisert. Spesielt at dei i hovudsak hadde utanlandske medlemmar vart det retta eit kritisk blick til, men også dei islendarane som var med og protesterte blei, i følge fleire av mine informantar, kjent igjen på gata og mislikt av store delar av befolkninga. Sigmundur omtalte til dømes seg sjølv som ”samfunnsfiende” og ein annan fortalte korleis organisasjonen Framtíðarlandið fekk mange sinte og negative e-postar frå menneske i Reyðarfjörður. ”*Kva elles enn aluminiumsindustri?*” var spørsmålet dei ofte fekk, og mannen innrømma at dette var eit spørsmål utan eit enkelt svar. Ein av mine informantar sa også at dei blei skyldt for å vere romantiske idealistar og kosmopolittar som engasjerte seg utan å ha fot i røynda; dei ville berre ha ein stad å gå tur om sumaren og visste ikkje korleis det var å leve på bygda, vere arbeidslaus og ikkje ha dei same sjansane som folk i byane.

Det blei dessutan hevda at islendarar hadde ein spesielt stor skepsis til naturvernarar. Dette blei mellom anna poengtert i 2005 av Árni Finnson, ein av medlemmane i INCA, under konferansen ”National Parks, Outdoor Life and Health”. Grunnen til at utanlandske naturvernsorganisasjonar sin aktivitet har blitt sett på som eit trugsmål, hevda han, hadde med kvalfangstkonflikten på 1980 talet å gjere. På 1980 talet var kvalfangst hovudinteressa for naturvernarar i landet, men kvalfangst er noko islendarar i stor grad har vore positive til; i 1989 viste meiningsmålingar at stønaden blant den vaksne befolkninga var heile 75 prosent (Brydon, 1996). I 1986 blei to kvalfangstbåtar søkkje på hamna i Reykjavík i tillegg til eit angrep på Hvalur kvalstasjon i Hvalfjörður av Paul Watsen i Sea Shepherd Conservation Society (Kalland og Sejersen med Ris, 2005). Kvalfangsdebatten, seier Brydon (1996), vekte ei kjenslemessig nasjonalistisk reaksjon ved at det nettopp sette spørjeteikn til islendarane sin rett til å bestemme over eigne ressursar. N. Einarsson (1993) argumenterar på linje med dette for at protestane gjorde at islandske fiskarar følte naturvernarane var eit trugsmål mot deira livsmåte, og at dei difor såg på naturvernarane som fundamentalistar, ekstremistar og primeksempalet på alienerte

vestlege menneske. Enkelte hevda difor at miljøaktivistar i landet har ein tendens til å bli samanlikna med desse, og at islendarar difor er spesielt kritiske til dei.

Hovudgrunnen til at naturvernarane blei kritisert vil eg på grunnlag av dette hevde baserte seg på ein tanke om at dei var urealistiske, romantiske og uvitande om korleis det var å bu på bygda.

Utbygging av bygda

Det har vore ein stadig sterkare sentralisering og urbanisering på Island. Dette har ført til at bygdene har hatt problem med å tilby jobb til alle og såleis halde seg levedyktige. Halvparten av i Island sin befolkning bur i Reykjavík området, noko som betyr store folketomme områder og lite tilløp til byar på resten av øya. Det som kan illustrere dette, er at det som blir kalla hovudstaden i aust, Egilstadir, har ein befolkning på rundt 2000 menneske. Dette er altså relativt mykje i islandsk samanheng. I tillegg har det blitt meir vanleg å ta vidare utdanning, og veldig mange unge reiser inn til Reykjavík, eller alternativt Akureyri, for å skaffe seg utdanning og jobb. Det er heller ikkje så mange jobbar på bygda som det ein gong var. Pálsson (2004) argumenterar til dømes for korleis fiskekvoteringa har bidrege til arbeidsløyse. Dei individuelt overførbare kvotene er no eigd av store selskap og sidan nokre få eig dei, har det blitt dyrt for små fiskarar og vanskeleg for sjølvstendige båteigarar å halde seg i business (Pálsson, 2004).

Det å freiste utbygge bygda ved å skaffe arbeidsplassar har difor figurert som ein av hovudargumenta til å leggje tungindustri til bygdene. Før bygginga av aluminiumsverket i den austlege byen Reyðarfjörður og dei store oppdemningane i høglandsområdet Kárahnjúkar var også store delar av den lokale befolkninga positive. Dette visar mellom anna meiningsmålingar frå 2002 som seier at blant dei unge (18-28 år) aust på Island var heile 75 prosent for aluminiumsverket (Kárahnjúkar, 2008c). Prosjektet ville bety mange nye arbeidsplassar i bygda og såleis vere med på å hindre fråflytting. Spesielt blei bygginga av eit stort idrettsanlegg

i bygda eit symbol på korleis industri kunne føre med seg oppbygging og revitalisering av ein levande bygdekultur.

Desse synspunkta kom også fram då det i 2007 blei kjent at det var store sjansar for at ein ny aluminiumsfabrikk skulle blitt lagt til den nordlege kystbygda Husavík. Under eit møte med ein ung, universitetsutdanna mann frå organisasjonen Framtíðarlandið kom det fram korleis det nærast hadde vore feststemning i bygda den dagen lokaliseringa av fabrikkjen blei vedtatt. Dette blei også poengtert då eg, under ein tur til bygda, møtte ein politikar i den lokale regjeringa. Den rundt 40 ára gamle mannen, som var kledd i dongeribukse og lys blå skjorte, påpeika at 800 menneske hadde flytta frå bygda dei siste 10-15 ára og at hovudgrunnen var arbeidsløysa. Bygda hadde store problem med å skaffe arbeidsplassar, hevda han, blant anna fordi både den tidlegare rekefabrikken og syltetøyfabrikken i bygda hadde blitt lagt ned i tillegg til at arbeidsplassane i fiskefabrikken hadde minka betrakteleg. Dessutan, påpeika han, var fiskefabrikken heller ikkje eit realistisk val for ungdommen. Bygginga av aluminiumsverket og dei høvesvis lukrative arbeidsplassane dette ville føre med seg, kunne vere det som fekk folk til å bli. Han viste så til idrettshallen bygd i Reyðarfjörður og såg føre seg ei lysande framtid for Husavík med aluminiumsfabrikkjen; ein ville få fleire butikkar og kanskje også skikkeleg brannvesen, og dessutan pengar til å bygge vegar.

Verdiar i å ta vare på miljøet blei altså av mange satt i skuggen av meir eksplisitte interesser som behovet for jobb og ynskje om betre vegar. Ein kan på grunnlag av dette lett få inntrykk av at det er eit enkelt skilje mellom det rurale og det urbane Island og at synet på industrialisering varierar sterkt på grunnlag av dette. Dette var også eit skilje mange av informantane mine sjølv opererte med og dei sette ofte dei ”lokale” som ynskja utbygging fordi det ville styrke bygda, opp mot dei ”urbane” som ynskja å spare naturen. Dette står godt til det overordna argumentet i artikkelsamlinga *Miljøkonflikter* redigert av Kalland og Rønnow (2001). Sjølv om bidragsytarane vedkjenner at det ikkje alltid er så enkelt, argumenterar dei likevel for

at miljødebattar ofte er polariserte situasjonar der skiljelinjene går mellom den lokal og den urbane befolkninga.

Under mitt opphald på Island såg eg at ikkje alle dei ”lokale” ynskja bygge ut industri. No kan det derimot hevdast at sjølve termene ”lokal” og ”urban” er problematiske, men sidan informantane mine brukte desse omgrepa vil eg nytte dei her. Gjennom dette vil eg vise til korleis mange var opptatt av at dette skilje ikkje viste til heile røynda av argumentasjonar og motstandsgrupper. Mange av mine informantar var nettopp opptatt av at enkelte av dei ”lokale” bøndene ynskja stogge industriutviklinga.

Som eg har sett på besto kjernen av aktørane i Saving Iceland i hovudsak av utanlandske aktivistar. Det var derimot også menneske frå andre grupper på deira arrangement; som aktørar frå Íslandsvinir, Framtíðarlandið, fleire politikarar frå Vinstrihreyfingin –grænt framboð, men også nokre aktørar som var affektert av utbygginga og difor i hovudsak baserte motstanden sin frå direkte erfaringar. Alvarez (1997) hevdar at ingen, sjølv den mest regionale aktivisten, er ein isolert aktør utan kontakt med sosiale og politiske aktørar frå andre grupper. Med grunnlag i dette vil eg her vise til at dei ulike organisasjonane hadde eit nettverk av linkar mellom aktørar som både gjekk innanfor og utanfor organisasjonane, og inkluderte forhold som også gjekk over til dei ”lokale”.

Alternative motstandsgrupper

I fleire av bygdene på Island har det forma seg grupper av meir regional karakter som har forbindelsar med dei andre organisasjonane. Spesielt har organisasjonar blitt oppretta sør på Island og desse kallar seg, som eg har sett på, *Sól í/á* ... og orienterar motstanden rundt ein spesifikk sak. Også i Husavík der, i følge den lokale politikaren, heile 70 prosent har vore for bygginga av aluminiumsverket, har det vore skepsis blant delar av befolkninga. Ei kvinne eg snakka med på kvalmuseet i bygda påpeika mellom anna korleis bygginga av den stygge aluminiumsfabrikken ville øydeleggje usikta under kvalsafarien, som er ein viktig turistnæring i bygda. Dessutan ville

frakteskipa til og frá aluminiumsfabrikken vere lydforureinande. Ho såg heller ikkje føre seg at ungdommen ville bli att på bygda for å jobbe i aluminiumsverka og påpeika at dei hadde andre moglegheiter, spesielt turisme. Fleire naturvernarane i ulike organisasjonar poengterte også dette; aluminiumsindustrien var ein for enkelt løysning på eit kompleks problem for bygdene.

Naturvernarane i dei andre organisasjonane var særst opptatt av å vise til desse ”lokale” aktørane og gruppene for å argumentere for at dei hadde nokre av desse med på ”sitt lag”. Med ein skildring av eit møte med ei regionalt basert motstandsgruppe ynskjer eg å vise at motstandsfeltet var heterogent og overlappande, og at motstand skjedde på ulike nivå.

Sól á Suðurlandi

I det sørlege området, Þjórsárver, har det, som eg såg på i kapittel to, vore planlagt utbyggingar i over 40 år. Som Sigmundur fortalte hadde Scott sine undersøkingar suksessfullt tiltrekte merksemd mot kortnebbgása og det hadde grunna dette og motstand blant befolkninga i området, ikkje blitt noko av planane. Sigmundur fortalte også korleis det etter den gong hadde blitt oppretta nasjonalpark i delar av området; Þjórsárver Naturreservat, men at dette hadde vist seg å ikkje vere ein endeleg beskyttelse av området. Ein klausul, hevda han, hadde gitt Landsvirkjun løyve til å bygge ein demning i området så lenge det var akseptert av regjeringa sin Nature Conservation Agency og at vitskapleg forskning viste at det ikkje ville øydeleggje våtmarka. I juni 2007 var det difor snakk om å bygge tre små kraftverk i fossar i området og grunna desse planane hadde det blitt oppretta ei lokal motstandsgruppe i området; Sól á Suðurlandi.

Ein ettermiddag i juni 2007 var eg med under eitt av deira møte i eit kommunehus nokre timar utanfor Reykjavík. Ein kvinneleg journalist og tidlegare hadde intervjuat meg med for å vise meg det ho kalla ”ei gruppe utypiske aktivistar”. Journalisten hadde eg blitt knytt til gjennom ei kvinne frå Vinstrihreyfingin –grænt framboð, og journalisten kjente godt også fleire av dei islandske deltakarane på dei ulike

tilstellingane til Saving Iceland. Den rundt 45 år gamle kvinna hadde, sidan ho var oppvaksen i området sjølv, blitt spurt om å hjelpe gruppa med formelle ting dei sjølv hadde lite erfaring med.

I bilen, på turen over fjellet mot sør, passerte me eit lite verk. Røyra og kraftverket var lett å få auge på i det elles tomme landskapet. Kvinna uttrykte misnøye over det vesle kraftverket som kom opp for eit par år sidan. Ingen visste eigentleg om dette, påpeika ho; plutselig var det berre der. Dette er ”typisk Island”, haldt ho fram; dei planlegg utbyggingar i 20 år, og først etterpå fortel dei befolkninga det. Kvinna gjekk så over til å snakke om bygda, motstandsgruppa og utfordringane lokalbefolkninga i området sto ovanfor. Berre nokre dagar før hadde Landsvirkjun arrangert eit møte i kommunen der dei lova mellom anna betre vegar og internett til bygda. Dette gjorde dei, fortalte kvinna, fordi dei hadde vanskeleg for å akseptere at kommunen hadde takka nei til utbygging. Landsvirkjun hadde planlagt utbygging i mange år, avslutta ho, og rista oppgitt på hovudet over korleis det statseige selskapet lovde bygda alle desse tinga.

Me køyrte vidare over fjellet og ned i Hveragerði. Denne ettermiddagen var veret strålende og kontrastane i landskapet openbara seg med grønne marker og fjell, og knallblå himmel. Kvinna påpeika også kor fint ho syns det var i dette området av Island. Sidan ho var oppvaksen i sør, innrømma ho, hadde ho ein spesiell kjærleik til naturen i dette området. Bilen tok vidare nokre avstikkarar i det einsformige, flate og nesten huslause landskapet før me til slutt stoppa ved eit lite grått kommunehus. Inne sto det nokre skinnsofaar der det sat fem menn og to kvinner; alle bønder. Ein av mennene var i 30 åra medan dei andre var mellom 40 og 60 år. Eg blei fortalt dei alle var bønder frå området og samtlege hadde på seg arbeidsklede i form av dongeribukser og genserar/skjorter. Bøndene helsa høfleg, spøkte litt og me sette oss ned. To av mennene var brør og var dei som prata mest, men heile gruppa var med og alle fekk seie sitt. Trass i det alvorlege tema, lo og spøkte bøndene med kvarandre og det var tydeleg dei kjende kvarandre godt frå før.

På møtet blei det uttrykt korleis det sterke presset frå Landsvirkjun og Alcoa hadde byrja tære på. Som eg har sett betydde det å få skikkelege vegar og eit økonomisk løft mykje for dei små bygdene på Island og bøndene uttrykte bekymring for at befolkninga i området fann det stadig vanskelegare å seie nei til alle tilboda og pengane. I tillegg, haldt dei fram, var dei også bekymra over synet innbyggjarane i Reykjavík hadde på dei som ynskja utbygging. Menneske i Reykjavík, sa dei, har ein oppfatning av at det er feil at ein liten kommune skal ha moglegheit til å selje naturen for å få tilgang på kapital; naturen var nemleg til for alle islendarar og var deira felles nasjonale arv. Kalland (2007) snakkar nettopp om korleis lokale ressursar med nasjonalismørsla og oppføringa av nasjonalstaten blei omdefinert til å tilhøyre heile nasjonen som ”vår nasjonale arv”. Dette, seier han, ligg så langt inne hjå dei fleste av oss at me ikkje reflekterer over det lenger, og som eg såg på ovanfor var dette også eit argument brukt av naturvernarane for å legitimere deira handlingar. Dette blei også gjort av Saving Iceland med ein litt anna dimensjon i at naturen var ein *global* arv. Denne oppfatninga, meinte derimot bøndene, viste til bygdefolket som egoistiske og dumme. Bøndene forsto derimot godt dei som ynskja utbygging og korleis verdiar i å ta vare på naturen ofte kunne bli skuggelagt av meir eksplisitte interesser, som behovet for jobb og ynskje om betre vegar. For dei låg problemet heller berre på regjeringa og spesielt Landsvirkjun.

I deira auge var ikkje kraftverk ein god løysning for problema bygda sleit med. Ei utbygging av fossane i området ville bety ein oversymjing av jord som igjen vil føre til at enkelte gardar måtte bli kjøpt opp. For å illustrere korleis utfall dette kunne få for bøndene drog journalisten på ein historie om ei kvinne frå området.

”Kvinna driv ein gard åleine etter at mannen hennar døydde då ho var 30-40 år. Ho må jobbe ekstra hardt for å klare seg, men då ho endeleg klarar å stable seg og garden på beina igjen blir det jordskjelv rett under garden, og jorda slår sprekker og blir øydelagt. Kvinna, som blir skildra som spesielt sta, nektar å gi opp og klarar, mot alle odds, å byggje oppatt garden. Til slutt kjem Alcoa inn og vil legge garden hennar under vatn.”

Implisitt i historia låg det at kvinna måtte selje garden trass i hennar sterke ønske om å drive den vidare. Måten kvinna blei portrettert gjorde at ein fekk særleg sympati med ho, og eg vil hevde journalisten brukte denne narrativen for å vise til korleis gardar og gardsliv representerte ein livsstil som ikkje lett kunne erstattast med pengar.

Bonden; den ekte islendaren

Bøndene blei, som nemnd, også vist til av representantar i dei andre motstandsgruppene noko Gudmundur Beck sin deltaking på konferansen til Saving Iceland illustrerte:

”Eg er berre ein av fleire menneske som har måtte forlate heimjorda og fjorden min på grunn av dei blodige klora som øydela min vakre fjord. Eg er glad for å vere her med dykk i dag, Island skyldar dykk mykje. Dette er kampen for natur, slåssing for rettferd og betre liv for den neste generasjonen. Det er sollyset av håp. Håpet for at fleire menneske skal bli med i kampen mot øydelegging.”

Beck hadde levd heile livet sitt ved Reyðarfjörður, men garden og landet blei ekspropriert då smelteverket opna i 2007. Det var lett å kjenne sympati med mannen då trist gav uttrykk for at han var lei seg for utviklinga i landet. Før talen hadde han også fortalt meg korleis han no var ein ”flykting” og at *dei* hadde tatt fjorden hans frå han. Dette impliserar at garden hans hadde mykje meir enn ein enkel økonomisk verdi for han og kan samanliknas med det innbyggjarane i Sól á Suðurlandi sto ovanfor.

Også før konferansen, i februar 2007, hadde ei kvinne med tilknytning til Saving Iceland nemnt Beck for meg for å vise at også enkelte av bøndene; dei lokale islendarane var i mot industrioppbygginga. Kvinna påpeika at engasjementet frå folk på bygda/utsette områda gjorde motstandsrørsla meir ”ekte”. Under ”grasrot-møtet” på konferansen blei det også vist til dei lokale motstandsgruppene, korleis dei arbeidde og korleis desse også hadde hatt suksess. Sól í Straumi, blei det påpeika, hadde til dømes gjort at det blei stemt nei til forstørring av smelteverket i byen. Det

blei så poengtert kor viktig det var å få med lokale folk som Beck i kampen, og ein måtte freiste tilknytte seg fleire av dei lokale.

Inntrykket av at bonden hadde ein spesiell rolle blei også forsterka av at eg i samtale med ein representant frå den økonomisk retta motstandsorganisasjonen Framtíðarlandið, blei fortalt at han, som alternativ til det alienerande arbeid i aluminiumsindustrien, ynskja personleg å styrke fisken og bondelivet. Han var klar på at dette var basert på nasjonalromantisk oppfatningar. Trass i at dei fleste islendarar bur i Reykjavík og forstadene rundt, blir det nemleg ofte påpeika at det verkelege islandske finn ein på landsbygda. Dette kom også fram gjennom at ungane eg budde med, gjennom skulen, fleire gonger under mitt opphald på Island blei tekne med til landsbygda. Mora til gutane fortalt også at ho hadde alle sine røter på landsbygda og at ho sett pris på å reise tilbake til bygda av og til, sjølv om ho på andre måtar såg på seg sjølv som veldig urban. Ein nabo av meg, ei kvinne i 70 ára, snakka dessutan også fleire gonger om at eg måtte ut på landsbygda for å sjå det ho karakteriserte som det "ekte Island". Hastrup (1998) peikar på korleis mange islendarar har ein oppfatning av at det er på bygda ein finn det verkelege Island, fordi det urbane livet er korrumpert. Ho argumenterar også for at, sjølv om dei fleste islendarar lever i urbane strøk og mesteparten av inntekta til landet kjem frå fiske, er det jordbruk og bønder som blir nemnd når ein snakkar om dei "ekte islendarane" (Hastrup, 1998). Også Durrenberger (1996) argumenterar for at det gamle og rurale Island blir sett på som "godt" medan det urbane er "u-islandsk". Han påpeikar derimot at dette er i endring. Fleire i Reykjavík, argumenterer han for, ser no på landsbygda som ein byrd, spesielt på grunnlag av kostnaden av subsidieringa til gardane, og slik er bilete av den hellige landsbygda i ferd med å endras til den krevjande bonden. Fiskeri, kapital investering, håpet om ei rik framtid, nasjonal sjølvbestemming og lønnsarbeid er i ferd med å definere islandskheit i staden for bilete av bonden (Durrenberger, 1996).

Eg vil likevel hevde at naturvernarane hadde med seg denne ideen om den opphavlege ekte islandske bonden. Som Kalland og Sejersen (2005) argumenterar for

er kulturelle argument der kultur presenterar noko ekte, reint, autentisk og urørt av moderniteten eit viktig våpen i den globale politikken. På Island er det nettopp bøndene som var det mest tradisjonelle, og det å vise at nokre av dei var på same side i konflikten vil eg slik hevde blei brukt instrumentelt for å styrke gruppa sin legitimitet. Den opphavlege islendaren ville ta vare på islandsk natur og det å vise til at bøndene gjorde motstand vil eg slik hevde blei brukt som ein politisk strategi for å gjere deira kamp ”meir ekte” (jf. Escobar, 1997).

Altså var det ikkje i hovudsak bøndene som blei satt i opposisjon til motstanden. Dei blei heller sett på som opphavlege og dei som nyttar jorda riktig. No er heller ikkje bøndene det store trugsmålet mot naturen på Island. Det var i stor grad ubudde områder ein ynskjar å ta vare på og det var berre i liten grad bøndene nyttar seg av områder som var utsette.

Ein av naturvernarane snakka om korleis islendarar hadde mista deira tilknytninga til jorda, og at dei måtte freiste få denne tilbake. Dette hadde derimot skjedd nyleg på Island, fordi dei nettopp hadde basert seg så lenge på jordbruk og fiske. Etter talen til Beck påpeika Reverend Billy korleis han hadde snakka med sjel slik indianarane, Crazy Horse, snakka om jorda. Dette var, poengterte han, den ekte måten å snakke og tenke på. Ei historie fortalt av ein brasiliansk talar under Saving Iceland sin konferanse illustrerte nokre av dei same poenga.

”Ein fiskar sit og slappar av. Det kjem nokon folk frå eit multinasjonalt selskap og spør om han vil selje landet sitt til dei. Kvifor skal eg selje det? Spør fiskaren. Dei svarar at då kan han kjøpe seg ein ny båt og såleis fiske meir. Men kvifor skulle eg det? Spør så fiskaren. Dei svarar at då kan du kjøpe ein større båt. Men kvifor skulle eg det? Spør fiskaren igjen. Slik kan du kan slappe av, svarar dei. Då svarar fiskaren endeleg: men det er jo slik eg lever no.”

Denne historia blei godt mottatt på konferansen, og deltakarane nikka til kvarandre og såg ut til å vere einig i denne skildringa av fiskaren; fiskaren representerte menneske som ikkje brydde seg om pengar, og som var lykkeleg med å leve spartansk. Eit liknande poeng kom fram under samtalen med ein annan av mine informantar, ein kvinneleg kunstnar i 30 ára. Ho fortalte om ein nyleg tur til

Nicaragua der ho hadde sett korleis folk var glade og levde i harmoni trass i at dei var fattige og korleis dei hadde hengt opp blommar utanfor heimane sine. Dei er fornøgde med å leve slik og ser det beste i livet deira sjølv om dei ikkje har pengar.

Bøndene vil eg argumentere for, blei av fleire samanlikna med denne typen ”edel villmann”, sjølv om dei også blei gitt ein litt annan rolle gjennom dei nasjonalistiske ideane om den ekte islandske bonden. Gjennom å vise til bøndene, vil eg difor argumentere, ynskja aktørane i Saving Iceland også å vise til nokon som levde nærare naturen, eit meir ”ekte” liv som ikkje var korrumpert av pengar og modernitet. Bøndene var dei opphavlege islendarane som levde meir ”naturlege” enn dei andre som berre tenkte økonomisk eigeninteresse (jf. Davidson, 2007).

5. "Beauty is the enemy of development"

Andri Snær Magnason

Som eg har sett på var det blant aktivistane stor tiltru til at kunnskap ville endre verdiane og handlingane til opinionen og opplysning blei difor gjort mellom anna i alternative media ved å arrangere møter og protestar. I dette kapittelet vil eg drøfte korleis presentasjonar av villmark og estetisk landskap, "den vakre uspolerte naturen", blei brukt aktivt for å mobilisere gjennom å sjå på

1. ulike måtar naturvernarane brukte visuelle verkemiddel; film og fotografi, for å vise fram naturen og appellere til kjenslene, og korleis natursyn dette konseptualiserte
2. korleis arrangerte turar i naturen blei nytta for å vise fram områder og korleis dette viste til og også verka konstituerande for deltakarane sitt natursyn.

"Island er den siste skanse av sann villmark att i Vest-Europa"

(Saving Iceland, 2008d)

Det var stekt konsensus blant alle mine informantar, uansett organisasjon, at islandsk natur var spesiell. Ómar Ragnarson uttalte mellom anna at:

"ein má ta vare på islandsk natur; den unike blandinga av is og eld. Island sin natur stár til andre land sin natur som julemiddagen stár til andre middagar. Og ein vil ikkje gå glipp av julemiddagen!"

Dette vil eg hevde viste til oppfatninga blant dei fleste av mine informantar; også, og kanskje spesielt, dei utanlandske menneska i Saving Iceland. Tankane kom rettnok også fram under det lokale motstandsmøte til Sól á Suðurlandi. Då møtet var slutt ynskja dei to brødrane å ta meg og journalisten med på ein tur i miniflyet sitt. Slik ville eg kunne sjå kor vakkert området var med mine eine auge. Som Okely (2001) argumenterer kan dei "lokale" ha ein kjærleik til naturen som går utover dei opplevde

minna ein har fått gjennom alle sansane. Desse kan også, hevdar ho, vere påverka av tradisjonane som legg vekt på det visuelt vakre i naturen.

Ideen om at naturen er vakker og ein stad der ein kan finne rekreasjon og inspirasjon var tankar som byrja gjere seg gjeldande på 1800 talet. På slutten av 1800 talet byrja ein sjå verknadene av industri og urbanisering i England og det skjedde også ein endring i intellektuelle diskursen. No byrja naturvernørsla å sjå på naturen som det andre "uspolerte"; som noko sårbart (Macnaghten og Urry, 1998). Árnason (2005) argumenterer for at det var med nasjonalismørsla på 1800 talet menneska på Island blei opptatt av landskapet sin venleik. Då byrja besøkande på øya å sjå det vakre i naturen og dei islandske intellektuelle som studerte i København tok med idear som førte til nytt eit syn på menneske og naturen. Før dette var naturen sett på som alt anna enn vakker, men heller på som fienden; det stygge, vonde og skremmande. Árnason (2005) viser også til at islendarar ser på naturen som spesiell og på ein viktig måte annleis enn naturen andre stadar, og har ein sterkare tru på landskapet som nasjonalt symbol enn mange andre land.

Frykman og Löfgren (1979) drøftar korleis det i Sverige skjedde eit skifte frå produksjonslandskap til ein aukande distanse til naturen på grunn av industrialiseringa. Det vaks her fram eit engasjement for naturen der det blei lagt vekt på mystikken, og landskapet vart betrakta som villmark, og eit bilete. Kjærleik til naturen kom fram i fritida og var ein del av den kjensleladde intimsfæra (Frykman og Löfgren, 1979). Brydon (1996) hevdar derimot at den islandske forståinga av natur er spesiell. På den eine sida, seier ho, er naturen vakkert og det å vere i den ein måte å få spirituell fornying. Samtidig er det derimot noko tøft, farleg og noko som krevjar at ein relaterar seg rasjonelt og respektfullt til den (Brydon, 1996). Dette, seier M. Einarsson (1996) blei grunnlaget for ideologien om sjølvstende og nasjonal stoltheit i landet, og naturen har slik i stor grad blitt eit symbol med nasjonal tydnad.

"Gå ut, ta bilete og lær deg alle stadnamna, forstå plassane, og følg med på det som skjer!"

Andri Snær Magnason

Ved fleire høve blei eg derimot fortalt at regjeringa og Landsvirkjun ikkje anerkjente at dei utsette områda var vakre og at dei dessutan hadde freista skjule for folk kor vakkert det var på dei utsette områda. På internettsida til Saving Iceland er det også gitt att ein uttaling frå den tidlegare miljøvernministeren Siv Friðleifsdóttir: *"Kárahnjúkar!?! Det er jo berre grus og sand"*. Over uttalinga er det eit bilete av ei kvinne som ligg i eit hav av myrull i området (Saving Iceland, 2007). Dette viser ei heilt anna røynd enn "grus og sand" og illustrerar både kor feilaktig regjeringa sine oppfatningar, i følge Saving Iceland, var, og korleis desse bileta, i motsetning til kva Friðleifsdóttir sa, viste røynda slik den var for dei. Av Sigmundur, mannen i INCA, blei det derimot vist til regjeringa ikkje nødvendigvis laug når dei sa dette; dei visste berre ikkje betre. Også fleire hevda at mange islendarar aldri har vore på dei utsette områda og visste difor lite om dei. Ein utanlandsk naturvernar som arbeidde som turistguide på Island fortalte meg til dømes om ein gong han hadde ein samtale med det han karakteriserte som ein patriotisk islendar. Islendaren spurte kva han gjorde på hans øy og kvifor han engasjerte seg slik i å ta vare på naturen i høglandet. Mannen hadde aldri vore i høglandet. Turistguiden tok han difor med dit og etter turen, lo han, hadde islendaren vedkjent at han no godt forsto kvifor mannen var så engasjert. Implisitt i historia kom det fram at islendaren berre trengte å sjå områda for å forstå kor spesiell og unik dei faktisk var.

Å vise fram den vakre naturen var difor noko fleire av organisasjonane såg på som ein av dei viktigaste praksisane for å mobilisere og engasjere. Eg vil her diskutere korleis ideen om at den vakre naturen blei brukt av naturvernarane som ein måte å få mobilisert opinionen, og korleis desse diskursane også bidrog til å konstituere natursynet til naturvernarane.

Fotografi og film som representasjonar og retorikk

Eg vil her vist til korleis fotografi og film blir brukt aktiv av ulike aktørar i motstandskampen for å freiste engasjere opinionen, og korleis natursyn dette viser til.

Det var gjennom fotografimediet eg sjølv fatta den første interessa for naturvernsgruppene på Island. Ved eit tilfelle kom eg over internettsida til Saving Iceland og blei slått av dei vakre bileta av naturen som, i følgje sida, sto i fare for å forsvinne. Eit av bileta viste eit reinsdyr liggande daud med berre hovudet stikkande opp frå eit oversvømt området (Saving Iceland, 2008c). I samtale med ein av islendarane bak Saving Iceland blei eg fortalt at den største rekrutteringa til gruppa skjedde nettopp via den nemnte sida og det er difor grunn til å tru at det ikkje berre var eg som blei slått av dei vakre bileta.

Fokuset på fotografi kom også fram under mitt første møte med Saving Iceland på konserten dei arrangerte sumaren 2007. Då banda byrja spele kom det bilete av naturen opp på storskjerm bak dei spelande banda og minna besøkande stadig på grunnen til at dei var der. Her støtte eg også på ein av personane bak Saving Iceland som eg hadde hatt kontakt med på e-post tidlegare. Mannen, som var i 30 åra, understreka tydinga av bileta. Hadde ikkje dei vore der, sa han, hadde nok publikum gløymt kvifor dei var der.

Fotografi var dessutan eit verkemiddel brukt i motstandskampen på slutten av 1990 talet. På kontoret til Vinstrihreyfingin –grænt framboð politikaren hang som nemnd plakatar dei hadde brukt på arrangementet i kinoen i 1998. Plakatane var frå området i nord der flagga blei satt opp; det eine før det blei oversvømt og det andre etter. Det første bilete viste eit vakkert område, med sterke fargar og kontrastar og det andre bilete var grått, og viste øydelagt område. Kontrasten mellom dei to bileta var påfallande.

Viktigskapen av fotografi blei også understreka i eit intervju med kvinna som haldt på å lage dokumentarfilm om naturvern på Island. Ho fortalte korleis Saving Iceland/Íslandsvinir, under ein konsert i 2006, hadde vist banners på storskjerm

medan banda spela, og korleis dette hadde ført til at menneske kom engasjert og forbanna ut att frå konserten. Kvinna, som hadde tilknytning til både Saving Iceland, Íslandsvinir og Kaffi Hljómalind, fortalte vidare korleis ho også, i filmen hennar, ynskja bruke bilete frå høglandet heller enn å spele på tal- og faktaopplysningar. Med ein særlege fokus på det visuelle ville ho appellere til kjenslene og såleis mobilisere opinionen. Som Linstroth (2002) argumenterar for, kan det å vise fram, manipulere og konsumere bilete vere viktig verkemiddel for å kommunisere politisk meining og referere til kjenslene. Dette var slik eit diskursivt verkty naturvernarane brukte for å vise kor vakker naturen var og gjerne appellere til kjenslene.

Eg vil her sjå på kva desse fotografa fokuserte på og, gjennom å behandle fotografiet på lik linje som narrativane, lese noko om kva natursyn det konstituerte.

Villmarka

Forfattern og fotografen bak mange bøker om islandsk natur og også mannen bak mange av fotoa nytta av Saving Iceland, Guðmundur Páll Ólafsson har vore, som eg allereie har sett på, veldig viktig i den islandske miljødiskursen og er ein mann som nyter stor respekt frå andre eg snakka med. Denne mannen vaks opp nord på Island, er ein ivrig friluftslivmann og bur framleis på landet. Ein viktig komponent i bøkene han har gitt ut er fotografi av islandsk natur. Fleire påpeika også at dette var det sterkaste kortet han hadde i konflikten; det å ha den fotografiske kunnskapen til å vise at områda var vakre; foto var eit veldig sterkt medium.

Guðmundur Páll Ólafsson sin *Þjórsárver* (2007), om det utsette Þjórsárverområdet i sør, inneheld ei rekkje fotografi av området. Fleire stadar i boka er det bilete av områda der inngrepa allereie er gjort og dette er blitt satt i grell kontrast til flotte naturfotografi. Fotografia viser typisk til langstrakte landskap, uendelege sletter med aude fjell i horisonten og gjerne fokus på blomar i framgrunnen. Vinkelen på fotografiet, i tillegg til fargane får alltid fram det beste i landskapet og fotografia var oftast tatt i fint ver slik at kontrastane og fargane i landskapet kom fram på ein unik måte. Fordi fotografiet alltid skapt i eit visst augneblikk og viser tilbake til ein

spesiell tid (Okely, 2001) hadde vêret den dagen bilete blei tatt enorm innverknad på korleis landskapet sto fram.

Nokre av dei same aspekta vil eg hevde var lagt vekt på gjennom dokumentarfilmen til den islandske journalisten og naturvernaren Ómar Ragnarson vist under konferansen til Saving Iceland. Filmen viste mellom anna eit område i nord med vulkanar og krater og vidare til eit juv som sto i fare. Ned juvet flaug ein fugl. Bilde av eit øydelagt krater og Vatnajökull tok over og området blei skildra i veldige ordlag; blandinga mellom eld og is var heilt unik og hadde ingen parallell. Dramatisk/trist musikk akkompagnerte dei siste bileta frå naturen som markerte slutten på filmen. Songen hadde nasjonalistiske strofer som ”*the secret language, stoic mountains*” og snakkar om ulike områder på Island.

Reaksjonen blant deltakarane på konferansen lot ikkje vente på seg. Etter visninga av Ragnarson sin film kom Reverend Billy igjen fram med tårar i auga. Han oppfordra til å ta pause og eg observerte korleis mange av menneska i lokalet hadde tårer i auga. Eit ungt par blei sittande å halde rundt kvarandre etter dei andre reiste seg for å ta pause. Det er tydeleg at kombinasjonen av bileta og musikken hadde verka inn på dei unge menneska. Linstroth (2002) viser til korleis bruken av bilete eller video er gjort for ein spesiell grunn; som å kommunisere ein bodskap. Som Kertzel (1988) argumenterar for er det i klarleiken i symbola brukt i kommunikasjonen det som gjer det effektivt gjennom at det appellerar til kjenslene. Slik vil eg hevde fotografia/filmen endra før nøytrale landskap til plassar med signifikans for menneska og såleis blei fotografia/filmen brukt for å kommunisere kunnskap (jf. Cruikshank, 2005).

Burnett (2004) argumenterar for at det visuelle har blitt sett på som den primære sansen og at fotografi er ein forlenging av dette ynskje om å visualisere opplevingar. Fordi det visuelle har så stor makt hos menneska, seier Okely (2001), bør ikkje antropologar oversjå det. Fotografi kan også sette søkelyset på forskjellige aspekt avhenge av den som set opp bilete. Okely (2001) viser vidare til at me alltid tek med oss eit bestemt visuelt utgangspunkt når me ser. Dette kjem av våre tidlegare erfaring

og såleis vil korleis me oppfattar naturen bli påverka av til dømes kunst og visuelle bilete me har sett. Franklin (2006) viser til at fotografi av villmark ofte hevdar verke ”tom”, ubudd og uskyldig for menneskeleg innblanding. Villmarksfotografi kjem frå den europeiske estetiske tradisjon og dei ulike plassane, seier han, blir portrettert utan menneske for å skape ein kjensle av noko ekte, tidlaust og sakralt; ein ideal tilstand (ibit.). Måten fotografia og filmen blei representert og korleis det blei brukt retorisk vil eg hevde viste nettopp til ein verdi av naturen som villmark og visuelt vakker; sett frå eit usidesyn. Eg vil argumentere for at dette viste til oppfatningar som baserte seg på ein dualisme mellom naturen og menneske; naturen sto utanfor og kunne betraktast. Naturen hadde verdi og måtte vernast nettopp fordi den var vakker og skilt frå menneskeleg praksis.

Dette derimot, seier Franklin (2006), ligg berre i retorikken til fotografiet og han viser til at villmarksfotografi gir oss eit estetisk ynskje om å sjå den ekte villmarka og vere i den. Han hevdar også at sidan både fotografen og den som ser bileta faktisk er til stades er fotografiet fullt av historier som for det meste handlar like mykje om menneske som om det ikkje-menneskelege (ibid.).

Den vakre ”naturlege” naturen

”Eg treng ofte å reise til havet, berre for å vere ved sidan av det. Og eg elsker fjell. For meg er det å stige eit fjell veldig fornyande. Nokon gonger reiser eg tilbake til Island for å gjere det.”

Den islandske verdskjente artisten Björk til ”The Daily Telegraph” 23. februar 2002.

Det har, som eg såg på i kapittel to, blitt starta fleire reiseorganisasjonar for å vise fram islandsk natur til isendarar. Å ta med isendarar på turar i områda som står i fare i å bli øydelagt blir slik brukt som ein praksis for å freiste mobilisere opinionen. Journalisten som tok meg med på møte med Sól á Suðurlandi fortalte meg at ho i samarbeid med nokre andre hadde byrja arrangere turar for å vise fram dette området. Mellom anna hadde det blitt arrangert ein fire dagars tur på hest. Kvinna ynskja

dessutan også at eg skulle sjå området og tilbydde meg å låne bilen hennar for å sjå Uriðafoss, som sto i fare for å bli utbygd.

Det var derimot i høglandet i området nær Kárahnjúkarvirkjun eg var med på ein av desse turane. Eg delte opplevinga med 16 isendarar i 40-50 års alderen, 3 menn og resten kvinner. Guiden, Saga, var ei kvinne i 30 ára som vanlegvis jobba som yogalærer og turen hadde også innslag av dette. Kvinna hadde vore med på demonstrasjonane på slutten av 1990-talet og difor vore ein aktiv aktør i naturvernsmiljøet frå byrjinga av. I 1998 var ho mellom anna sentral i demonstrasjonane som følgde i kjølvatnet av Guðmundur Páll Ólafsson sin protest. Dei hadde til dømes vore med å hogga nasjonalsongen inn på ulike steinar i Eyjabakkarområdet, eitt ord på ein stein. Seinare, og rett ved området der me sette opp telta våre, låg ein stein med ordet ”og” att som ein konkret manifestasjon frå dei tidlegare protestane.

Reiseorganisasjonen hadde kvinna starta nettopp for å vise fram til isendarar flest dei områda som stod i fare for å bli tapt. For å vise til korleis turen blei brukt aktivt for å heve engasjementet og også korleis dette var ein måte å ”gjere” natur på og korleis dei viste og re/produserte natursynet til deltakarane, vil eg skildre dei fire dagane i høve til kva dei ulike hendingane viste til og oppretthaldt natursynet til informantane.

På bussturen til området der me starta turen fortalte Saga kva som var i ferd med å skje i området. Det blei utdelt flygarar; dei same eg allereie hadde fått utdelt på Saving Iceland arrangementet. Etter å ha køyrd ei god stund stoppa bussen i ein dal. Eg blei fortalt at me no skal gå oppover isbreelva Jökulsá í Fljótaldal for å sjå på fossane og stryka før elva blir lagt i røyr og 15 fossar ville forsvinne. Dette var ein del av Kárahnjúkarvirkjun og planen var at dette skulle gje straum til aluminiumsverket i Reyðarfjörður. Opphavleg skulle dette skje sumaren 2007, men det var på denne tida klart at planane kanskje blei utsett til neste sumar og at det eventuelt kunne bli aktuelt med enda ein tur opp langs isbreelva. Planen for den neste dagen var ein tur ut på våtmarksområdet Eyjabakkar, der me skulle freiste få auge på reinsdyr og kortnebbgåsa som la frå seg fjær i området. Dette våtmarksområdet blei

så vidt redda etter motstand hjå befolkninga i 1990 talet, før regjeringa flytta demninga litt lengre bort til Kárahnjúkar. Saga påpeika bekymra korleis den globale oppvarminga ville kunne føre til at isbreen Vatnajökull smeltar raskare og demninga kunne gå over sine breidder og såleis også leggje dette området under vatn. Kvinna knytt seg her opp mot det materielle; isbreen som ein aktør som responderar til omgivnaden (jf. Cruishank, 2005). Dei siste to dagane skulle me høvesvis gå opp på det nesten 2000 meter høge Snæfell der ein fekk god utsikt over området, og gå ned att til bussen langs elva Keldá for å sjå på fossar som vil forsvinne neste haust.

Me skulle sette opp telta ved foten av Snæfjell, ikkje langt frå Eyjabakkar.

Det var fleire grunnar til at menneska ynskje å vere med på turen. Turen var rett nok relativt dyr noko som kanskje førte med seg at berre dei spesielt interesserte var med. Ei uttalte at ho var med mest for å halde seg i form, medan eit fleirtal ynskja vere med fordi det var siste sjansen til å sjå fossar som for alltid ville gå tapt. Dei hadde høyrte om desse turane frå andre som hadde vore med tidlegare år, og reiseorganisasjonen hadde fått mykje skryt. Fleire av deltakarane kjente også guiden frå før og ei kvinne i 50 ára fortalte meg korleis ho hadde fått turen i bytte mot å overta nokre yogatimar for guiden då ho hadde vore på ein mykje omtala tur til New Mexico.

Dei aller fleste var også vande med å gå i fjellet og hadde ingen større problem med å gå 15-20 km kvar dag i ulent terreng. Ei kunstnardame eg snakka med og hennar mann fortalte at dei likte å gå i fjellet, men at dei ikkje var vande med overnattingsturar slik som denne. Ei anna kvinne kjente Saga frå før og hadde alltid likt å gå i fjellet, men fordi ho kjente Saga hadde ho byrja gå meir. Dei var også alle kledd i det eg mistenker for å vere dyre sportsklede der spesielt to av kvinnene såg ut til å ta dette med utstyr og stil alvorleg. Slik sett kan det argumenterast for at dei allereie før turen hadde med seg ein kjærleik til naturen og var vande med å turar i naturen.

Båe elvene me gjekk langs låg i dalar som førte opp mot det store høglandsområdet der den enorme Kárahnjúkarvirkjun var bygd. Isbreelvene var fulle med storslåtte

fossar og stryk og landskapet i dalane rundt var forunderleg tomt, med lite mangfald av blomar, tre og andre artar. Berre ein gong måtte me gå igjennom eit område med låge tre og det var tydleg at ingen var vante med skog.

Å "ta inn" naturen

Før me starta å gå den første dagen blei me oppfordra til å ta oss god tid, sjå, høyre, lukte og kjenne naturen. Slik ville ein kunne leggje merke til dei små tinga og implisitt kom det fram at det var sjølve turen som var målet, ikkje det å komme fram. Difor fekk alle gå i sitt eige tempo, og stoppe opp når dei sjølve ynskja. Før turen har eg blitt fortalt på telefon at det kunne vere lurt for meg å ta med meg ein "blomstrete kjole" på turen. Saga hadde fortalt korleis det å gå i kjole i høgfjellet var ein heilt spesiell og fri kjensle og det har blitt ein slags trend dei siste åra når dei har arrangert desse turane. Ho, og også fleire på turen, hadde difor fleire gonger skjørt eller kjole utanpå fjellbuksa medan dei gjekk.

På vegen oppover elva den første dagen stoppa me stadig opp ved fossane og Saga satt seg ned på huk nær stupet mot dei, la seg av og til ned, eller tok hendene opp mot fossane. Fleire i gruppa gjorde det same og hevda at dette var ein måte å "puste inn" fossen. Ved ein av dei største fossane la Saga seg ned i ei lita steinhylle og ei av deltakarane tok bilete av ho. Ho fortalte oss så namnet på fossane og ved ein ikkje-namngitt foss blei me bedt om å finne på eit namn sjølve og til å ta bilete av fossen. Som Tilley (1994) viser til skapar namn på ein fundamental måte landskap og er heilt naudsynt for å lage og oppretthalde deira identitet. Desse plassane vil eg argumenter fekk slik meining gjennom at det fysiske blei omforma til ein sosial opplevd ting og fanga av sosial diskurs. Det å namngi fossane var med på å gjere dei meir synleg for oss og gje dei identitet. Ein foss med eit eige namn var ein foss med ein større verdi. Ein av deltakarane på turen, ei kvinne som eg seinare for vite er kunstnar og kunstlærer for ungar, filma fossane i Jökulsá í Fljótsdal.

Ved turen innover i Eyjabakkur, våtmarksområdet, måtte me over eit stort området med sand og krysse nokre elver. Her blei oppfordra om å gå stille utan å snakke; slik

ville det vere større sjanse for å få auge på reinsdyr. Me såg ingen reinsdyr, men snart kom me inn i våtmarksområdet; eit flatt området med myrer og nokre små bakketoppar på sidene. Myrene var sterkt grønne og fulle med myrull som glinsa i solskinet. Deltakarane sa ingenting, men likevel var det tydeleg at alle var sterkt imponert over området. Alle tok bilete og smilte til kvarandre medan nokre sat seg ned på huk for å komme nærare naturen. Me gjekk så vidare og la oss ned på ein bakketopp for å freiste få auge på kornebbgåsa. Alle var stille og etter ei stund såg me ein flokk av gjessa i det fjerne. Då me kom ned att den fjerde dagen spurte Saga dei ulike deltakarane kva dei syns var det mest magiske øyeblikket på turen og kva dei blei mest rørt av. Fleire av deltakarane viste til akkurat denne opplevinga. Når ein var stille, blei det påpeika, hørte ein meir kva naturen sa; fuglane kvitra og vinden blåste, og det følte som å komme nærare naturen.

Då me var komme tilbake frå turen i våtmarka, samla me alle oss i ein ring. Saga starta med å tøyse og alle forsto intuitivt at det var tid for yoga. Dette var ein viktig del av turen, og me gjorde yoga alle morgonar og etter dei ulike dagsturane. Ved denne spesifikke yogaen heva alle hendene mot det mektige Snæfjell og sa i kor "takkar fjöllum". Me snudde oss så rundt og haldt hendene mot sola, himmelen og jorda i tur medan me takka. Her vil eg hevde naturen blei gitt ein eigen agens, og personifisert gjennom at me snakka til den. Fleire hadde tatt av seg skoa og sto barføtt i det grønne graset. Etter sesjonen utbraut ein av deltakarane: "yoga gjer meg ei fantastisk kjensle; det er som rus utan rusmiddel!". Eg vil argumentere for at innslaget av yoga var med å understreke fokusa på relasjonen mellom menneske og naturen. Som Okely (2001) snakkar om treng ikkje det å setje pris på naturen berre komme frå "looking"; eit utanfrå syn der berre det visuelle blir lagt vekt på, men kan også vere i samband med kjensler og subjektive oppfatningar (Okely, 2001). Under turen blei det lagt vekt på nettopp det å oppleve og ta inn landskapet med alle sansane, puste inn fossane, og kjenne naturen som ei levd oppleving. Me skulle "sjå" landskapet, ikkje berre "stire" på det, og vere integrert i landskapet med heile oss (jf, Okely). Dette vil eg hevde kom fram gjennom alle praksisane eg over har skildra; det å puste inn fossane, det å gjere yoga barføttes i det kalde graset, og det å gå stille innover våtmarksområdet og

høyre på landskapet. Det kom også fram i at me kunne drikke vatn direkte frå bekkar, og at me slik også ”drakk landskapet”. Det var slik ikkje berre det visuelle som verka på menneska, men ein samanheng mellom alle sansane; lukte, smake, kjenne, høyre og sjå naturen (Okely, 2001).

Før me byrja gå siste dagen snudde me oss mot Káranjúkarvirkjun og haldt hender og slapp og var stille i ei lang stund. Etterpå haldt me hender igjen. Små kvite nattsvermarar flaug rundt i området og summa, men elles var det heilt stille. Etter denne vesle protesten og etter å ha sett kraftverket sitt innhogg i det tomme landskapet var det sterke kjensler blant fleire av deltakarane. Eit par av kvinnene hadde tårar i auga og alle gjekk stille vidare. Som eg såg på i kapittel tre kan det å vere med i eit ritual i følge Kertzel (1988) nettopp føre til at kjensler blir vekt.

Naturen som meir ”ekte”

Som eg no har sett på var det viktig å bruke alle sansane på turen, og freiste vere i eitt med naturen. Ei kvinne eg snakka med tidlegare i felten snakka om korleis ein måtte ha nærleik og respekt til naturen, og leve i harmoni med den. Ho hadde sterke kjensler i skildringane av kva som skjedde i landet. Kvinna skildra korleis ho vantru og trist hadde sett Kárahjúkarområdet blitt oversymja og korleis dette hadde vore ei enormt sterk oppleving; ho hadde heilt til det siste trudd dei skulle klare å stoppe det. Rønnow (2001) argumenterar for at sjølv om dette er kva naturvernarar ofte erklærer, at dei er i eitt med naturen, er det derimot i realiteten slik at dei baserar seg på ein skarp dualisme mellom menneske og natur. Dette, vil eg hevde, kom mellom anna fram gjennom praksisen der me takka naturen under ein av yoga- sesjonane. Dette å takke naturen impliserar at me hadde fått ”lånt” den; me var på ein plass der me eigentleg ikkje hørte heime.

Under alle dei fire dagsturane stoppa Saga stadig opp for å vise oss blomar og fortelje namnet på dei. Dei andre deltakarane tok også opp denne trenden; ingen plukka opp blomane, men lat dei stå. På eit tidspunkt fann Saga nokre kvite blåkløkker. Deltakarane samla seg rundt dei og var forundra over dei spesielle blomane. Det at

ingen plukka blomar vil eg hevde også viste tilbake på at ein ide om å ikkje ville øydeleggje det naturlege.

Ei av kvinnene påpeika korleis naturen hadde verdi i seg sjølv og ikkje berre for menneske. Ho haldt så fram med å fortelje korleis ho likte å arbeide med ungar og deira kunstarbeid. Dette var noko meir ”ekte” enn kunstarbeidet til vaksne. I sitt arbeid hadde ho ein plan, fortalte ho, men ho måtte også vere fleksibel fordi ho arbeidde med ungar. Dette likte ho; ungane var ikkje avgrensa av dei same reglane som vaksne og var ikkje fullt ut sosialisert og tillærte; dei var meir ”naturlege”. Eg vil argumentere for at kvinna framstilte born som naturlege, autentiske og enda ikkje forureina av menneskeleg kultur. Ho drog fram akkurat dette, slik eg oppfatta det, for å illustrere korleis ho føretrekte det naturlege framfor det unaturlege. Rønnow (2001) snakkar om korleis naturvernarar grunnlegg seg på eit organiseringsprinsipp som nettopp er basert på eit skilje mellom den menneskelege sfære som unaturleg, urein og kunstig, og det mystifiserte og naturlege andre; den ville, reine, ekte og autentiske naturen. Witoszek (1998) hevdar at desse tankane kom etter 1800 talet der ein fekk ein religiøs søken etter noko ekte, og menneske som autentiske individ. Dette autentiske var natur i motsetning til sivilisasjon og kultur. Også dei ville dyra, her representert av kortnebbgåsa og reinsdyra, seier Rønnow (2001), er i ein heilt annen grad enn husdyra representantar for naturen som etisk og estetisk projeksjon. Desse ville dyra viste slik noko meir autentisk.

Ei kvinne, og god venninne av Saga, påpeika korleis Saga sin kjærleik til naturen var ”ekte” fordi ho la kjensle i det ho gjorde. Fleire snakka også om korleis dei, sidan dei ikkje hadde dusja på mange dagar, var skitne, men at dei eigentleg tykte det var godt. Dei sette dette i motsetning til det å vere rein og sivilisert og eg vil hevde det gav dei ei kjensle av rømme bort få kvardagen, bli meir ”naturlege” og komme tilbake til seg sjølv. Som Davidson (2007) viser til er dette tankar mange naturvernarar har; ein har dualistiske oppfatningar av natur og slik ein naiv romantisk ide om at villmark er avskilt frå menneske og byar.

Ved turen opp elva kunne me skimte delar av Kárahnjúkardemninga over fjellet på motsatt side av dalen. Små bekkar rann ned frå området, men øvst såg ein delar av kraftverket. ”Kvifor la dei ikkje bygningane lenger vekk...slik sett hadde me ikkje trengt å sjå på dei stygge bygga!” kommenterte ei av kvinnene og dei andre nikka vedkjennande. Rønnow (2001) hevdar at villmarka viser til eit sett kvalitetar som må vere i fred frå det artifisielle og unaturlege, elles blir den sjuk, urein og korrumpert. Naturvern, seier han, er ei moralsk rørsle som blant anna orienterar seg opp mot hatet til det artifisielle. Denne villmarka kom slik i motsetning til det unaturlege, menneskeleg verke, som her vart representert av innhogga i naturen gjennom Kárahnjúkardemninga. Innhogga vil eg, med Rønnow (2001), argumentere for at representerte ein blanding av kategoriar som førte til uorden, ureinskap og moralsk skyld.

Det var her ein fokus på naturen som villmark; den skulle vere naturleg og utan artifiselle inngrep. Også gjennom fotografi og film var det som eg har sett på fokus på naturen som vakker, og ei villmark som sto åleine; utan menneskeleg innverknad (Franklin, 2006). Sjølv konseptet villmark, seier Franklin (2006), identifiserar land utanfor menneske, som ein katedral, og det viser til ein statisk natur. Også Davidson (2007) argumenterar for at naturvernarar ofte blir kritisert for at dei opererar med nettopp ein slik dualistisk oppfatning, der naturen blir sett på som avskilt frå menneske og byar.

Ambivalente oppfatningar

Turisme var ofte sett på som eit positivt alternativ til tungindustri blant fleire av mine informantar. Saga påpeika derimot etter turen, sjølv om ho hadde starta denne reiseorganisasjonen nettopp for å vise fram naturen, at fordi våtmarka var litt hemmeleg og *hellig* følte det spesielt å vere i den. Ho ville dermed både vise fram naturen og ynskja at menneske skulle leve med den, men samtidig la ho større verdi i den nettopp fordi den faktisk var urørt, og noko hellig og hemmeleg. Også Franklin (2006) hevdar at villmark var funne opp for at menneske skulle nyte det, men at ein

likevel ville halde det separat frå menneska. Samtidig var det altså ein oppleving av å vere eitt med villmarka, men villmarka var likevel ein erfaring av det andre. Dette kom også fram under Saving Iceland sin konferanse, i eitt av poenga til Reverend Billy. Menneske er ein del av jorda, sa han, men me må likevel høyre på intelligensen i naturen og strippe ned til *ekte* natur.

Her har eg sett på ulike praksisar aktørane knytt seg mot for å vise fram islandsk natur. Gjennom å bruke fotografi og film som mobiliseringspraksis ynskja naturvernarane å vise fram naturen som noko vakkert sett frå eit utsidesyn; noko urørt. Eg vil hevde dette var basert på ein ide om at islandsk natur var vakker; kanskje enda vakrare enn naturen andre plassar. Dette kom mogleg fordi den, vil eg argumentere for, i større grad enn naturen andre plassar, faktisk var lite brukt av menneske. Det var ingen bygging utanom kraftverka i høglandet, og det var heller ikkje alle islendarar som hadde kjennskap til den.

Under turane i naturen, har eg så hevda, var det ein oppfatning av at naturen var vakker og ein ide om at naturen var meir ekte og naturleg enn menneske. Likevel var det altså ein fokus nettopp på det å handle i naturen; å freiste vere i eitt med den. Desse synspunkta kom også, som eg såg på i kapittel fire, fram i korleis bøndene blei gitt ein slags rolle som "edel" og "ekte" islendar som levde nærare naturen. Desse to ambivalente oppfatningane eksisterte slik saman i naturvernsrørsla og konkurrerte om å vere relevante (jf. Davidson, 2007). Dette vil eg hevde også viste til at naturvernarane, sjølv om dei meinte dei var i eitt med naturen, likevel var motivert av den hellige andre; naturen (jf. Milton, 2002).

6. Avslutning

I denne mastergradsoppgåva har eg diskutere motstanden utbygging av industri og kraftverk har fått på Island. Eg har fokusert på Islandske natur og slik den blei konstituert av naturvernarane gjennom ulike praksisar. Her har eg fylgt Latour (1987), Callon (2001) og Asdal (2004) i at diskurs er ein del av verda og at ein difor også må legge til grunn ein materialitet der det ikkje-menneskelege blir gitt agens. Eg har med grunnlag i dette ikkje berre sett på språket, men også på til dømes vitskaplege dokument, fotografi, film, dyr (kortnebbgåsa), sosial ulydnad og bøker verka konstituerande. Desse aktørane var brukt som diskursive verkty naturvernarane knytt seg opp mot i sin kamp for å engasjere opinionen (jf. Latour, 1987).

I kapittel ein og to har eg freista kaste lys over naturvernarane sine narrativar rundt regjeringa si utbygging av industri og korleis ei bestemt sak, Kárahjúkarsaka, førte til eit aukande naturvernengasjement mot tungindustri på Island. Narrativane la vekt på enkelte aktørar sine handlingar og innrulla både utanlandske aktivistar i Saving Iceland, aktørar frå dei islandske organisasjonane, som mellom anna Framtíðarlandið, Icelandic Nature Conservation Association, Augnablik, dei regionalt baserte Sól í Straumi og Sól á Suðurlandi, men også journalistar og politikarar i diskursen. Naturvern som praksis blei dessutan også vist gjennom ulike ikkje-menneskelege aktørar som demonstrasjonar, kortnebbgåsa, fotografi og dessutan boka til Magnason *Draumalandið*. Eg fann slik at naturvernsløsrsla mot tungindustri i landet er eit vidt nettverk mellom mange ulike aktørar i fleire organisasjonar og at prosessen der desse ulike mobiliseringspraksisane, måtane å ”gjere natur” på, viste til korleis naturvernarane rotfesta, konseptualiserte og også reproduiserte natursyn (jf. Davidson, 2007). Eg vil argumentere for at desse narrativane også konseptualiserte ulike aktørane som viktige i feltet. Desse viste slik til korleis aktørane sine handlingar fekk agens og kunne nytte. Narrativane la vidare vekt på korleis regjeringa og Landsvirkjun hadde bygd ut industrien utan å opplyse den islandske befolkninga om det. Her blei regjeringa konseptualisert som kortsynte og berre opptatt av økonomisk progresjon.

I denne samanheng såg eg også på korleis naturvernarane, spesielt aktørar i Saving Iceland, la vekt på opplysning i deira praksisar. Ved å opplyse befolkninga hadde dei ein tanke om at ein ville endre handlingar i forhold til naturen. Sidan naturvernarane hadde eit syn på at dette ikkje kunne bli gjort gjennom media, måtte dei ta sterkare kommunikative verkty i bruk. Gjennom skildringa av nokre av Saving Iceland sine demonstrasjonar har eg sett på korleis også desse konseptualiserte dei som ynskja byggje ut industri. I praksisane var det ein spesiell fokus på å portrettere fienden som skyld i all elende, og som grunnen til at me har miljøproblem. I narrativane som kom fram her blei det fokusert på korleis selskapa, Landsvirkjun og den islandske regjeringa berre var opptatt av pengar og økonomi. Desse førestillingane, har eg hevda, bidrog gjennom "otherness" (Said, 1978) også til å konstituere identiteten til naturvernarane sjølve. Eg har slik vist korleis naturvernarane gjennom å byggje opp felles opphavsnarrativ og gjennom ulike praksisar som demonstrasjonen på Kringlan, har skapt samhald mellom deltakarane, og ei kjensle av sjølv-viktigskap.

Eg gjekk så over til å vise korleis regjeringa sine planar om å ta vare på naturen kom fram gjennom ulike strategiar gitt ut av miljøvernsdepartementet. Her var det ein særleg fokus på at å utvikle tungindustri på Island, som, på grunnlag av landet sine store ressursar innan vassenergi og jordvarme, ville vere meir miljøvennleg på eit globalt plan enn tungindustri i andre land. Her knytt dei seg først og fremst til diskursane om klimaendring og berekraftig utvikling, og støtte seg mellom anna på Kyotoprotokollen for å legitimere sin industriutbygging.

I denne samanheng såg eg også på korleis naturvernarane brukte vitskap for å prove at regjeringa og dei multinasjonale selskapa tok feil; å leggje industrien på Island ville ikkje vere miljøvennleg. Vassenergi og jordvarme var ikkje fornybare energikjelder og aluminiumsindustrien ville dessutan sleppe ut masse drivhusgassar. Demningane ville i tillegg føre til at økosystem blei øydelagt. Her har eg argumentert for at naturvernarane viste til anna vitskap enn den regjeringa nytta. Dette viste så til korleis ulike aktørar vel seg ut den forskaren dei er einig med og framstiller denne vitskapen som noko "sant" (jf. Roll-Hansen, 1994).

I stor grad var det områder som ikkje var i bruk av menneske det var snakk om å byggje ut. Ynskje om å ta vare på områda vil eg difor argumentere for at i hovudsak gjekk ut på å bevare naturen for sin eigen del. Fordi naturvernarane snakka om at industri ville øydeleggje naturen vil eg hevde at praksisane til dei ulike naturvernsaktørane støtta myta om den skjøre naturen som lett kan øydeleggjast av overforbruk og forureining (jf. Kalland og Sejersen med Beyer Broch).

Likevel var bruk av naturen i form av jordbruk sett på som ein praksis som ikkje øydelagde naturen og ein favorisert måte å nytte naturen på. Dei meir regionale motstandsgruppene var difor aktørar som også var vist til av dei andre motstandsgruppene. Fordi bønder, vil eg argumentere for, blei, og delvis også framleis blir, referert til når ein snakkar om "det ekte islandske" samtidig som bygdefolket dessutan i stor grad har vore positive til industriutbygginga, refererte dei ulike naturvernarane stadig til dei miljøaktivistiske bøndene for å gi "kampen" ein sterkare kjensle av legitimitet. Samtidig som å fokusere på globale miljøproblem vil eg difor hevde at det også blant mange av naturvernarane låg ein romantisk tanke om "den edle islandske bonden" bak; bøndene var dei opphavlege islendarane.

Fokus på samhandling mellom menneske og ekte/autentisk natur har eg hevda også kom fram gjennom reiseorganisasjonen sine mobiliseringspraksisar. Desse gjekk ut på å oppleve naturen og handle i den med alle kjenslene; som ein einskap der skilje mellom menneske og natur skulle utviskas. Samtidig som å fokusere på samhandlinga mellom natur og menneske har eg hevda at dette også konstituerte ein natur som sto utanfor, og var meir "naturleg" enn det kulturelle menneske. Dette kom særleg fram gjennom måten det blei snakka om naturen, og korleis den blei satt i opposisjon til menneskeleg praksis. Her har eg også argumentert for at naturvernarane nytta seg av idear om "det vakre Island", der naturen var sett frå utsida. Dette blei også konseptualisert gjennom at aktørar som Guðmundur Páll Ólafsson og Ómar Ragnarson brukte fotografiske og filmatiske representasjonar av naturen som villmark; skilt frå menneskeleg praksis. Dette viste tilbake på ambivalente natursyn; der naturvernarane ynskja å vere i eitt med naturen når dei var

i den, var likevel villmarka sett på som noko eksternt; noko visuelt vakker ein ikkje måtte forstyrre med artifisielle inngrep, og som noko meir naturleg enn menneska (jf. Davidson, 2007).

Gjennom å ha sett på dei ulike praksisane aktørane knytt seg opp mot i sin kamp for å mobilisere, har eg vist til eit vell av ulike natursyn. Det var ein sterk konsensus om at ein trengte diversitet i motstanden, og som ein av mine informantar uttrykte det; ein måtte gjere ting på sin eigen måte for å engasjere mot utbygginga. Slik skjedde det protestar på fleire flankar og gjennom ulike media, og eg har sett på dette varierende vokabular av protestar (jf. Guha, 1997). Eg har såleis sett at miljøaktivistane skifta mellom å bruke ulike kunnskapssystem retorisk og nytta fleire ulike representasjonar av natur (jf. Escobar, 1997). Desse eksisterte både i individa og i den offisielle diskursive sfæren, og ofte overlappa desse dimensjonane og konkurrerte om å vere relevante.

Kalland og Sejersen med Beyer Broch (2005) hevdar at det har vore eit problem for miljøvernarar å sette så mange stemmer som mogleg saman til eit enkelt uttrykk i ein einskap som kan presentere saker på ein enkel måte. Davidson (2007) argumenterar derimot for at ein gjennom å freiste forstå samproduksjonen av sosiale og naturlege fenomen kan ein hjelpe naturvernarar å sjå deira egne interne motsetningar. Slik vil dei kunne oppnå større aksept i samfunnet.

Litteraturliste

- Alvarez, Sonia E. (1997): "Reweaving the Fabric of Collective Action: Social Movements and Challenges to "Actually Existing Democracy" in Brasil" i Richard G. Fox og Orin Starn (1997): *Between Resistance and Revolution- Cultural Politics and Social Protest*, s. 83-118, Rutgers University Press
- Archetti, Eduardo P. (1994): "Introduction", i Eduardo P. Archetti: *Exploring the Written. Anthropology and the Multiplicity of Writing*, s. 11-28, Scandinavian University Press
- Árnason, Þorvarður (2005): *Views of Nature and Environmental Concern in Iceland*, UniTryck, Linköping
- Asdal, Kristin (2004): *Politikkens teknologier: Produksjoner av regjerlig natur*, Unipub AS, Oslo
- Brydon, Anne (1996): "Whale – Siting: Spatiality in Icelandic Nationalism" i Gísli Pálsson og E. Paul Durrenberger (1996): *Images of Contemporary Iceland*, s. 25-46, University of Iowa Press
- Burnett, Ron (2004): *How Images Think*, The MIT Press
- Callon, Michel (2001): "Elementer i en oversettelsessosiologi: kamsjell, fiskere og forskere" i (Red) K. Asdal, B. Brenna, I. Moser. og K. Asdal (2001): *Teknovitenskaplige kulturer*, s. 91-124, Spartacus forlag

Cruikshank, Julie (2005): *Do Glaciers Listen?: Local Knowledge, Colonial*

Encounters, & Social Imagination, UBC Press

Davidson, Aidan (2007): "The trouble with nature: Ambivalence in the lives of urban

Australian Environmentalists" i *Geoforum*,

doi:10.1016/j.geoforum.2007.06.011

Durrenberger, E. Paul (1996): "Every Icelander a Special Case" i Gísli Pálsson og E.

Paul Durrenberger (1996): *Images of Contemporary Iceland*, s. 171-199,

University of Iowa Press

Einarsson, Magnús (1996): "The Wandering Semioticians: Tourism and the Image of

Modern Iceland" i Gísli Pálsson og E. Paul Durrenberger (1996): *Images of*

Contemporary Iceland, s. 215-237, University of Iowa Press

Einarsson, Níels (1993): "All animals are equal but some are cetaceans: conservation

and culture conflict" i Kay Milton (1993): *Environmentalism: The View from*

Anthropology, s. 73- 85, Routledge

Einarsson, Níels (1996): "A Sea of Images: Fishers, Whalers and Environmentalists"

i Gísli Pálsson og E. Paul Durrenberger (1996): *Images of Contemporary*

Iceland, s. 46-60, University of Iowa Press

Escobar, Arturo (1997): "Cultural Politics and Biological Diversity: State, Capital,

and Social Movements in the Pacific Coast of Colombia", i Richard G. Fox

og Orin Starn (1997): *Between Resistance and Revolution- Cultural Politics*

and Social Protest, Rutgers University Press

-
- Franklin, Adrian (2006): "The Humanity of Wilderness Photography?", i *Eco-humanities Corner*, Issue 38
- Frøystad, Kathinka (2003): "Forestillingen om det "ordentlige" feltarbeid og dets umulighet i Norge" i Marianne Rugkåsa & Kari Trædal Thorsen: *Nære steder, nye rom. Utfordringer i antropologiske studier i Norge*, s. 36-64, Gyldendal Norsk Forlag
- Ferguson, James, & Akhil Gupta (1997): "Ch. 1: Discipline and Practice: "The Field" as Site, Method, and Location in Anthropology" i (Red) Akhil Gupta & James Ferguson: *Anthropological Locations. Boundaries and Grounds of a Field Science*, s. 1-46, University of Chicago Press
- Garbett, G. Kingsley (1970): "The Analysis of Social Situations" i *Man. The Journal of the Royal Anthropological Institute* 5, s. 214-227, Royal Anthropological Institute
- Grove-White, Robin (1993): "Environmentalism: a new moral discourse for technological society" i Kay Milton (1993): *Environmentalism: The View from Anthropology*, s. 18- 30, Routledge
- Guha, Ramachandra (1997): "The Environmentalism of the Poor", i Richard G. Fox og Orin Starn (1997): *Between Resistance and Revolution- Cultural Politics and Social Protest*, s. 17-40, Rutgers University Press
- Haraway, Donna (1986): "Situerte kunnskaper: Vitenskapsspørsmålet i feminismen og det partielle perspektivets forrang" i Kristin Asdal, Brita Brenna, Ingunn

Moser, og Nina Refseth (1995): *En kyborg til forandring – nye politikker i moderne vitenskaper og teknologier*, s. 43-69, Fram Handel- og Kontorservice

Hastrup, Kirsten (1998): *A Place Apart: an anthropological study of the Icelandic world*, Clarendon, Oxford University Press

Howell, Signe (2001): ”Feltarbeid i vår egen bakgård. -noen refleksjoner rundt nyere tendenser i norsk antropologi” i *Norsk antropologisk tidsskrift*, s.16-24, Universitetsforlaget

Hundeide, Michael (2001): ”Ulvestrid i solnedgang: Om pressens innvirkning på meningsdannelse i rovdyrdebatten” i Arne Kalland og Tarjei Rønnow: *Miljøkonflikter: om bruk og vern av naturressurser*, 139-163, Unipub forlag

Ingold, Tim (2000): ”Ch. 11: The Temporality of the Landscape”, i *The Perception of the Environment. Essays in Livelihood, Dwelling and Skill*, s. 189-208, Routledge

Kalland, Arne (2001): ”Fiendebilder i hvalfangstdebatten” i Arne Kalland og Tarjei Rønnow: *Miljøkonflikter: om bruk og vern av naturressurser*, s. 183-201, Unipub forlag

Kalland, Arne og Tarjei Rønnow (2001): ”Innledning” i Arne Kalland og Tarjei Rønnow: *Miljøkonflikter: om bruk og vern av naturressurser*, s. 7-27, Unipub forlag

-
- Kalland, Arne og Frank Sejersen med bidrag av Harald Beyer Broch og Mats Ris
(2005): *Marine Mammals and Northern Cultures*, Canadian Circumpolar
Institute (CCI) Press
- Kertzer, David I. (1988): *Ritual, Politics, and Power*, Yale University Press
- Lacy, Terry G. (1998): *Ring of Seasons: Iceland - its Culture and History*, The
University of Michigan Press
- Latour, Bruno (1987): *Science in Action*, Harvard University Press
- Linstroth, J. P (2002): "The Basque Conflict Globally Speaking: Material Culture,
Media and Basque Identity in the Wider World" i *Oxford Development
Studies*, Routledge
- Frykman, Jonas og Orvar Löfgren (1979): *Det Kultiverte Mennesket*, Gleerups Förlag
- Macnaghten, Phil og John Urry (1998): *Contested Natures*, The Cromwell Press Ltd,
Trowbridge, Wiltshire, SAGE Publications Ltd
- Magnason, Andri Snær (2006): *Draumalandið: Sjálfshjálparbók handa hræddri
Þjóð, Mál og Menning*
- Milton, Kay (1993): "Introduction: Environmentalism and anthropology" i Kay
Milton (1993): *Environmentalism: The View from Anthropology*, s. 1-17,
Routledge
- Milton, Kay (2002): *Loving Nature: Towards an Ecology of Emotion*, Routledge

- Neumann, Iver B. (2001): *Mening, materialitet, makt: en innføring i diskursanalyse*, Fagbokforlaget
- Okely, Judith (2001): "Visualism and Landscape: Looking and Seeing in Normandy", i *Ethos vol 66: 1 s. 99-120*, Routledge Journals, ethnographical Museum of Sweden
- Ólafsson, Guðmundur Páll (2007): *Pjósárver*, Mál og Menning
- Pálsson, Gísli (1991): *Coastal economies, cultural accounts: Human ecology and Icelandic discourse*, Manchester University Press
- Pálsson, Gísli (2004): "Akvariets regime: natur og samfunn i postmoderne tid" i *Norsk Antropologisk Tidsskrift, nr 1-2 2004, 15. årgang*, Universitetsforlaget
- Peace, Adrian (1993): "Environmental protest, bureaucratic closure: the politics of discourse in rural Ireland" i Kay Milton (1993): *Environmentalism: The View from Anthropology*, s. 187-203, Routledge
- Prato, Giuliana B. (1993): "Political decision-making: environmentalism, ethics and popular participation in Italy" i Kay Milton (1993): *Environmentalism: The View from Anthropology*, s. 174-187, Routledge
- Roll-Hansen, Nils (1994): "Science, Politics, and the Mass Media: On Biased Communication of Environmental Issues" i *Science, Technology & Human Values. Journal of the Society for Social Studies of Science* 19 (3) s. 324-341, Sage Periodicals Press

-
- Rønnow, Tarjei (2001): "Kallet fra villmarken: Fisk og ufisk i norsk miljøverndebatt", i Arne Kalland og Tarjei Rønnow: *Miljøkonflikter: om bruk og vern av naturressurser*, Unipub forlag
- Said, Edward W. (1978): *Orientalismen; vestlige oppfatninger av orienten*, Cappelen
- Schechner, Richard (1993): *The Future of Ritual: Writings on Culture and Performance*, Routledge
- Sørli, Anne Margrethe (2001): "Rovdyr som metafor for staten?" i Arne Kalland og Tarjei Rønnow: *Miljøkonflikter: om bruk og vern av naturressurser*, s. 117-139, Unipub forlag
- Tilley, Christopher (1994): "Ch. 1: Space, Place, Landscape and Perception: Phenomenological Perspectives, i *A Phenomenology of Landscape. Places, Paths and Monuments*, s. 7-34, Berg Publishers
- Warren, Lynda M. (1993): "The precautionary principle: use with caution!" i Kay Milton (1993): *Environmentalism: The View from Anthropology*, s. 97-112, Routledge
- White, Jr., Lynn (1967): "The Historical Roots of Our Ecologic Crisis" i *Science* 155, s. 1203-1207, American Association for the Advancement of Science
- Witoszek, Nina (1998): *Norske naturmyter: Frå Edda til økofilosofi*, Pax Forlag A/S Oslo

Andre kjelder

Alcoa (2008): URL: <http://www.alcoa.com/global/en/home.asp> [lesedato: 06.03.2008]

Björk (2002): "The Daily Telegraph" 23.02.2002: URL: <http://this.is/nature/listamenn.html> [lesedato: 01.02.2008]

Finnsón, Árni (2005): "National Parks, Outdoor Life and Health: Nordic Conference, Hotel Skaftafell, Freysnes, Iceland, 5-7 Mat 2005" URL: <http://www.gih.se/upload/1808/TemaNord2006513.pdf> [lesedato: 20.02.2008]

Grapevine (2007): "Rebranding Iceland", Issue 4, 13 april-3 mai 2007

Icelandic Marketing Unit (MIL) (1995): "Lowest Energy Prices- in Europe for new contracts", den islandske regjeringa og kraftselskapet Landsvirkjun [brosjyre fått av informant]

INCA (2008): URL: <http://www.inca.is/> [lesedato: 02.02.2008]

Kalland, Arne (2007): "Nature: The Common Heritage of Mankind (CHM)?", i *Performing Nature at Worlds Ends*, URL: <http://www.sai.uio.no/performingNature/workshopSerie.html> [lesedato: 30.01.2008]

Kárahnjúkar (2008): URL:

<http://www.karahnjukar.is/EN/article.asp?catID=171&ArtId=491>

[lesedato:01.04.2008]

Kárahnjúkar (2008b): URL:

<http://www.karahnjukar.is/EN/article.asp?catID=371&ArtId=822>

[lesedato: 01.04.2008]

Kárahnjúkar (2008c): URL: http://www.karahnjukar.is/files/2003_1_3_pollsnew.pdf

[lesedato:01.04.2008]

Landsvirkjun (2008): URL: <http://www.landsvirkjun.com/EN/> [lesedato: 09.12.2007]

Landsvirkjun (2008a): URL:

<http://www.landsvirkjun.com/EN/category.asp?catID=465> [lesedato:

01.02.2008]

Miljøvernsdepartementet på Island (2002):“Welfare for the future: Iceland’s National Strategy for Sustainable Development 2002-2020” URL:

http://eng.umhverfisraduneyti.is/media/PDF_skrar/Sjalfbar_roun_enska.pdf

[lesedato: 15.02.2008]

Miljøvernsdepartementet på Island (2006a):“Iceland’s fourth National

Communication on Climate Change: Under the United Nation Framework Convention on Climate Change” og “Iceland’s Report on Demonstrable

Progress: Under the Kyoto Protocol” URL:

http://www.umhverfisraduneyti.is/media/PDF_skrar/Iceland's_Fourth_Nation

[al Communication and Report on Demonstrable Progress.pdf](#) [lesedato:

13.02.2008]

Miljøvernsdepartementet på Island (2006b): "Welfare for the future: Framework for Sustainable Development in Icelandic Society: Priorities 2007-2009" URL:

http://eng.umhverfisraduneyti.is/media/PDF_skrar/080224VelferdtilFramtidsark2006-2009EnskaEndanleg.pdf [lesedato: 15.04.2008]

Miljøvernsdepartementet på Island (2007): "Iceland's Climate Change Strategy"

URL:

http://eng.umhverfisraduneyti.is/media/PDF_skrar/Stefnumorkun_i_loftslagsmalum_enlokagerd.pdf [lesedato: 12.02.2008]

Nordural (2008): URL:

http://www.nordural.is/default.asp?sid_id=1883&tre_rod=002|001|&tId=1

[lesedato: 03.04.2008]

Ramsar (2008): "The Convention on Wetlands": URL: <http://www.ramsar.org/>

[lesedato: 12.04.2008]

Saving Iceland (2008): URL: <http://www.savingiceland.org/> [lesedato: 12.01.2008]

Saving Iceland (2008a): URL: <http://www.savingiceland.org/node/426> [lesedato:

14.01.2008]

Saving Iceland (2008b): URL: <http://www.savingiceland.org/node/364> [lesedato:

15.01.2008]

Saving Iceland (2008c): URL: <http://www.savingiceland.org/node/587> [lesedato: 20.01.2008]

Saving Iceland (2008d): URL: <http://www.savingiceland.org/sos> [lesedato: 13.03.2008]

Saving Iceland (2008e): URL: <http://www.savingiceland.org/node/1174t> [lesedato: 12.05.2008]

Saving Iceland (2008f): URL: <http://www.savingiceland.org/camp2008> [lesedato: 12.05.2008]

Stelzer, Andrew (2007): "A dark night in Iceland" i *In these Times* URL: <http://www.inthesetimes.com/article/2975/> [lesedato: 13.11.2007]

Swan, Jon (2004): "The Icelandic Rift Industry versus natural splendor in a "progressive" nation", i *Orion Magazine* URL: <http://www.savingiceland.org/node/227> [lesedato: 10.10.2007]

Vinstrihreyfingin - grænt framboð (2008): URL: <http://www.vg.is/tungumal/english/> [lesedato: 13.04.2008]

Ween, Gro, Simone Abram, Marianne Lien og Anne Katrine Norbye (2007): "Performing nature at the 'world's end'; A comparative study of the cultures and politics of nature in Norway and Australia", <http://www.sai.uio.no/performingNature/workshopSerie.html> [lesedato: 12.03.2008]

